

Åshild Søfteland

**Setningar som argument
i norrønt og moderne norsk**



Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Universitetet i Oslo

Hausten 2007

Forord

Tusen takk til Jan Terje Faarlund for veldig god rettleiing. Eg har blitt så uendeleg mykje klokare langs den vegen du har vist meg.

Takk til Ingunn og Anders og alle på Tekstlaben for at livet på Blindern har vore så utruleg bra både fagleg og sosialt dei siste åra.

Takk til Thomas for at du har venta trufast og halde ut med at eg har vore fråverande så lenge.

Tusen takk til Karine for oppmuntrande og utviklande faglege og sosiale diskusjonar i alle år. Og kaffe.. Dette hadde ikkje gått så bra utan deg. Du er den beste!

Blindern, november 2007

Åshild Søfteland

1. Innleiing	9
2. Teoretisk bakgrunn	11
2.1 Generativ grammatikk.....	11
2.1.1 Generativ språkteori	11
2.1.2 Generativ syntaks	12
2.2 Grunnleggande analyseval	14
2.2.1 AgrP.....	14
2.2.2 Hjelpeverb og hovudverb	16
2.2.3 Adverbiale ledd	17
2.2.4 Indirekte objekt.....	19
2.2.5 Passiv og inakkusativ.....	20
2.2.6 Ekstraposisjon.....	21
2.2.7 Objektframflytting og stilistisk framflytting.....	23
2.2.8 Topikalisering / spesifikator CP	26
2.3 Definisjon av <i>setning</i>	26
2.3.1 Finitte leddsetningar	27
2.3.2 Infinitte leddsetningar.....	28
2.3.3 Spørjesetningar	30
2.3.4 Leddsetningar som komplement i andre frasar	32
2.3.5 Småsetningar / akkusativ med infinitiv	35
2.4 Definisjon av <i>argument</i>	36
2.4.1 Subjekt.....	38
2.4.2 Objekt	39
2.4.3 Predikativ.....	40
2.5 Historisk syntaks	42

3. Leddsetningar som subjekt i norrønt..... 45

3.1 Leddsetningar som subjekt – utan determinativ..... 45

3.1.1 Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen..... 45

3.1.2 Finitte leddsetningar som subjekt 48

3.1.3 Infinitte leddsetningar som subjekt..... 49

3.1.4 Spørjesetningar som subjekt..... 50

3.1.5 Passivsetningar 50

3.1.6 *Koma* 52

3.1.7 *Pykkja* og andre verb som tar 'opplevar' i dativ 53

3.2 Leddsetningar som subjekt – med determinativ..... 55

3.2.1 Plassering av ledda i overflatestrukturen 55

3.2.2 Finitte leddsetningar med determinativ som subjekt 57

3.2.3 Infinitte leddsetningar med determinativ som subjekt..... 59

3.2.4 Spørjesetningar med determinativ som subjekt..... 60

3.2.5 Passivsetningar 60

3.2.6 *Koma* og andre verb som er inakkusative i moderne norsk 61

3.2.7 *Pykkja* og andre verb som tar 'opplevar' i dativ 62

3.2.8 Andre bøyingsformer enn *þat*..... 64

3.2.9 Andre determinativ enn *þat* 66

3.2.10 *At segja*-konstruksjonar / objektsløfting 71

3.3 Leddsetningar som utfylling til substantiv 76

3.4 Konklusjon: leddsetningar som subjekt i norrønt 78

4. Leddsetningar som objekt i norrønt..... 81

4.1 Leddsetningar som objekt – utan determinativ 81

4.1.1 Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen..... 81

4.1.2 Finitte leddsetningar som objekt..... 83

4.1.3	Infinite leddsetningar som objekt	86
4.1.4	Spørjesetningar som objekt	88
4.1.5	Flytting forbi <i>at</i> i infinite leddsetningar.....	90
4.1.6	<i>Vilja</i> og <i>kunna</i>	92
4.1.7	<i>Taka</i>	93
4.2	Leddsetningar som objekt – med determinativ	95
4.2.1	Plassering av ledda i overflatestrukturen	95
4.2.2	Finite leddsetning med determinativ som direkte objekt.....	101
4.2.3	Infinite leddsetning med determinativ som direkte objekt	106
4.2.4	Spørjesetning med determinativ som direkte objekt.....	106
4.2.5	Leddsetning med determinativ som dativ- og genitivsobjekt	107
4.2.6	Andre determinativ enn <i>þat</i>	110
4.3	Leddsetningar som utfylling til substantiv	113
4.3.1	Plassering av ledda i overflatestrukturen	113
4.3.2	Finite leddsetning som utfylling til substantiv	115
4.3.3	Infinite leddsetning som utfylling til substantiv	119
4.3.4	Spørjesetning som utfylling til substantiv	120
4.4	Konklusjon: leddsetningar som objekt i norrønt.....	121
5.	Samanlikning med moderne norsk	123
5.1	Setningar som subjekt – utan determinativ	123
5.1.1	Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen.....	124
5.1.2	Passivsetningar	127
5.1.3	Inakkusative verb.....	130
5.1.4	Verb som tok 'opplevar' i dativ i norrønt	131
5.2	Setningar som subjekt – med determinativ	133
5.2.1	Plassering av ledda i overflatestrukturen	133
5.2.2	Ekstraposisjon og dislokasjon.....	136

5.2.3 Trykk og ambiguitet	139
5.2.4 Objektsløfting	139
5.2.5 Andre ord og andre bøyingsformer enn <i>det</i>	140
5.2.6 Leddsetning som utfylling til substantiv	143
5.3 Formelt subjekt.....	143
5.3.1 Ekspletivt tema og ekspletivt subjekt	143
5.3.2 Syntaktisk analyse av formelt subjekt i norsk.....	146
5.3.3 Diakront perspektiv	151
5.3.4 Passivsetningar	153
5.3.5 Inakkusativ: presenteringssetningar.....	156
5.4 Setningar som objekt – utan determinativ.....	159
5.4.1 Plassering av ledd i overflatestrukturen.....	160
5.4.2 Leddsetningar som objekt.....	163
5.4.3 <i>Ville</i> og <i>kunne</i>	164
5.4.4 <i>Ta</i>	167
5.5 Setningar som objekt – med determinativ.....	168
5.5.1 Plassering av ledd i overflatestrukturen.....	170
5.5.2 Objektframflytting	171
5.5.3 Formelt objekt	174
5.5.4 Dislokerte frasar som står saman i synleg syntaks.....	176
5.5.5 Andre ord og andre bøyingsformer enn <i>det</i>	177
5.5.6 Leddsetning som utfylling til substantiv.....	179
5.5.7 Oppsummering	180
5.6 Konklusjon: Kva er endra i moderne norsk?.....	181
6. Avslutning.....	185
Referanseliste	187

1. Innleiing

Temaet for denne oppgåva er korleis leddsetningar kan fungere som subjekt og objekt, både i norrønt og i moderne norsk. Mykje er likt i desse to stadia, og det viser at språk har allmenngyldige trekk som er til stades uavhengig av språktype, uavhengig av om språket har rik bøyingsmorfologi eller strengare syntaks. Men mykje er også endra, og desse endringane har i fleire tilfelle påverka sterkt at nye syntaktiske forhold har blitt utvikla i norsk.

Andre hovudtema undervegs er mellom anna topikalisering og ekstraponering, krav til god informasjonsstruktur, diskontinuerlege frasar, objektframflytting og utviklinga av formelt subjekt.

Norsk refererer her til moderne norsk av i dag, i stor grad basert på eiga språkkjensle, men også nokre grunnbøker i norsk syntaks og Referansegrammatikken (NRG). *Norrønt* refererer i utgangspunktet til ein lengre tidsperiode (ca. 750-1350), men det er også meininga å ha eit nokså synkront blick på korleis språket var i Norge og på Island på denne tida. Det finst naturleg nok ingen morsmålsbrukarar å spørje, så analysane av norrønt er basert på tekst. Men dersom eit grammatisk forhold heilt klart finst i moderne norsk, og det ikkje ser ut til å finnast døme på dette i det skriftlege materialet, er det god grunn til å tru at det heller ikkje fanst i det levande, munnlege språket. Elles har eg henta utfyllande informasjon frå Heggstad, Hødnebø og Simensens *Norrøn ordbok*, Haugens *Grunnbok i norrønt språk*, og spesielt Faarlunds *The Syntax of Old Norse*.

Hovudteksten eg baser dei norrøne analysane på, er side 310-420 i *Olav den heilages saga* (Finnur Jónsson). Elles har eg også lese s. 38-73 i *Gamal norsk homilieboek* (Gustav Indrebø), for å få innblikk i ein annan teksttype, og ikkje minst ein tekst som sannsynlegvis er gammal-norsk. Dessutan har eg gjort ein del søk i *Diplomatarium Norvegicum*. Norrøne døme blir noterte med små bokstavar og lite teiknsetting. Døma frå *Homilieboka* og *Diplomatarium Norvegicum* er lett normaliserte. Til alle døma referer eg oftast med sidetal og linjenummer. Av ulike årsaker hentar eg også av og til døme frå bøker og artiklar om norrønt språk. Her blir det gjerne referert med bare sidetal, eller også med det nummeret dømet har i den aktuelle teksten. Ei liste over korleis dette er for dei ulike bøkene, står til slutt i dette innleiingskapitlet.

Til grunn for analysane vil eg legge generativ syntaktisk teori. Teoribøkene eg har som grunnlag er *Norsk generativ syntaks* (Åfarli og Eide 2003), *Svenskans inre grammatik* (Platzack 1998), *Revolusjon i lingvistikken* (Faarlund 2005) og *The Syntax of Old Norse* (Faarlund 2004). Mange tema i denne oppgåva bør vere interessante også for ikkje-generativistar, så starten av teorikapitlet vil gi ein nokså elementær introduksjon til grunntankane og grunnstrukturane eg bygger dei meir avanserte analysane på.

Oppgåva har fire hovuddelar. Kapittel 2 skisserer det teoretiske grunnlaget, både generelt og meir spesielt, og definerer dei fleste fagtermane eg brukar undervegs. Kapittel 3 viser korleis leddsetningar kan fungere som subjekt i norrønt, og kapittel 4 gjer det same for objekt. I desse kapitla vil det vere mykje vekt på å skildre forholda i norrønt, med mange døme og mange syntaktiske trestrukturar. Kapittel 5 samanliknar funna i 3 og 4 med moderne norsk. Her vil hovudfokuset vere på endringar, på å vise korleis leddsetningar oppfører seg annleis i dag, og på korleis desse endringane plasserer seg i den norske språkhistoria generelt.

Til slutt vil kapittel 6 gi ei kort oppsummerande avslutning.

Kjelder

Hkr s/l = *Heimskringla II – Óláfs saga ins helga*, sidetal/linjenummer

Hom s/l = *Gamal norsk homilieboek*, sidetal/linjenummer

DN b-b = *Diplomatarium Norvegicum*, bindnummer/brevnummer

SON s/e = *The Syntax of Old Norse*, sidetal/eksempelnummer

GNS s = *Grunnbok i norrønt språk*, sidetal

SC s/e = *Syntactic Change*, sidetal/eksempelnummer

NRG s = *Norsk referansegrammatikk*, sidetal

NoTa n = *Norsk talespråkskorpus, Oslodelen*, informantnummer

2. Teoretisk bakgrunn

I dette kapitlet skal eg skissere det teoretiske grunnlaget for oppgåva. Fyrst vil eg kort skildre generativ språk teori generelt og deretter korleis ein i denne teorien tenker seg at syntaktiske strukturar er bygd opp. Vidare går eg gjennom ein del andre generelle analyseval som må takast før ein kan ta fatt på problemstillingane i denne oppgåva. Så kjem to kapittel der eg definerer hovudtermene i oppgåva, *setning* og *argument*. Det siste delkapitlet forklarar kva som ligg i å studere språkutvikling, og legg fram nokre grunntankar om det å analysere og forklare endringar i syntaks.

2.1 Generativ grammatikk

2.1.1 Generativ språk teori

For å analysere setningane i oppgåva brukar eg ein variant av generativ syntaktisk analyse. Den generelle teorien som ligg til grunn for denne syntaktiske analysen, er den klassiske generative språk teorien basert på tanken om at alle menneske er fødte med ein generell universalgrammatikk som gjer det muleg for oss å lære språk. Denne fungerer som basis for språkutviklinga hos barn, der morsmålskompetansen gradvis blir større, påverka av det eller dei språka eit barn hører rundt seg. Det er under språkkinnlæringa til barn i kvar generasjon at det meste av språkending vil skje.


I generativ språk teori tenker ein seg også at språket til eit menneske eksisterer på både eit internt nivå (I) og eit eksternt nivå (E). Éi side av språket er at det finst som ein kompetanse i hovudet og tankane til kvar person i eit språksamfunn – kvart menneske har sitt eige, unike I-språk. Dette *interne* språket ligg til grunn for alle ytringar eit menneske uttalar, alt språk det produserer *eksternt*. Summen av alle dei eksterne språka til menneska i eit språksamfunn, gir det som normalt blir omtalt som språket dei snakkar i dette samfunnet.

Også på det reint syntaktiske planet tenker ein seg to nivå, ein *djupstruktur* (som eg oftast vil kalle *basestrukturen*), og ein *overflatestruktur*. Ledda i ei setning blir genererte med éin djupstruktur, men før setninga blir uttrykt, vil mange ledd av ulike årsaker flytte til andre plassar i strukturen, slik at ledda i setninga gjerne har ei anna plassering når dei blir uttalt, overflatestrukturen. Tankar om flytting og synet på djupstrukturen og endringane som skjer

med denne før realiseringspunktet for setninga, har endra seg mykje gjennom den generative historia frå transformasjonsgrammatikk til minimalisme. Strukturane og flyttingane eg legg til grunn følgjer ikkje minimalismen, men ligg ein stad rett før dette – slik det er for mange andre som arbeider med nordisk syntaks.

2.1.2 Generativ syntaks


Grunneininga i generativ syntaks er X-bar-strukturen. Alle frasar er bygd opp etter denne binære strukturen. Alle frasar har ein kjerne, og alle kjerner (X) projiserer ut til ein frase XP, med eit mellomnivå X' (X-bar):




ZP er ein frase som er *spesifikator* til X; ZP står i [spes XP]. YP er ein frase som er *komplement* til X; YP står i [komp XP]. Kjernen i ein projeksjon er obligatorisk – X må vere fylt med eit ledd – medan spesifikator og komplement kan vere utelatne.

Ledd kan også bli *adjungerte* inn i ein frase, ved at ein knute blir fordobla eller kopierte.

Venstreadjungering gir ein ekstra plass på venstre side av strukturen, og *høgreadjungering* gir ein ekstra plass på høgre side av strukturen:




Utgangspunktet for generativ *setningsanalyse* er gjerne ein CP–TP–VP-struktur som denne:



Verbet *kjøpe* blir generert i V, og flyttar til T for å få tempus. *Kjøpe* deler ut to roller: Det *eksterne* argumentet blir generert på spesifikatorplassen til verbet, men flyttar til [spes TP] for å få kasus. Det *interne* argumentet blir generert på komplementplassen til verbet, får kasus der, og blir oftast ståande. I utsegnsetningar flyttar det finitte verbet til C, og subjektet blir gjerne *topikalisert* – flytta til [spes CP] fyrst i setninga. I leiddsetningar innleide med subjunksjon står subjunksjonen i C, verbet stoppar i T, og subjektet stoppar i [spes TP].

Det er vanleg å rekne determinativ som kjerne i ein eigen frase DP (*Determinative Phrase*). Komplementet i determinativfrasar er gjerne nominalfrasar, men det kan også vere setningar:



Til slutt i dette delkapitlet vil eg kort kommentere *flytting* og *spor* og nokre andre omgrep frå generativ syntaktisk teori som eg nyttar seinare i oppgåva.

Flytting er eit sentralt omgrep i generativ syntaks, men for alle konstituentar finst det strenge reglar for når og kor flyttinga kan skje. Flytting skal bare skje dersom det er nødvendig. Til dømes må leksikalske ord gjerne flytte til ein funksjonell projeksjon for å få bøyingsstrekk, konkrete og/eller abstrakte. Andre gonger må flytting skje fordi det er krav om at ein bestemt posisjon må vere fylt med innhald. I tillegg skal ledd alltid flyttast så kort som muleg, til nærmaste relevante posisjon, og eit flytta ledd må alltid kunne binde sporet sitt.

Kjernekategoriær kan bare flytte til andre kjernekategoriær. Heile frasar kan bare flytte til spesifikatorposisjonar, og frasar som er argument, kan bare flytte til argumentposisjonar. Det er spesifikator- og komplementplassane til leksikalske kategoriær, gjerne kalla *A-posisjonar*. A-posisjonar er reservert for argumenta i ei setning. Posisjonar som ikkje er A-posisjonar kallast *A-bar-posisjonar*. Dette er til dømes adverbiale, adjungerte posisjonar.

”I A-bar-positionerna står både satsdelar som är argument och satsdelar som på olika sätt modifierar satsen (...); A-bar-positionerna används också för att uttrycka pragmatiska ock informationsstrukturella betydelser” (Platzack 1998:87).

[Spes CP] er den viktigaste A-bar-posisjonen. Alle typar ledd kan flytte hit, og ingen ledd kan flytte ut av ei setning viss det ikkje kan innom [spes CP] på vegen. Om det er muleg å flytte *ein del* av eit ledd ut av eit ledd, kjem også an på om leddet står i ein A-posisjon eller ikkje.


Som nemnt må eit flytta ledd alltid binde sporet sitt. Platzack samanliknar spor med *PRO* og *pro*, fordi også spor er usynlege og stør seg på og refererer til ein antesedent. ”Spøren anvends för att markera at ett led finst representerat på flera platser i strukturen samtidig, även om det bara materialiseras på en av dessa platser” (Platzack 1998:210).

2.2 Grunnleggande analyseval


I dette kapitlet vil eg vise dei grunnleggande syntaktiske trestrukturane eg nyttar for litt meir komplekse syntaktiske konstruksjonar. Seinare i oppgåva vil eg bare kommentere strukturane spesielt dersom dei aktuelle døma ikkje passar med desse mønstera.

2.2.1 AgrP

I norrønt og islandsk blir finitte verb samsvarsbøygde med subjektet i person og tal. Det er vanleg å rekne med at verbet får eit slikt bøyingstrekk frå ein funksjonell projeksjon AgrP (*Agreement Phrase*). (Sjå Holmberg & Platzack 1995 og Åfarli&Eide 2003:147ff). AgrP står over TP i treet, basert på ein tanke om at rekkefølga på bøyingsendingane reflekterer hierarkiet i strukturen (*Baker's Mirror Principle*). I eit norrønt verb som *kastaði* kjem fyrst stamma av verbet, *kasta-*, så kjem preteritumsendinga, *-ð-*, og til slutt tredjeperson eintal-suffikset *-i*. Stamma blir generert i V, nedst, så kjem tempusbøyinga til i T over dette, og til sist blir person og tal lagt på i Agr øvst:



Eg tek utgangspunkt i ein slik analysemodell for dei norrøne setningane i denne oppgåva. Eg ønskjer også å legge denne strukturen til grunn for norske setningar, blant anna for å lettare kunne samanlikne det eldre språket med det moderne. Faarlund nyttar Agr-projeksjon for moderne norsk i "Revolusjon i lingvistikken" (Faarlund 2005:94ff), og får med dette blant anna vist korleis norske SA kan ha ulik plassering i hovudsetningar og leddsetningar:



Verbet må altså ikkje flytte til Agr i moderne norsk, men subjektet må flytte til AgrP, og dette har sannsynlegvis samanheng med det generelle subjektskravet i norsk:

”Det er ikkje heilt klart kvifor subjektet flyttar til AGRP i staden for å bli ståande i TP. Ei forklaring kan vera at det har samanheng med det obligatoriske subjektskravet i norsk. Dette kan tolkast som eit krav om fylt spesifikatorposisjon i AGRP.” (Faarlund 2005:95)


Ifølgje Áfarli og Eide må det ikkje nødvendigvis stå eit subjekt i nominativ i [spes AgrP] i islandsk, fordi den funksjonelle kjernen Agr kan ta imot nominativ kasus (2003:152). Islandsk har heller ikkje eit absolutt subjektskrav. Men det har subjekt–verb-kongruens, så her må alle verb flytte til Agr. Dermed får setningsadverbial same plass i hovud- og leddsetningar.

Til slutt kan det nemnast at ein i minimalismen gjerne reknar med *to* Agr-projeksjonar i grunnstrukturen for syntaktisk analyse av setningar: AgrSP for subjektkongruens og AgrOP for objektkongruens. Dette er nytta for skandinaviske språk mellom anna i Platzack 1998.

Det er vanleg å bruke IP (*Inflectional Phrase*) som samleterm for AgrP+TP der det ikkje er relevant å vise heile projeksjonen. Eg gjer det i nokså stor grad, utan å kommentere det vidare.

2.2.2 Hjelpeverb og hovudverb

I setningar med fleire enn eitt verb, treng hjelpeverb og hovudverb kvar sin projeksjon. Eg vil kalle frasen til hovudverb VP og frasen til hjelpeverb VPaux. VP ligg i grunnen av projeksjonen. Det er hovudverbet som tar eksternt argument som spesifikator og internt argument som komplement. VPaux ligg over. Det er hjelpeverbet som flyttar vidare oppover i strukturen for å bli bøygd i tid og eventuelt i person og tal i samsvar med subjektet. Infinitte hovudverb (supinum eller infinitiv) blir verande i V. Her er dette vist med projeksjonen for setninga *Eg har fått ei bok*:




Eg vil også bruke ein projeksjon som dette som grunnlag for å definere termen *hjelpesverb* syntaktisk: Eit hjelpeverb er eit verb som tar ein verbfrase som komplement. Ein VPaux har ein VP eller ein ny VPaux på komplementplassen. Dersom det står ein CP på komplementplassen, til dømes ein infinitivkonstruksjon innleidd med *å/at*, er kjernen i verbfrasen derimot ikkje eit hjelpeverb, da er han eit verb som tar ei leddsetning som internt argument.

På nokre punkt i oppgåva vil eg også ha andre årsaker for å kalle eit verb for hjelpeverb. Eit prototypisk hjelpeverb har lite leksikalsk tyding og mykje grammatisk tyding. Ein del norske og norrøne verb kan minne om hjelpeverb *semantisk* sjølv om dei ikkje er det syntaktisk. Normalt vil eg likevel legge den syntaktiske definisjonen til grunn, og dette gjeld alltid i dei syntaktiske analysane.

Hovudverbet i ei setning er det verbet som blir generert i den nedste verbfrasen i strukturen. Dersom setninga har fleire infinitte verb, er hovudverbet det av dei som har den nedste baseposisjonen. Og som sagt er det hovudverbet som har argumentstruktur.

2.2.3 Adverbiale ledd

Adverbiale ledd må adjungerast inn i projeksjonen. Eg vil normalt analysere setningsadverbial (SA) som venstreadjungert til TP, og predikatsadverbial (PA) som høgreadjungert til VP – både i norrønt og norsk (jf. t.d. Faarlund 2005:84/94):



Adverbiala blir adjungerte til TP/VP, og ikkje T'/V', med bakgrunn i til dømes Platzack 1998: "En allmän restriktion på adjunktion är att lika adjungeras till lika", og "[a]djunktion till den mellanliggande nivån X' är inte tillåten" (1998:45). Ifølgje Platzack kan hovud adjungerast til hovud (X) og frasar til frasar (XP), men ikkje hovud til frasar eller frasar til hovud.

Eit SA blir adjungert til T-projeksjonen fordi det nettopp er eit *setningsadverbial*; det skal rekke over alle ledd i setninga, i det minste til spora av dei. Eit PA blir adjungert til V-projeksjonen fordi det er eit *predikatsadverbial*; det fortel bare meir om predikatet.


Grunnstrukturen vist over gjeld både norrønt og norsk. I moderne norsk er han nokså absolutt, men i norrønt er plasseringa av adverbiale ledd friare. Der er adverbiale ledd i fleire tilfelle heilt klart venstreadjungerte til AgrP, i andre tilfelle er dei venstreadjungerte til VP. Sidan adverbiale ledd ikkje er noko hovudtema i denne oppgåva, vil eg ikkje gå vidare inn på desse diskusjonane. Dersom dei syntaktiske analysane av adverbial avvik frå grunnstrukturen over, vil eg bare kommentere dette spesielt dersom det er relevant for argumentasjonen elles.

I ein del setningar med topikalisererte adverbialledd tar eg heller ikkje stilling til kor desse ledda er basegenererte, men set dei rett inn i [spes CP]. Dette gjeld også *ok* i norrønt.

2.2.4 Indirekte objekt

I ein vanleg CP-IP-VP-struktur er det ikkje plass til fleire argument enn subjekt og direkte objekt. Men også *indirekte objekt* kan vere obligatorisk ledd, i setningar med treverdige verb. Dette blir gjerne løyst ved å lage eit *larsonsk skal* og legge til ein ekstra VP-projeksjon:

”Ideen går i korte trekk ut på at hovedverbet kan gi opphav til en rekursiv struktur, der én VP ligger som et skall utenpå den andre, og der den innerste VP-en er komplement til den ytterste” (Áfarli&Eide 2003:124).



Det eksterne argumentet blir her generert i [spes VP_{øvre}], og det indirekte objektet i [spes VP_{nedre}]. Verbet blir generert i V_{nedre} og flytta vidare innom V_{øvre}.

Eg reknar ikkje nokon av leddsetningsargumenta i oppgåva som indirekte objekt, men det kan vere relevant for analysane kor indirekte objekt står i konstruksjonen.


Indirekte objekt har dativbøying i norrønt, men i nokre spesialtilfelle vil eg også rekne korte, personlege, akkusativ- og genitivledd som basegenerert i [spes VP_{nedre}].

2.2.5 Passiv og inakkusativ

Passiv

Subjekt i passivsetningar er genererte i [komp VP] fordi dei er direkte objekt i den underliggande strukturen: Eg kjøpte *boka*. → *Boka* blei kjøpt.

Dersom leddet i [komp VP] ikkje flyttar opp, må i moderne norsk eit formelt subjekt *det* settast inn, og leddet i [komp VP] blir ubestemt: Eg kjøpte *boka*. → Det blei kjøpt ei bok.




Nominativ kasus frå eit finitt verb i T overstyrer alltid ikkje-nominativ kasusmarkering i både norrønt og moderne norsk: Personlege pronomen med objektsform i aktiv får subjektsform når dei blir subjekt i passiv: Eg såg henne → Ho blei sett.

I moderne norsk er det også muleg for indirekte objekt å flytte fram og bli subjekt i passiv, (jf. NRG:843): *Vinnaren* vart overrekt ein pokal. ← Dei overrekte *vinnaren* ein pokal. I norrønt er det bare argument med *strukturell akkusativ* i aktiv som kan bli nominativsubjekt i passiv, altså bare objekt som blir genererte i [komp VP] (jf. Faarlund 2004:215).

Inakkusativ

Subjekt for inakkusative verb blir også normalt analyserte som komplement. Inakkusative verb har ikkje noko eksternt argument, og eitt alternativ for å oppfylle subjektskravet i norsk er også her å flytte ein DP frå [komp VP] og oppover i strukturen slik at det kan fungere som subjekt. Dersom eit slikt ledd ikkje fyller subjektsfunksjonen, må også her eit formelt subjekt *det* settast inn. Og også her må DP-en i [komp VP] vere ubestemt om han skal stå att. Her er dette vist med projeksjonen for *Boka forsvann / Det forsvann ei bok*:




Denne strukturen vil her bare gjelde for moderne norsk. Det er uklart om termen inakkusativ er relevant for synkrone norrøne analysar (jf. t.d. Faarlund 2004:210). Eg vil ikkje nytte inakkusativanalysar for nokre av dei norrøne setningane i oppgåva, men i ein del tilfelle vil eg gruppere verb som seinare blir inakkusative saman i dei norrøne kapitla, for å lettare kunne vise tilbake til dette i diskusjonane for moderne norsk.

2.2.6 Ekstraposisjon

Tunge ledd med ny informasjon kjem gjerne heilt til slutt i alle setningar. I slike tilfelle vil eg analysere ledda som høgreadjungerte til CP. Det er vanleg å kalle dette høgreadislokasjon eller *ekstraposering*. Venstredislokasjon er også relativt vanleg i talespråk; eit ledd blir flytta eller lagt til i starten av ei setning. Dette er sjeldan aktuelt i denne oppgåva, så med *ekstraposisjon* vil eg her alltid meine dislokasjon til *høgre*. Termen ekstraposisjon kan ha litt varierende innhald, sjå til dømes diskusjonen i Haugan 2000:167ff, men blant andre Åfarli (1997) har ein

tilsvarende definisjon: "[He] uses *Extraposition* for all processes that dislocate a constituent from its base position to a position to the right" (sitert frå Haugan 2000:167).

Både eksterne og interne argument kan ekstraponerast, og både finitte og infinitte leddsetningar – i både norrønt og moderne norsk:



I det norrøne dømet blir ei infinitt leddsetning generert som subjekt i [spes VP], men ender i ekstraposisjon høgreadjungert til CP. I det norske dømet blir ei finitt leddsetning generert som direkte objekt i [komp VP], men flytta i ekstraposisjon etter preposisjonsfrasen *i går*, som er høgreadjungert til VP.

Det kan vidare stillast spørsmål om kvifor ekstraponering skal vere til CP, og ikkje til for eksempel VP: Adjungerer ein eit ledd til VP, vil det også komme til slutt så lenge det ikkje er muleg å høgreadjungere ledd til frasar lenger oppe i strukturen. Faarlund argumenterer for at ekstraponering er til CP, blant anna med at eit ledd som har blitt ekstraponert ikkje kan topikaliserast igjen (Faarlund 2001b). Flytting av eit ledd frå ein plass høgreadjungert til CP vil legge igjen eit spor der, og eit spor må vere bunde av det leddet som er flytta. "Binding kan berre gå nedover i strukturen, altså kan element berre flyttast oppover. Eit ledd som er adjungert til den øvste knuten, CP, kan dermed ikkje flytta andre stader" (Faarlund 2001b:68). Han seier også at ekstraposisjon bare skjer innanfor ein CP eller ein DP, og at ekstraponering

derfor må ha som domene ein CP eller ein DP som dominerer den frasen det ekstraponerte leddet høyrer til i.

Åfarli analyserer leddsetningssubjekt og -objekt som høgreadjungerte til ulike nivå i strukturen (Åfarli 1997:130ff). Han opererer altså med *to* ekstraposisjonar, og nyttar desse to avhengig av kva ledd det er som blir flytta. Eg ser ingen grunn til å gjennomføre det same her. Ekstraponering er flytting på grunn av generelle krav til informasjonsstruktur, og det er uavhengig av kva typar ledd det er snakk om. Dei blir flytta av same årsak: Lange og tunge ledd bør komme til slutt, om dei er subjekt, objekt eller adverbial.

I norrønt kan alle typar frasar høgreadjungerast til CP. I moderne norsk er det strengare krav. I norrønt er pragmatiske vilkår nok for at eit tungt ledd kan flyttast i ekstraposisjon. I moderne norsk kan argument bare ekstraponerast dersom dei er setningar. Eit DP-argument må alltid få kasus, men i dag er dette bare abstrakt kasus, og det må det få frå ein styrar. Ein CP, derimot, treng ikkje kasus og kan derfor framleis stå i ekstraposisjon. I norrønt er kasus markert morfologisk, og både eksterne og interne argument kan få kasus på andre måtar enn ved styring. Derfor kan også DP-ar bli ekstraponerte her.¹

Det kan også nemnast at ledd som står høgreadjungerte til CP alltid er flytta dit frå ein annan posisjon i setninga, og det er muleg for fleire ledd å vere ekstraponerte samtidig, etter kvarandre. Ofte er det umuleg å avgjere om eit ledd står i ekstraposisjon eller ikkje. Spesielt i døme med leddsetningsobjekt må det gjerne vere eit verb i V og eit adverbialledd plassert mellom dette og leddsetninga, for at ein skal kunne vite sikkert om leddsetninga har flytta. Denne problemstillinga kjem eg tilbake til fleire gonger seinare i oppgåva.

2.2.7 Objektframflytting og stilistisk framflytting


Slik lange og tunge ledd gjerne kjem til slutt, vil korte og lette ledd gjerne komme lenger fram. To aktuelle termar i denne samanhengen er objektframflytting ('object shift') og stilistisk framflytting ('stylistic fronting').

Objektframflytting

I norrønt kunne alle korte DP-objekt flytte frå baseposisjonen og inn lenger framme i setninga. I dag gjeld dette bare trykklette pronomen – og bare i hovudsetningar og bare når hovud verbet er finitt: Objektframflytting kan i dag ikkje skje forbi eit verb. Også her er det altså slik at informasjonsstruktur spelar ei viktigare rolle for norrøn syntaks enn for norsk.

¹ Denne argumentasjonen er i stor grad henta frå Faarlund 2001b:68.

I norsk blir eit framflytta objekt venstreadjungert til TP, framfor eventuelle SA. Her er dette vist med projeksjonen for *Han såg henne ikkje*. Eg viser også projeksjonen for *at han ikkje såg henne*, slik at det blir tydeleg at objektframflytting ikkje gjeld i leddsetningar.



Eg vil rekne med ein grunnstruktur som denne til venstre også for objektframflytting i norrønt. Basert på det materialet eg har gått igjennom, er det vanskeleg å seie sikkert om det er adjungering til TP eller VP som er det umarkerte, i dei fleste tilfelle er det tvitydig. Haugan reknar framflytta objekt som venstreadjungerte til VP, men han har ingen TP (eller AgrP) i strukturane sine, bare IP (Haugan 2000:211ff). For å lettare kunne samanlikne, vil eg anta at objektframflytting er venstreadjungering til TP i begge språkstadia, men i norrønt eventuelt også til VP i enkelte tilfelle.

Dersom ei setning også inneheld eit indirekte objekt, kan vi få to framflytta ledd, som til dømes i: *Han fortalte henne det ikke*. Her er både *henne*, *det* og *ikke* venstreadjungerte til TP. I moderne norsk vil det indirekte objektet alltid komme framfor det direkte objektet. I dag kan altså eit trykklett pronomen heller ikkje flytte forbi eit ana nominalledd. I norrønt var rekkefølga på slike framflytta ledd friare.


Stilistisk framflytting

Termen 'stylistic fronting' blir bruka på mange ulike måtar i litteraturen, sjå til dømes gjennomgangen i Hrafnbjargarson 2004:181-184. I denne oppgåva vil eg bare bruke *stilistisk framflytting* om flytting av andre ledd enn nominativsubjekt til plassen mellom relativ-partikkelen og det finite verbet i relativsetningar. Døme på dette er

(1) (váru þeir þá margir) er þat sǫnnuðu, at konungr myndi heilagr vera (Hkr 412/36)

(2) sem nú hefi ek í framsögu sakar minnar (SON 238/105e)

Eg vil rekne stilistisk framflytting som venstreadjungering til AgrP. Her er dette vist med projeksjonen for (1):²



(Antesedenten for PRO er *margir* i oversetninga over dette.)

I denne samanhengen vil eg også nemne at eg ikkje vil nytte omgrepet *oblikt subjekt* eller *dativsubjekt* om flytting av personlege dativledd til noko som vil tilsvare ein subjekts plass i overflatestrukturen. Eg vil seie at ingen andre ledd enn subjekt i nominativ kan stå i [spes AgrP]. Dersom andre ledd enn nominativsubjekt står mellom C og Agr, vil eg rekne dei som venstreadjungerte til AgrP.

² Sidan det her er eit trykkledd objekt som flyttar fram, kunne ein argumentert for å kategorisere også dette som objektframflytting. Men eg vil altså seie at objektframflytting er adjungering til TP, eventuelt til VP. Flytting til plassen etter subjunksjonen i ei leddsetning, som her, er eit litt anna fenomen.

2.2.8 Topikalisering / spesifikator CP

Ei setning startar gjerne med det som er tema for setninga. Den fyrste plassen i ei setning blir gjerne omtalt som topikaliseringsposisjonen. I den syntaktiske strukturen eg legg til grunn i denne oppgåva, er dette spesifikatorposisjonen til CP. I utsegnsetningar er det plassen føre det finitte verbet.

I moderne norsk er topikalisering obligatorisk i utsegnsetningar – [spes CP] må vere fylt. Alle typar ledd kan i utgangspunktet topikaliserast, men dersom ingen andre ledd blir topikaliserte, blir subjektet flytta fram. Dersom det ikkje er noko subjekt å sette inn, blir ekspletivet *det* (eller *der*) sett inn i staden for. Også i norrønt kan subjektet gjerne topikaliserast dersom ingen andre ledd blir det, men det er minst like vanleg at subjektet blir att i [spes AgrP] slik at [spes CP] blir ståande tom. Finitt verb etterfølgt av subjektet blir gjerne rekna som den umarkerte leddstillinga i norrønt.

”The topic position may be left empty in declarative sentences, with the consequence that the sentence starts with the finite verb. Topicless sentences are particularly common in continuous narratives.” Faarlund (2004:231)

Topikalisering gjeld ikkje leddsetningar. Ingen ledd skal normalt kunne topikaliserast dersom det står ein subjunksjon i C. Men det finst døme i det norrøne materialet som går i mot dette. I visse tilfelle kan både eitt og to ledd komme føre *at* i infinitivskonstruksjonar. I nokre døme er det muleg å analysere dette som flytting inn i oversetninga, i andre døme er det klart at ledda framleis står i same setning som dei er genererte i, sjølv om dei har flytta forbi subjunksjonen *at* i C. Dette må kunne reknast som ei slags topikalisering, men spesielt sidan det kan gjelde meir enn eitt ledd, må det likevel vere noko litt anna enn flytting til [spes CP] i hovudsetningar

2.3 Definisjon av *setning*

Tittelen på oppgåva er ”Setningar som argument..”, men det er underforstått *leddsetningar*, sidan alle setningar som fungerer som argument er ein del av ei anna setning. Det er også underforstått *nominale* leddsetningar, sidan det bare er nominale leddsetningar som kan fungere som argument. Det er vanleg å rekne med tre typar nominale leddsetningar:

- Finitte leddsetningar, ofte kalla *at*-setningar.
- Infinitte leddsetningar, ofte kalla infinitivskonstruksjonar
- Spørjesetningar (avhengige spørjesetningar innleidde med subjunksjon eller kv-ord)

Ein kunne også tatt med *småsetningar* i denne lista, konstruksjonar av typen *Eg såg deg komme*, sidan *deg komme* er komplement for *såg* tilsvarande eit leddsetningskomplement *at du kom*. Eg vil kommentere denne konstruksjonstypen kort i 2.3.5, men ikkje diskutere fenomenet vidare. *Deg komme* må reknast som ein VP og ikkje ein CP, og denne oppgåva skal omhandle komplement som er ein CP eller som inneheld ein CP.

Eg vil også bare omtale CP-ar *med* innleiarord. Det er til dømes nokså vanleg å droppe *at* i *at*-setningar i moderne norsk, men det vil eg ikkje kommentere vidare. Generelt kjem eg sjeldan til å diskutere strukturen inni sjølve leddsetningane, det er bruken av dei som heile ledd som er temaet for oppgåva. Men i det følgjande vil eg kort skildre den indre strukturen til dei tre typane, slik at det blir klart kva eg meiner med termene finitt leddsetning, infinitt leddsetning og spørjesetning.

2.3.1 Finitte leddsetningar

Ei *finit leddsetning* har finitt hovudverb og blir innleidd av subjunksjonen *at* både i norrønt og norsk:

- (3) Eg fortalte *at ho kjenner han*.
- (4) *At han er snill*, hjelper ikkje meg.
- (5) Rauðr segir *at hann var maðr sónskr* (Hkr 354/38)


Norske finitte leddsetningar har alltid eit uttalt subjekt. Dei norrøne har også oftast det, men ikkje alltid – på linje med at subjektskravet generelt er svakare i norrønt:

- (6) ok vilduð þér eigi trúa mér *at ekki mátti vinna at urð þessarri* (Hkr 368/11)

I dømme (6) består leddsetninga av subjunksjon, nektingsadverb, hjelpeverb, hovudverb og ein preposisjonsfrase til slutt, men ikkje noko uttrykt subjekt.

I finitte leddsetningar står subjunksjonen *at* i C, det finitte verbet flyttar normalt til Agr, og subjektet flyttar normalt til [spes AgrP].³ Her er dette vist med leddsetninga i (5):

³ Men som vist i 2.2.1 må ein gjerne rekne med at verbet i moderne norsk stoppar i T i finitte leddsetningar, slik at det kjem etter setningsadverbial venstreadjungerte til TP.



Finite leddsetningar blir í mange tilfelle danna fordi direkte tale skal givast att indirekte, som i dømme (3) og (5) over:

Direkte tale: ”Ho kjenner han.” → Indir. tale: *Eg fortalte at ho kjenner han.*

Direkte tale: ”Ek em maðr sónskr.” → Indir. tale: *Rauðr segir at hann var maðr sónskr*

Heilsetningane som blei sagt, blir omgjort til finite leddsetningar og sett som objekt til eit verb som refererer til at noko blei ytra, eller skildrar korleis noko blei ytra.

2.3.2 Infinitte leddsetningar

Infinitte leddsetningar har infinitt hovudverb og blir innleidde med *å* i norsk og *at* i norrønt:

(7) Eg likar *å lage mat.*

(8) *Å hoppe i høyet* er gøy.

(9) en þá er gott *at ganga til búa stórra* (Hkr 388/7)

(10) hann ætlaði *at halda liði því øllu til Nóregs* (Hkr 358/6)

”Infinitivkonstruksjon” er eit innarbeidd omgrep, men eg kjem til å kalle dette *infinitte leddsetningar* for å markere den nære slektskapen med finite leddsetningar. Ein infinitivkonstruksjon er på mange måtar bare ei leddsetning utan subjekt:

- (11) Eg håpar *at eg får leike* med Anton.
 (12) Eg håpar *å få leike med* Anton.
 (13) Kommunestyret vedtok *at dei skulle legge ned* ungdomsklubben.
 (14) Kommunestyret vedtok *å legge ned* ungdomsklubben.

Finite og infinitte leddsetningar blir begge innleidde av ein subjunksjon. I klassisk norrønt er dei til og med ortografisk like. Infinitte leddsetningar kan ha adverbiale og nominale utfyllingar på tilsvarande måte som finite kan, men hovudverbet står i infinitiv, og konstruksjonen manglar altså eit uttalt subjekt. Slik ser samanlikninga ut skjematisk:

	Innleiarord	Subjekt	Hovudverb
Finite leddsetningar	<i>at/at</i>	JA	finitt
Infinitte leddsetningar	<i>å/at</i>	NEI	infinit


Men sjølv om subjektet ikkje er uttalt, er det lett å tenke seg at det er til stades semantisk. I (7) og (10) lenger oppe er subjektet for infinitiven tilsvarande subjektet i oversetninga. I (8) og (9) er det meir eit allment, generelt subjekt.

Det er vanleg å kalle det usynlege subjektet i infinitivkonstruksjonar for *PRO*. *PRO* er ikkje fonetisk realisert, men det har syntaktiske funksjonar, og det får semantisk innhald frå konteksten. I døme (7) er det som nemnt subjektet i oversetninga som gir *PRO* i undersetninga innhald. Ein seier at *Eg* kontrollerer *PRO*, og dette blir gjerne notert slik:

Eg_i likar å PRO_i lage mat.

Kva for setningsledd som kontrollerer *PRO*, varierer blant anna etter kva for verb som er i bruk i over- og undersetning.

I infinitte leddsetningar står subjunksjonen *at/å* i C. Infinitiven blir generert i V som andre hovudverb og *PRO* i [spes VP] som andre subjekt, men om dei flyttar og eventuelt kor langt, er det usemje om. Åfarli&Eide (2003:165) flyttar i utgangspunktet begge ledd så langt opp dei kan, slik at infinitte og finite leddsetningar har tilsvarande struktur. Det vil seie til Agr og AgrP i min projeksjon. Ein slik analyse er vist her:



Sidan denne oppgåva skal handle om bruk av infinitte leddsetningar som syntaktiske ledd, altså om bruk av heile CP-en, går eg her ikkje meir inn på analyseproblem kring PRO og verbflytting i infinitivskonstruksjonar.

2.3.3 Spørjesetningar

Konstruksjonstypene eg vil referere til som *spørjesetningar*, er *avhengige* eller *indirekte* spørjesetningar innleidde med norsk *om* / norrønt *ef* eller ulike typar kv-ord:

- (15) Eg spurte *om han kjem i kveld*.
- (16) *Kva du sa i går* spelar inga rolle.
- (17) ok spurði *ef konungr vildi þiggja lið at honum* (Hkr 394/5)
- (18) hann segir ok *hvar þat hús stóð* (Hkr 408/34)

Indirekte spørjesetningar svarar ofte til direkte spørsmål slik finitte leddsetningar kan svare til direkte tale. Ja/nei-spørsmål (setningsspørsmål) blir gjeve att som om/ef-setningar, og kv-spørsmål (leddspørsmål) som leddsetningar innleidde med same kv-ord. Her er dette vist for døme (15) og (18):


Direkte spørsm: "Kjem han i kveld?" → Indir. spørsm: Eg spurte *om han kjem i kveld*.

Direkte spørsm: "Hvar stóð þat hús?" → Indir. spørsm: hann segir ok *hvar þat hús stóð*

Spørsmåla som blei ytra, blir gjort om til indirekte spørjesetningar og sett som objekt til verb som refererer til at noko blei spurt om eller sagt

I norsk står ofte relativpartikkelen *som* mellom eit kv-ord og det finitte verbet. Det er obligatorisk med *som* når spørjeordet er subjektet i spørjesetninga, som i *kven som tok han* eller *kva som blei sagt*. Ein relativ subjunksjon etter spørjeordet er aldri obligatorisk i norrønt, men det finst ein god del døme på det, jf. Faarlund 2004:258-259: ”The interrogative phrase is sometimes followed by the complementizer *er* (...) seg mér hinn sæli sunr *hvat er þik hryggir*”

I den syntaktiske analysen av spørjesetningar står subjunksjonen *omlef* i C, slik *at* gjer i finitte leddsetningar. Kv-ord står i [spes CP], eventuelt med *som/er* i C rett etter. Det finitte verbet stoppar i Agr, og subjektet i [spes AgrP]. Her er dette vist med projeksjonen for (18):



Det som skil avhengige spørjesetningar frå finitte leddsetningar, er altså at det står andre, eller ingen, subjunksjonar i C.

Slik ser ei skjematisk samanlikning av dei tre typane nominale leddsetningar ut:

	Innleiarord	Subjekt	Hovudverb
Spørjesetning	<i>omlef</i>	ja	finitt
Spørjesetning	<i>kv-</i>	ja / <i>som/er</i>	finitt
Finitt leddsetning	<i>atlat</i>	ja	finitt
Infinitt leddsetning	<i>ålat</i>	PRO	infinitt

2.3.4 Leddsetningar som komplement i andre frasar

Til nå har eg bare vist døme der ei leddsetning i seg sjølv er spesifikator eller komplement til eit verb. Men leddsetningar kan også vere komplement til determinativ, substantiv, adjektiv eller preposisjonar. Når leddsetningar er utfylling til determinativ eller substantiv, fungerer gjerne heile frasen saman som eksternt eller internt argument.


Setningar som utfylling til determinativ

I mange tilfelle der leddsetningar blir brukt som argument, er leddsetningane utfylling til ulike typar determinativ, gjerne *det* i norsk og *þat* i norrønt:

(19) *Det at du hatar meg, blir eit problem.*

(20) Gerða ek þá *þat at brenna fyrir þeim* (Hkr 387/32)

I (19) er subjektet i oversetninga *det* og ei finitt leddsetning. I (20) er objektet i oversetninga *þat* og ei infinitt leddsetning. Leddsetningane er komplement til determinativkjernar; argumenta er ikkje CP-ar, men DP-ar. Her er dette vist med projeksjonen for (19):



Mykje av materialet i oppgåva er konstruksjonar som dette. Når eg undervegs brukar samleomgrep som "setningar som argument", meiner eg både leddsetningar i seg sjølv (CP-ar) og argument der leddsetningar står som komplement i DP-ar.

Setningar som utfylling til substantiv

Tilsvarende kan mange typar leddsetningar også vere komplement til substantiv:

- (21) Han behersker *kunsten å få tida til å gå*. (NRG 1012)
- (22) ok spurði þar þau tíðendi at Hákon jarl hafði lið mikit í Þrándheimi (Hkr 366/8)

I (21) er ei infinitt leddsetning komplement til eit enkelt substantiv, og i (22) er ei finitt leddsetning komplement til eit substantiv med eit determinativ framfor. Som nemnt lenger opp vil eg også alltid rekne substantiv som del av ein determinativfrase, så dei kursiverte ledda i både (21) og (22) vil eg seie er *DP-ar* som fungerer som objekt.

Setningar som utfylling til adjektiv

Leddsetningar kan også vere utfylling til *adjektiv*, både i norrønt og moderne norsk:

- (23) Boka er *fin* å sjå på.
- (24) Du dansar *så bra* at eg får lyst til å vere med sjølv.
- (25) at hon skyldi verða *vís hvárt konungr var þeim reiðr eða eigi*.. (Hkr 342/14)
- (26) Þorbergr var *hins fúsari* at leggjask eigi ferð undir hǫfuð (Hkr 323/32)

For det aller meste omtalar eg ikkje dette fenomenet vidare, fordi desse ledda ikkje er *argument*. Dei er predikative eller adverbiale ledd.

Setningar som utfylling til preposisjonar

Oppgåva vil heller ikkje omhandle leddsetningar som komplement i preposisjonsfrasar:

- (27) Eg er glad *i* å gå på kafé med deg.
- (28) skal ek nauðga þeim *til* at þeir segi mér it sanna (SON 117/24b)

Diskontinuerlege frasar


Så langt i dette delkapitlet har eg bare vist døme der leddsetningsutfyllinga står rett etter kjernen. Eit hovudpoeng i denne oppgåva vil derimot vere at det er svært vanleg i norrønt, og også vanleg i norsk, at kjerne og utfylling skil lag. På overflata står determinativet på ein vanleg argumentplass, medan leddsetninga står aleine heilt til slutt:

(29) *at þat var hans vili, at Jamtr veitti honum lýðskyldi* (Hkr 321/12)

(30) *þat hygg ek, at hverr sá penningr er illr er..* (Hkr 336/27)

I (29) er determinativet og leddsetninga *subjekt* saman, men *þat* står på subjektsplassen [spes AgrP] og *at Jamtr veitti..* er ekstraponert. I (30) er determinativet og leddsetninga *objekt*, men *þat* er topikalisert og *at hverr sá..* står til slutt.

Det er eit nokså allment syntaktisk prinsipp at ein kjerne ikkje kan flytte aleine frå resten av frasen sin. Derfor må ein rekne med at heile argumentet flyttar dit *þat* står, og så at leddsetninga flyttar i ekstraposisjon derifrå. Her er dette vist med projeksjonen til (29):



Strukturen er nokså lik for (30), *þat hygg ek, at hverr sá..*, men her er det pronomenet *ek* som er subjekt og flyttar til [spes AgrP], medan heile objektet flyttar frå [komp VP] til [spes CP] før leddsetninga skil lag med determinativkjernen og blir ekstraponert.


2.3.5 Småsetningar / akkusativ med infinitiv

Småsetningar er konstruksjonar av denne typen:

(31) Han hørte *henne rope*.

(32) konungr bað *hann hafa þókk fyrir boð sitt* (Hkr 391/30)

I desse setningane fungerer subjektet for verbet i undersetninga også som objekt for oversetninga; *hennel/hann* er subjekt for *ropel/hafa* og objekt for *hørte/bað*. Som nemnt vil eg ikkje rekne "undersetningane" her som CP-ar, men som VP-ar (jf. t.d. Åfarli&Eide 2003:181 og Faarlund 2005:124). Her er dette vist med projeksjonen for (31):



Henne får ekstern rolle som subjekt for *rope*, men akkusativ kasus som objekt for *høre*.

Konstruksjonen i døma som er vist over, blir gjerne kalla *akkusativ med infinitiv*. Småsetningar kan også vere AP-ar, som i *Kua tråkkar graset flatt*. Her er komplementet for *tråkkar* ein AP med *flatt* som kjerne i A og *graset* som spesifikator i [spes AP].

Dette fenomenet er svært interessant, men også omfattande, og kjem dessverre utanfor omfanget av denne oppgåva.

2.4 Definisjon av *argument*

Den andre hovudtermen i oppgåvetittelen er *argument*. Kva ledd som skal reknast som argument, generelt eller innafor eitt språk, er det ikkje fullstendig semje om. Ein generell definisjon av 'argument' kan vere slik: "Eit ledd som blir sett inn som spesifikator eller utfylling i ein verbfrase, blir kalla *argument*" (Faarlund 2005:72). Men spørsmålet vidare blir da kva som kan settast inn som spesifikator eller utfylling i ein verbfrase. Leddet som blir generert på spesifikatorplassen til eit verb blir kalla det *eksterne* argumentet, og leddet som blir generert på komplementplassen til eit verb blir kalla det *interne* argumentet, men det er ikkje alltid så lett å seie om eit ledd blir generert i desse posisjonane eller ikkje – spesielt sidan mange ledd flyttar frå baseposisjonen før realiseringspunktet.

Eit klassisk diskusjonstema er om preposisjonsfrasar som er nært knytte til verbet, til dømes *banke på døra* eller *tru på spøkelse*, kan analyserast som komplement til VP eller ikkje. Faarlund meiner dette er muleg: "Det interne argumentet kan òg vera ein PP" (Faarlund 2005:74), medan Åfarli og Eide argumenterer imot ein slik analyse:

"Det er ikkje uvanleg å rekne slike PP-ar som argumentstrukturbestemte ledd som står i komplementposisjonen til verbet, d.v.s. at dei er spesifiserte i argumentstrukturen til verbet. Det skal vi ikkje gjere i denne boka. I staden vil vi alltid rekne slike PPar som adverbiale ledd som er adjungerte inn i strukturen" (Åfarli&Eide 2003:48)

Dei skriv vidare at argumentstatus impliserer nær semantisk relasjon, men at dette ikkje gjeld andre vegen: Sjølv om eit ledd er nært knytt til verbet, treng det ikkje vere eit argument.

Sidan ledda eg skildrar i denne oppgåva er CP-ar og DP-ar, treng eg for det meste ikkje å ta stilling til denne konkrete problemstillinga i praksis. Men for ordens skuld, og fordi det i samband med fenomenet ekstraposisjon hender eg må diskutere om eit ledd står i [komp VP] eller ikkje, kan eg nemne at eg i hovudsak *ikkje* vil rekne dei nemnde PP-ane som komplement til verbet. Termen argument vil vidare bare inkludere CP-ar og DP-ar.

I norrønt klassifiserer ein gjerne argument i undergrupper etter *formelle* definisjonar, altså kasusmarkering. Dette fungerer ikkje for dei fleste aktuelle argumenta i denne oppgåva: Setningar aleine får ikkje kasus, og der setningane er utfylling i DP-ar, er det vanlegvis *þat* som er kjerne. *Þat* har lik bøyning i nominativ og akkusativ, så i dei fleste tilfelle er ein like langt. Med *þvi* og *þess* som kjerne, eller *sá* og *sú*, er kasusen eintydig, men det er ganske få døme av desse slaga.

Alternativet er å bruke *strukturelle* eigenskapar for å definere ulike argument. Til dømes kunne ein seie at eit subjekt er eit argument som kan stå i [spes AgrP], rett etter det finite verbet i hovudsetningar og rett etter subjunksjonen i leddsetningar. I denne oppgåva kan dette fungere for mange av argumenta som er DP-ar, fordi *pat* gjerne oppfører seg som andre DP-ar som er argument, til dømes når det gjeld flytting. Men CP-ar står for det aller meste heilt til slutt uansett, og i norrønt kan godt både [spes CP] og [spes AgrP] stå tomme på overflata – så eg får heller ikkje hjelp av syntaktisk struktur til å lage generelle definisjonar.

I praksis er dette likevel ikkje eit så stort problem – ein kjem langt med å legge til grunn hovudverbets argumentstruktur. Det må vere tillate å anvende 'common practice', jf:

"The subject role may be filled by a clause. Since I have defined the subject as a phrase in the nominative case, such sentences are technically subjectless, because clauses are not case-marked. But for convenience and in accordance with **common practice** I will still refer to such clauses as subjects" (Faarlund 2004:223), (mi utheving).

For tvilstilfelle i norrønt kan dette ofte vere til hjelp: Viss det aktuelle leddet hadde hatt nominativ kasus dersom det var ein NP/DP som har eintydig nominativform, er det eit subjekt. Eg vil altså til dømes ikkje analysere såkalla 'obliske subjekt' som subjekt. Ein tilsvarende test kan fungere for moderne norsk også, dersom ein får bytt ut leddsetninga med eit pronomer som har kasusbøying.

I dei fleste av mine døme vil det nok vere semje om eit argument er subjekt eller ikkje. For både norrønt og moderne norsk vil eg ta temaet opp til diskusjon dersom eg trur analysen min er problematisk på dette punktet.

Til nå har eg definert *eksternt argument* som ein DP eller CP basegenerert i [spes VP] for hovudverbet og *internt argument* som ein DP eller CP basegenerert i [komp VP] for hovudverbet. Men vidare i oppgåva vil eg skildre og klassifisere omtalte leddsetningar etter om dei er *subjekt* eller *objekt*. Årsakene til dette er blant anna at eg ønskjer å gruppere subjekt i passivsetningar saman med subjekt som er basegenererte i [spes VP] – sjølv om dei fyrste eigentleg er interne argument og dei andre er eksterne argument. Og indirekte objekt saman med direkte objekt genererte i [komp VP] – sjølv om dei siste er interne argument og dei fyrste kan kallast eksterne argument sidan dei er genererte i ein spesifikatorposisjon.

I dei neste avsnitta vil eg utdjupe meir kva eg meiner med leddsetningar som *subjekt* og *objekt*, og også kort korleis eg ser på *predikativ*.

2.4.1 Subjekt

Prototypiske subjekt blir genererte i [spes VP] og deretter flytta til [spes TP] og [spes AgrP].⁴ Flytting til [spes CP] er obligatorisk i hovudsetningar i norsk dersom ingen andre ledd blir topikalisererte. I norrønt er [spes AgrP] den umarkerte subjektsposisjonen (jf. t.d. Faarlund 2004:195), men topikalisering er ikkje uvanleg her heller. I nokre tilfelle må ein også rekne med at subjektet kan bli verande igjen i [spes VP] i norrønt ('subject in situ', jf. Haugan 2000:174ff), men dette er sjeldan.

Eg vil altså rekne både [spes CP], [spes AgrP] og [spes VP] som *mulege* subjektsposisjonar, og referere til [spes CP] og [spes AgrP] som *dei vanlege* subjektsposisjonane, men i denne oppgåva vil den absolutt mest frekvente plasseringa for heile eller hovuddelen av subjektet, vere i ekstraposisjon høgreadjungert til CP.

Under 'subjekt' vil eg også rekne subjekt for passivsetningar og subjekt for inakkusative verb. Desse blir genererte som komplement til hovudverbet, men av ulike årsaker flytta til [spes AgrP] eller [spes CP] slik at dei fungerer som subjekt. Det vil komme ein god del døme på CP-ar som subjekt for passivsetningar, og desse står også i ekstraposisjon. At dei likevel blir analyserte som subjekt, baserer eg blant anna på at ein tilsvarande DP ville hatt nominativ kasus. Denne diskusjonen kjem eg tilbake til.

I utgangspunktet reknar eg med at alle subjekt i både norrønt og moderne norsk flyttar til [spes AgrP]. Enten *frå* [spes VP] dersom dei er basegenererte der, eller *innom* [spes VP] dersom dei blir genererte i [komp VP]. Deretter flyttar dei innom [spes TP] for å få kasus, og så til [spes AgrP]. Der kan dei bli verande eller topikaliserast – eller ekstraponerast, som i dei fleste døme i denne oppgåva. I mange tilfelle her blir også heile subjektet fyrst topikalisert, og så blir determinativkjernen ståande i [spes CP] medan leddsetningsutfyllinga blir ekstraponert.

Argumentet for å rekne med at alle subjekt flyttar innom desse tre spesifikatorplassane oppover i strukturen, er at nettopp desse tre plassane må vere fylte med minimum eit spor av subjektet for at ei setning skal vere grammatisk (til dømes basert på ein predikasjonsanalyse, som i Åfarli&Eide 2003:197ff). Dersom det blir basegenerert eit ledd i [spes VP], er det dette leddet som flyttar oppover til [spes TP] og [spes AgrP]. Viss ikkje kan eit ledd frå [komp VP] fylle den same funksjonen. I moderne norsk blir det sett inn eit formelt subjekt for å fylle kravet dersom ingen andre ledd gjer det. For norrønt vil eg rekne med at *pro* fyller dei tre spesifikatorplassane i strukturen i setningar som ikkje har noko uttalt subjekt i det heile.

⁴ I moderne norsk vil subjekt kunne stoppe i [spes TP] i leddsetningar. Sjå 2.2.1.

Svært mange av desse flyttingane er ikkje synlege på overflata – dette er *usynleg flytting*, såkalla 'string-vacuous movement'. Problemstillingar kring usynlege flyttingar vil eg komme tilbake til mange gonger utover i oppgåva.

Eit prototypisk subjekt er ein DP i nominativ som er topikalisert, medan subjekta i denne oppgåva gjerne er CP-ar, utan kasus, i ekstraposisjon. I *Syntactic Change* (1990:111ff) viser Faarlund at subjektet i moderne norsk kan definerast ut ifrå *strukturelle* eigenskapar, medan norrøne subjekt eigentleg bare kan seiast å ha *nominativ kasus* som fellesnemnar. Spørsmålet ein da må stille seg, er om norrøne leddsetningar kan definerast som subjekt i det heile. Til dømes Jens Haugan trekker i tvil om 'right dislocated subjects' kan kallast subjekt (2000:488ff). Som sagt kan eg her bare basere analysane på allminneleg praksis og på kva ein ville sagt dersom det aktuelle leddet *kunne* hatt nominativ kasus – og komme tilbake til ein meir teoretisk diskusjon av kva eit subjekt eigentleg er ved ei seinare anledning.

2.4.2 Objekt

Under termen 'objekt' reknar eg både akkusativobjekt, dativobjekt og genitivobjekt. Når leddsetningar er utfylling til determinativ, kan vi i norrønt skilje desse frå kvarandre på om argumentet har akkusativ, dativ eller genitiv kasus. Fungerer leddsetningar som argument aleine, må vi derimot finne ut på andre måtar kva kasus hovudverbet i oversetninga ville gitt ut til eit tilsvarende DP-argument.

Akkusativobjekt

Leddsetningar som akkusativobjekt, ofte kalla *direkte objekt*, er interne argument som ville hatt akkusativ kasus om dei kunne bytast ut med ein DP med eintydig kasusmarkering.

Determinativa *þat*, *þetta* og *hitt* har alle lik bøyingsform i nominativ og akkusativ, så sjølv om ei leddsetning er utfylling til eit av desse orda, kan vi ikkje vite sikkert reint morfologisk om leddet er subjekt eller objekt. I tvilstilfelle må vi også her gå etter plassering, argumentstruktur og semantikk, etter alminneleg praksis.

Dativobjekt

Indirekte objekt, ledd med semantisk *mottakarrolle*, blir som sagt genererte i [spes VP] i den nedre delen av ein dobbel VP-struktur. Leddsetning som indirekte objekt er svært sjeldan,

kanskje heilt utelukka. Derimot er det mange andre *dativobjekt* i materialet – argument til verb som kan gi ut dativ kasus. I denne oppgåva vil eg også rekne leddsetningsobjekt som har, eller kunne hatt, dativ kasus, som genererte i [komp VP]. Dei fungerer på same måte som leddsetningsobjekt for akkusativverb, og ikkje på same måte som personlege, enklare dativledd med mottakarrolle.

Genitivsobjekt

Genitivsobjekt vil av same årsak også bli analyserte som generert i [komp VP]. Termen *genitivsobjekt* vil i praksis sjeldan bli brukt for anna enn døme med *hess* og leddsetning som objekt, men han gjeld i teorien også leddsetningar aleine som ville hatt genitiv kasus om ein DP blei nytta på tilsvarande måte for same hovudverb.

Generelt


Eg analyserer altså alle leddsetningsobjekt som genererte i [komp VP], så i det vidare vil eg sjeldan skilje ut dei ulike typane objekt dersom dei ikkje har determinativkjernar med kasusmarkering. I moderne norsk er det naturleg nok ikkje snakk om ulike kasus for objekt i det heile, men eg vil likevel bruke både termen *direkte* og *indirekte objekt* også der, for å skilje desse to typane objekt frå kvarandre syntaktisk og semantisk.

I utgangspunktet vil eg også rekne med *usynleg flytting* av leddsetningsobjekt, flytting til ekstraposisjon. Det finst mange døme som viser at leddsetningsobjekt blir ekstraponerte, men svært få eller ingen som viser at dei blir verande i [komp VP]. Vidare argumentasjon for dette kjem eg tilbake til på tre ulike nivå i kapittel 4.

2.4.3 Predikativ

Predikativ vil også bli analyserte som komplement til VP, men dei er ikkje argument. Også ledd som ikkje er CP-ar eller DP-ar, har i visse tilfelle ein så klar predikativ funksjon at dei må kunne reknast som genererte i [komp VP], men dei er altså ikkje argument.

Det er kjernen i predikativet som ber det leksikalske innhaldet og gir rolle til subjektet (jf. t.d. Faarlund 2005:99). Dersom predikativet er ein adjektivfrase, blir leddet som er subjekt på overflata generert i spesifikatorposisjonen til adjektivet. Her er dette vist med strukturen for setninga *Karine er snill*:



Når predikativet er ein DP, får vi ein tilsvarande struktur med subjektet generert i [spes DP].

Seinare i oppgåva vil eg legge ein struktur som denne til grunn for alle tilsvarande døme, men eg vil ikkje vise det i dei syntaktiske strukturane. I staden å teikne ut heile trestrukturen for komplementet, vil eg heretter plassere subjektet som generert i [spes VP] direkte utan å kommentere dette vidare.

Når leddsetningar blir nytta i setningar med kopulaverb, er dei oftast *subjekt*, men i nokre døme er dei heilt klart *predikativ*, og desse blir behandla i kapitla om objekt saman med andre ledd genererte i [komp VP]. Det finst også ein god del tvilstilfelle, spesielt i norrønt, sidan plasseringa av ledda der er friare, medan bøyingsformene på subjekt og predikativ likevel er like. Dermed må det semantisk tolking til, og utan morsmålskompetanse kan det vere vanskeleg. Ei retningslinje ein likevel kan komme langt med å følgje, er at subjektet oftast er det leddet med smalast referanse, som *Thomas* i *Thomas er lærar* eller *å sole seg i strandkanten* i *Det er ein fin ting å sole seg i strandkanten*. Fordi ein gjerne må gjere slike samanlikningar for å finne ut kva ledd som er kva, vil tvilstilfelle bli drøfta i subjektskapitla.


Sidan predikative ledd ikkje er argument, er dei ikkje noko hovudtema i denne oppgåva. Likevel er det så mange interessante kryssingspunkt mellom predikativ og subjekt, predikativ og objekt, og også predikativ og predikatsadverbial, at eg vil komme tilbake til også denne syntaktiske funksjonen fleire gonger seinare.

2.5 Historisk syntaks

Historisk syntaks er studiet av endringar i dei syntaktiske funksjonane i eit språk over tid, og korleis desse endringane påverkar andre sider ved dette språket. I denne oppgåva vil dette vere ei skildring av endringane som har skjedd frå klassisk norrøn tid til moderne norsk, med eit diakront perspektiv på to synkrone stadium. Utsegner om språkforholda i norrønt vil bare vere basert på skriftleg materiale, så for spesielle og sjeldne syntaktiske konstruksjonar er det mykje vi ikkje kan vite sikkert, men det er mykje vi kan hente ut av eit slikt materiale likevel: Dersom eit syntaktisk forhold er obligatorisk eller vanleg i moderne norsk, og det ikkje ser ut til å finnast døme på det same i dei norrøne kjeldene, er det god grunn til å rekne med at dette syntaktiske forholdet ikkje var til stades i norrønt.

Språkendring

I diakron forskning innafor generativ språketeori, er det teoriane kring språkinnlæring hos barn som er utgangspunktet for analysane av språkendring. Det meste av språkendring i eit samfunn vil vere basert på korleis kvar generasjon tolkar det språket dei høyrer rundt seg når dei lærer å snakke. Alle barn utviklar grammatikken i morsmålet sitt (I-språk) etter analysar av ytringane til foreldre, søsken og venner (E-språk). Her er dette forholdet vist skjematisk:



Reanalyse

Det er i tolkingsprosessen mellom fyrstegenerasjons E-språk og andregenerasjons I-språk endringar gjerne vil skje. Dersom eit barn ”analyserer feil” – antar ein annan underliggende struktur for ei ytring frå til dømes mor enn den underliggende strukturen mor faktisk har i sitt I-språk – kan endringar skje. Slik feiltolking blir gjerne kalla *reanalyse*. Etter ein reanalyse er *djupstrukturen* endra, men *overflatestrukturen* lik. Språkutviklinga blir dermed ikkje synleg før den endra djupstrukturen eventuelt får vidare konsekvensar. Når mange medlemmer av eit språksamfunn har fått den same endringa, kan vi snakke om ei språkutvikling for det aktuelle samfunnsspråket generelt.

Grammatikalisering

Eit anna omgrep som er nært knytt til dette, og som eg vil nytte fleire gonger i denne oppgåva, er *grammatikalisering*. Dette kan ein seie er ein samleterm for ein viss type språkending, der leksikalske ord gradvis får meir grammatikalske funksjonar:

”[G]rammaticalization [is] the change whereby lexical items and constructions come in certain linguistic contexts to serve grammatical functions, and, once grammaticalized, continue to develop new grammatical functions” (Hopper&Traugott 2003:xv).

Slike endringar er reanalysar: Ei leksikalsk eining blir reanalysert som ei grammatisk eining.

Samtidig som ord mistar semantisk tyding, mistar dei også på sikt gjerne status som eigne ord; dei kan gå mot å bli klitikon og bøyingsaffiks. Det er vanleg å tenke seg at ei slik utvikling går langs gradvise skalaer som dette:

innhaldsord>>>>grammatisk ord || ord>>>>klitikon>>>>affiks

Ord som går mot å bli meir grammatiske og mindre sjølvstendige, blir ofte også mindre fonologisk sett. Dei kan miste enkeltfonem eller heile stavingar; grammatiske ord blir meir ”slitte” enn leksikalske ord. Som klitikon og iallfall som affiks kan dei heller ikkje ha trykk.

Samtidig som ord får utvida bruksområde *syntaktisk*, blir dei altså gjerne mindre *semantisk* og *fonologisk*. Om ei slik utvikling bare kan gå ein veg, om ord i språket bare kan gå mot å bli meir grammatikalske, aldri mot mindre, er det usemje om i litteraturen.

Å forklare språkending

Eit anna diskusjonstema er korleis ein kan forklare språkending. Er det muleg i det heile? Mange forsøk på å forklare kvifor eit språk har hatt ei viss utvikling, ender i skildringar av dei systema ein omtalar. Nokre meiner ein i mange tilfelle kan komme langt med *teoriinterne* forklaringar, medan andre meiner dette ikkje kan kallast forklaringar i det heile; forklaringsgrunnlag må hentast frå eit *anna domene*. Skal ein til dømes forklare fonologiske endringar i eit språk, er det i så fall ikkje nok å trekke inn korleis andre sider ved fonologien i eit språk kan ha påverka det aktuelle fenomenet, ein må hente argumentasjonen frå til dømes psykologi, biologi eller sosiologi. Som sagt vil eg i denne oppgåva legge ein god del vekt på å skildre dei syntaktiske forholda i norrønt og i norsk, og vidare skildre dei endringane som har skjedd. I dei avsnitta eg forsøker å forklare *kvifor* dette har skjedd, vil argumentasjonen delvis vere teoriintern, basert på dei generelle syntaktiske strukturane og reglane som ligg til grunn, og delvis henta frå eit anna domene: generell språkpsykologi kring krav til informasjonsstruktur for at menneske skal kunne forstå lengre ytringar dei formidlar til kvarandre.

3. Leddsetningar som subjekt i norrønt

Dette kapitlet skildrar ulike typar setningar i norrønt der ein kan seie at ei leddsetning er subjektet i konstruksjonen. Den vanlege plasseringa for desse subjekta er heilt til slutt i oversetninga. Det ser ikkje ut til å finnast døme på at leddsetningssubjekt står på dei vanlege subjektplassane [spes AgrP] eller [spes CP].

3.1 omhandlar døme der det er ei leddsetning i seg sjølv som er subjekt. I 3.2 er leddsetningane utfylling til determinativ og i 3.3 er dei utfylling til substantiv. Undervegs blir dei tre typane leddsetningar i stor grad omtalt kvar for seg. 3.4 gir ein oppsummerande konklusjon for alle dei ulike variantane.

3.1 Leddsetningar som subjekt – utan determinativ

Leddsetningar får ikkje kasus, og vil dermed ikkje kunne falle inn under ein klassisk subjektsdefinisjon, men eg vil altså analysere dei som subjekt likevel. Det er ikkje vanleg i norrønt å bruke leddsetningar aleine som subjekt. Men det finst nokre døme i materialet, iallfall på finitte og infinitte leddsetningar, spesielt med *vera* som hovudverb i oversetninga. I fleire avsnitt vil eg også ta med setningar henta frå *The Syntax of Old Norse*, for å kunne kommentere konstruksjonar eg ikkje får vist med eigne døme.

Fyrst vil eg diskutere plasseringa av leddsetninga (3.1.1), så vil eg vise at alle dei tre typane leddsetningar kan fungere som subjekt aleine (3.1.2 til 3.1.4). Deretter kommenterer eg passivkonstruksjonar, verb som i dag er inakkusative og verb som tar *opplevar* ('experiencer') i dativ i eigne kapittel (3.1.5, 3.1.6 og 3.1.7).⁵

3.1.1 Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen

Som sagt i diskusjonen i 2.4, reknar eg med at alle subjekt i norrønt må flytte innom alle spesifikatorplassane (utanom [spes CP]) i ein CP–AgrP–TP–VP-struktur, for at ei setning skal bli grammatisk. Så sant eg er sikker på at ei leddsetning må vere *eksternt* argument for eit verb, vil eg seie at ho er generert i [spes VP] for dette verbet, deretter flytta til [spes TP] og

⁵ Det er som sagt sannsynleg at omgrepet *inakkusativ* ikkje er relevant for norrønt, men fordi eg ønskjer å behandle slike verb i eigne kapittel for moderne norsk, skil eg dei ut også her.

[spes AgrP], og til slutt ekstraponert, til høgre for CP. I [spes TP] skal eit subjekt få nominativ kasus, men leddsetningar er ikkje kasusmarkerte. Plassering i [spes AgrP] er det umarkerte for norrøne subjekt, men leddsetningar blir aldri ståande der. Ein kan ikkje sjå at leddsetninga har vore innom desse posisjonane når ho fungerer som subjekt aleine:

(1) þvíat vera má at þú vilir hefna hans (Hkr 372/33)

(2) en vant er nú at sjá, hversu langlífir konungr verðr (Hkr 390/19)

I verken (1) eller (2) kan vi sjå om leddsetninga har flytta i det heile, ekstraposisjon og plassering i [spes VP] ville gitt same uttrykk på overflata.⁶ Vi kan sjå at dei finitte verba har blitt bøygd, og i norrønt skjer subjekt–verb-kongruens i Agr, så vi kunne slik sett seie at ein kan sjå på verbet at subjektet har vore innom [spes AgrP]. Men verba har den ”nøytrale” bøyingsforma, tredje person eintal, den forma dei ville hatt om setninga mangla eit uttalt subjekt, så vi kjem strengt tatt ikkje lenger med den tilnærminga.

Det finst også andre grunnar til å anta at alle subjekt alltid flyttar oppover i strukturen, til dømes med ei predikasjonsanalyse som i Åfarli&Eide (2003:197ff). Eg vil som sagt også rekne med at *pro* fyller subjektsfunksjonane i setningar utan uttalt subjekt. Derimot ser eg ikkje grunn til å argumentere for at *pro* er til stades i døme med leddsetningsargument som her. Oversetningane har ledd som iallfall semantisk fungerer som subjekt, og kunne ein byte ut leddsetningane med DP-ar, ville dei hatt nominativ kasus. Ein må også kunne rekne med at predikative ledd normalt treng eit uttalt subjekt å stå til. Dessutan kan eg vanskeleg sjå kva funksjon leddsetningane skulle hatt i oversetningane om dei ikkje var subjekt.


I andre døme er det tydeleg på overflata at leddsetninga står i ekstraposisjon:

(3) sem þá myndi vera síð dags at leggja til orrostu.. (Hkr 344/12)

(4) þá er uptókt fyrir honom hvat hann hafer með at fara (DN 7-397)

I (3) står *vera* i V, DP-en *síð dags* i [komp VP], og leddsetninga kjem etter det. I (4) står adjektivet *uptókt* i [komp VP], PP-en *fyrir honom* er høgreadjungert til VP, og leddsetninga må vere ekstraponert etter dette. Her er dette vist med projeksjonen for (4):

⁶ Eit så enkelt adverbial som *nú* vil sjeldan vere høgreadjungert til VP i norrønt.



Sidan ingen døme i materialet eg har gått igjennom, viser klart at leddsetningar kan stå i subjektsposisjonar på overflata i det heile, vil eg ha som utgangspunkt at dei alltid blir ekstraponerte, også i døme som (1) og (2).

Fordi leddsetningar kjem til slutt sjølv om dei er subjekt, vil ingen hovudsetningar med leddsetningssubjekt ha noko uttalt ledd i [spes AgrP], bare eit spor. Dei kan også mangle eit topikalisert ledd:

(5) kom mér þá í hug at ek hafða margan dag gladr verit í því landi (Hkr 384/14)

Ei slik leddstilling er umarkert i norrønt, så eg vil ikkje kommentere dette noko vidare her.

Diskusjonar kring plassering av leddsetninga i passivkonstruksjonar kjem i 3.1.5.

3.1.2 Finitte leddsetningar som subjekt

Desse setningane er d me p  finitt leddsetning som subjekt for *vera*:


(6) þv at vera m  *at þ  vilir hefna hans* (Hkr 372/33)

(7) eigi er undarligt, *at þ  s r kalla r  l fr digri* (SON 224/74b)

(8) y r er kunnigt, *at ek em h r kominn   þinn fund ok hefi ek farit..* (SON 252/18c)

(9) at oss er mykil nau syn *at v r hverfinn til v rs dr ttens me   llum hug ok..* (Hom 65/5)

I (6) er det ikkje noko predikativt ledd i [komp VP], i (7) og (8) er predikativet adjektiva *undarligt* og *kunnigt*, og i (9) er predikativet DP-en *mykil nau syn*. (8) og (9) har ogs  indirekte objekt i strukturen (*y r* og *oss*). I (8) er dette topikalisert. I (9) st r det p  det som vil tilsvare subjektsposisjonen p  overflata: *Oss* blir flytta fr  [spes VP_{nedre}] og venstreadjungert til AgrP, og kjem dermed rett f re verbet. Her er det vist med projeksjonen for (9):



3.1.3 Infinitte leddsetningar som subjekt

Det finst litt fleire dømme i materialet på infinitt leddsetning som subjekt. Dei fleste av desse har også *vera* som hovudverb i oversetninga:

- (10) ok þá er gott *at ganga til búa stórra en bóir vegligir* (Hkr 388/7)
- (11) en vant er nú *at sjá hversu langlífir konungr verðr* (Hkr 390/19)
- (12) at honum var skammlaust *at hlíta konungs dómi* (Hkr 329/34)
- (13) sem þá myndi vera síð dags *at leggja til orrostu* (Hkr 344/12)

I (10), (11) og (12) er predikativet for *vera* ein adjektivfrase, i (13) er det ein DP. I (12) er det indirekte objektet (*honum*) igjen flytta opp til plassen føre verbet.

Det finst også dømme med *verða* som hovudverb i oversetninga:

- (14) þvíat þá varð eigi betra en um haustit *at fara í gøgnum Danmørk* (Hkr 358/1)
- (15) þvíat nú mun verða *at festa minn dóm á, ef sættask skal* (Hkr 327/5)

I (14) er predikativet i [komp VP] ein samanlikningsfrase, *betra en um haustit*. I (15) er det ikkje noko predikativledd, og det er sannsynleg at *verða* der ikkje er eit kopulaverb, men heller eit leksikalsk, intransitivt verb med tydinga 'skje, komme til'.

Leddsetningssubjekt i aktivsetningar med anna enn kopulaverb (eller *koma*) som hovudverb er sjeldne. Her er eit dømme der oversetninga er ei spørjesetning med verbet *sama*:

- (16) hversu illa samði Hákonni jarli *at fóra her á hendr Óláfi konungi* (Hkr 353/11)

Her stár det indirekte objektet, *Hákonni jarli*, sannsynlegvis att i baseposisjonen [spes VP_{nedre}].

(17) er litt vanskeleg å tolke, men det er sannsynleg at den infinitte leddsetninga *at granda eigi..* er subjekt til eit hovudverb *stoða*:

- (17) ok þá stoðar oss til fullrar heilso *at granda eigi nágum várum ef..* (Hom 60/3)

3.1.4 Spørjesetningar som subjekt

Konstruksjonar der spørjesetningar fungerer som subjekt, er svært sjeldne. Det eksisterer døme med *vera* som hovudverb:

(18) þá er uptókt fyrir honum *hvat hann hafer með at fara* (DN 7-397)

(19) eigi er mér kunnigt *hversu víðfleyg vár róða vill gerask* (SON 255/23c)

Spørjesetningane har adjektiv som subjektspredikativ i begge døma (*uptókt*, *kunnigt*).

(19) har også eit indirekte objekt i dativ (*mér*), i (18) er eit tilsvarande ledd gjeve att som ein preposisjonsfrase (*fyrir honum*).

Eg forventa elles å finne ein del døme på avhengige spørjesetningar innleidde med *ef* som subjekt for *vera*, men det ser ut til at desse er minst like sjeldne. I ein passasje i Heimskringla er det to relativsetningar med lik grunnstruktur som kunne seiast å tilhøre denne kategorien. *Ef*-leddet er i så fall subjekt til eit *vera* som er stryke, og det er heller ingen predikative ledd:

(20) sem þá myndi *ef hann væri nýsofnaðr* (Hkr 414/3)

(21) sem þá myndi *ef hann hefði lífs verit hér í heimi alla þá stund..* (Hkr 414/6)


3.1.5 Passivsetningar

Leddsetningar som subjekt finst i større grad i passivkonstruksjonar, gjerne med *spurð* eller *sagt* som hovudverb i hovudsetninga, altså passivomskrivning av referering til direkte tale.

I (22) er plasseringa til leddsetninga eintydig:

(22) var þá spurt til sannz *at Hákon jarl var týndr* (Hkr 379/18)

Det infinitte hovudverbet *spurð* står i V, etter dette er PP-en *til sannz* høgreadjungert til VP, og til slutt kjem leddsetninga i ekstraposisjon. Her er dette vist med projeksjonen for (22):



Det finst også døme der det indirekte objektet i aktiv er med i passiv:

(23) *honum* var sagt at þar var kominn Óláfr konungr (Hkr 357/19)

(24) var konungi þá sagt at Erlingr Skjálǫsson hafði liðsamnað mikinn (Hkr 362/16)

I (23) er *honum* topikalisert. I (24) er *konungi* sannsynlegvis venstreadjungert til AgrP.

Som sagt i 2.2.5, kan norrøne subjekt i passiv definerast ut ifrá at dei er strukturelle akkusativ-objekt i aktiv. Leddsetningane i døma over er genererte som interne argument, i aktiv ville dei vore objekt til finitte former av *spyrja* og *segja*. Derfor vil eg rekne dei finitte leddsetningane i (22)-(24) som subjekt sjølv om dei ikkje har nominativ kasus og heller ikkje står i subjektsposisjonar. Men det er bare døme (22) i dette delkapitlet som har ledd mellom hovudverbet i V og leddsetninga. I dei fleste tilfelle kunne det sjå ut som om leddsetningsargumentet ikkje har flytta frå [komp VP] i det heile. Korleis kan vi da vite at dei har flytta og blitt subjekt?

Alle verb vil leite etter eit argument å fylle spesifikatorposisjonane i strukturen med. Dersom det ikkje er noko ledd i [spes VP], vil verbet sjå etter i [komp VP], og er det eit argument der, vil dette ofte bli nytta til å fylle subjektsfunksjonen i staden for. I norrønt gjeld dette *bare* dersom verbet i V gir ut strukturell akkusativ til [komp VP] i basestrukturen. Det gjeld også *alltid* når verbet gir ut strukturell akkusativ i aktiv og setninga blir gjort om til passiv. I norrøne passivsetningar vil det aldri finnast ledd med strukturell akkusativ, slike ledd kan ikkje stå att i [komp VP]. Norrønt har ikkje upersonleg passiv, slik vi kan ha i norsk, som i *Det vart ete mat*. Derfor kan vi rekne med at leddsetningane faktisk har flytta i alle døma i dette kapitlet; tunge DP-ar i heilt tilsvarende konstruksjonar ville alltid hatt nominativ kasus.

Det finst også døme på passivsetningar med infinitt leddsetning som subjekt:

- (25) *yðr er gefet at vita jartegnir ríkis guðs* (Hom 70/4)
- (26) *ok er nú lokit at segja frá þeim tíðendum..* (Hkr 338/2)
- (27) *þvíat oss er bannat at hverfa aftr til synda síðan vér höfum ført guði goð verk vár*
(Hom 63/27)


Eg venta å finne ein del døme på spørjesetningar som subjekt i passiv, sidan det er så mange døme på spørjesetningar som direkte objekt i aktiv, men det ser ikkje ut til å vere nokon i det materialet eg har gått igjennom.

3.1.6 *Koma*

Det finst nokre døme på at *koma* tar finitt leddsetning som argument:

- (28) *kom mér þá í hug at ek hafða margan dag gladr verit í því landi* (Hkr 384/14)
- (29) *þar kom niðr róða konungs at hann tjáði þat fyrir Dag, hvé sköruligr..* (Hkr 356/2)

Som sagt i 2.2.5, reknar eg med at *koma* tar *eksternt* argument i norrønt. Derfor vil eg analysere leddsetningane i (28) og (29) som subjekt sjølv om dei står til slutt. I (29) er leddsetninga det einaste argumentet. I (28) er igjen eit indirekte objekt (*mér*) adjungert inn på plassen etter verbet, den umarkerte subjektsposisjonen i hovudsetningar. Nettopp sidan fyrstepersonspronomenet har dativforma *mér* her, kan vi vere nokså sikre på at leddsetninga er subjekt; i norsk er *eg* subjekt i ein tilsvarende konstruksjon. Slik ser projeksjonen for (29) ut:



Det ser ikkje ut til at *koma* tar infinitte leddsetningar eller spørjesetningar som subjekt.

3.1.7 *Þykkja* og andre verb som tar 'opplevar' i dativ

Verbet *þykkja* tar 'den som tykkjer noko' i dativ, og 'det som blir tykt' som subjekt i nominativ, jf. t.d. Haugen 1995:226. Her er dette vist med to argument som kan få kasus, *öll þín orðröða* er nominativ og *mér* er dativ:

(30) *öll þín orðröða þykki mér góð* (SON 202/28a)

Derfor vil eg også analysere leddsetningar som i (31)-(33) som subjekt:


(31) *at honum þótti bezt til fengit, at Leifr sæi fyrir hans hønd* (Hkr 337/15)

(32) *at honum þótti mikít í veitt, at Þrándr drógi saman skattinn um Austrey..* (Hkr 335/31)

(33) *þvíat þeim mǫnnum þótti ósýnt hvern friðr gefinn væri varnaði þeira..* (Hkr 369/24)

Honum / þeim mǫnnum er den/dei som tykkjer noko. I overskrifta har eg kalla dette for 'opplevar', og sett det i hermeteikn fordi denne termen ikkje har nokon tradisjon i norsk. Ordet som normalt blir bruka, er det engelske 'experiencer'. Utover i oppgåva vil eg også omtale same semantiske rolle som 'den verbhandlande' eller 'den som opplever verbhandlinga'. Svært ofte blir slike dativledd flytta fram og adjungert til AgrP.

Leiddsetningane skildrar det som blir tykt. Eg vil altså rekne dei som subjekt som er genererte i [spes VP], flytta oppover i strukturen slik DP-ar med same funksjon ville blitt, og deretter ekstraponerte. *Bezti, mikit* og *ósýnt* vil eg analysere som kjernar i AP-ar som er subjektspredikativ til leiddsetningane. Her er alt dette vist i projeksjonen for (33):



Líka

I norrønt tar *líka* 'den som likar noko' i dativ og 'det som blir lika' som subjekt i nominativ, jf. t.d. Faarlund 2004:218 og Haugen 1995:226:

(34) *hvat honum ok þeim likar* (SON 218/62b)

(35) *þetta líkar þrælnum illa* (GNS 226)

Derfor vil eg også analysere leddsetninga i (36) som subjekt for *líkaði*, sjølv om leddsetninga ikkje får kasus og ikkje står i ein subjektsposisjon. Det *mǫrgum* likar, er *at ráða til féfanga*:

(36) *líkaði mǫrgum vel at ráða til féfanga* (Hkr 387/21)

Analysen av denne setninga blir tilsvarende den som er vist i projeksjonen med *þykkja* over, men her er det ikkje noko predikativledd. *Vel* er eit adverbialledd i oversetninga.

3.2 Leddsetningar som subjekt – med determinativ

I norrønt er det altså nokså sjeldan leddsetningar fungerer som subjekt aleine, men i døma i dette delkapitlet er subjektet ein determinativfrase med ei leddsetning som utfylling – ein konstruksjon som er mykje vanlegare. Desse DP-ane blir også genererte i [spes VP] i aktivsetningar og [komp VP] i passivsetningar. På overflata står determinativa for det aller meste i [spes AgrP] eller [spes CP], men leddsetningane står framleis i ekstraposisjon.

Oversetningane i dette kapitlet kan på ingen måte reknast som subjektlaus, sidan dei har eit nominalt ledd med nominativ kasus i ein vanleg subjektsposisjon. Dette leddet er i dei fleste tilfelle demonstrativet *þat* i inkjekjønn nominativ eintal, men også andre former og andre ord er i bruk.

Grunninndelinga av dette delkapitlet er den same som i det forrige, men her er det i tillegg egne kapitler om andre bøyingsformer og andre determinativ enn *þat*.

3.2.1 Plassering av ledda i overflatestrukturen

I (37) og (38) er *þat* topikalisert. Eg vil rekne med at heile subjektet fyrst flyttar dit *þat* står, til [spes TP], [spes AgrP] og til [spes CP], og så at leddsetninga blir topikalisert etter dette:

(37) *þat* er konungs frami *at sigrask á óvinum sínum* (Hkr 377/15)

(38) *þat* er yðr at marke *at þér munuð finna barn vaft í reifum ok lagt í eto* (Hom 38/22)


I desse døma ser vi også på overflata at leddsetninga står i ekstraposisjon. I (37) står ho etter predikativet *konungs frami* i [komp VP], og i (38) står ho etter PP-en *at marke* som sannsynlegvis er høgreadjungert til VP.

I (39) st ur *þat* i [spes AgrP] i ei hovudsetning, i (40) i [spes AgrP] i ei leddsetning:

(39) var *þat* ok satt *at v r t l dum þ  at þv  er engi fekk r m fyrir Sigvati..* (Hkr 388/34)

(40) *at þat s  si ra    slandi, at b ndr s  skyldir   haustum at gefa..* (Hkr 391/4)

Her er det heilt eintydig i begge d ma at leddsetninga er ekstraponert. I (39) kjem ho etter predikativet *satt* i [komp VP]. I (40) etter *si ra* i [komp VP] og PP-en *   slandi* som heilt klart er h greadjungert til VP. Slik vil eg seie at projeksjonen for (40) ser ut:



Ein kan rekne med at *þat* som kjerne for eit leddsetningssubjekt st ur i [spes AgrP] eller [spes CP] p  overflata i s  godt som alle d ma i denne oppg va. Eventuelle spesialtilfelle der ein kan diskutere andre plasseringar, vil eg komme tilbake til der det er aktuelt. Diskusjonar kring passivsetningar vil eg ogs  her ta i eit eige kapittel.

3.2.2 Finitte leiddsetningar med determinativ som subjekt

Dei sju setningane under er vanlege døme på determinativ med finitt leiddsetning som subjekt, og *vera* som hovudverb:

- (41) nú er *þat* mitt ráð *at vér látim skírask* (Hkr 386/4)
- (42) var *þat* ok satt *at vér tölðum þá at því er engi fekk rúm fyrir Sigvati..* (Hkr 388/34)
- (43) *at þat* væri ráðligra, *at vér snørim aptr ok fórim ekki svá at..* (Hkr 311/37)
- (44) *þat* væri nokkur várkunn, *at þú heldir frænda þinn eða fóstbróður* (Hkr 324/4)
- (45) *þat* er yðr at marke *at þér munuð finna barn vaft í reifum ok lagt í eto* (Hom 38/22)
- (46) *þat* er *at vér sniðem af oss losto likams ok andar* (Hom 55/7)
- (47) *þat* er *at hann halde hǫndum hugar síns frá ágirni þeirra luta allra er..* (Hom 56/19)

I (41)-(43) stár *þat* i [spes AgrP], i (44)-(47) er *þat* topikalisert.

Vera kan samtidig ta eit dativobjekt, som vi ser i (45) (*yðr*). (46) og (47), derimot, har ingen andre ledd enn *þat*, *er* og *at*-setninga. Eit predikativt ledd for *vera* er, som vi også har sett før, ikkje obligatorisk i norrønt.

I norrønt má vi i ein del tilfelle også seie at ledd som ikkje er nominale eller adjektiviske, har ein predikativ funksjon. Dette gjeld ofte preposisjonsfrasar med ubestemt tidsreferanse:

- (48) *þat* var *einn dag*, *at menn konungs róddu sín í milli um veðr..* (Hkr 316/20)
- (49) *þat* var *á einni hverri nótt*, *at Steinn hljóp í brót ór bónum..* (Hkr 321/35)

Dette leddet kan også vere eit enkelt tidsadverbial som i (50), eller ein preposisjonsfrase som også uttrykker stad, som i (51):

- (50) *þá* var *þat lengi*, *at konungr vildi eigi koma at sjá hann..* (Hkr 348/38)
- (51) *þat* var *á einu húspingi er hann átti*, *at hann hafði þat mál í munni..* (Hkr 334/11)

I alle desse fire døma vil eg seie at *vera* har meir leksikalsk tyding. Setningane skildrar at noko skjedde eller fann stad på eit tidspunkt, heller enn at noko finst eller er til. Derfor vil eg også seie at dei adverbiale ledda er adjungerte inn i setninga, sjølv om dei har same plassering som predikativ, og også på mange måtar fungerer predikativt.

Nokre interessante tilfelle

Før eg går over til andre hovudverb enn *vera*, vil eg vise fire andre interessante tilfelle:

I (52) ser vi at leddsetninga kan vere veldig lang, og at DP-en som leddsetninga er ein del av, også kan innehalde eit relativledd. Oversetninga har bare tre ledd: *en*, *var* og subjektet:

(52) *en þat var, sem víða finnask dómi til, at þá er landzfólkit verðr fyrir hernaði ok fær eigi styrk til viðrtøku, þá játa flestir øllum þeim álögum, er sér kaupa frið í* (Hkr 339/21)

(53) viser eit døme på at fleire ledd kan stå i ekstraposisjon etter kvarandre. *Þat+at..* flyttar fyrst saman til [spes AgrP] før *at*-leddet blir ekstraponert. *Þá+er..* blir sannsynlegvis generert som venstreadjungert til AgrP, og så blir også *er*-leddet ekstraponert.

(53) *ótitt var þá þat, er vér várum ungir, at menn skyldu sitja eða liggja..* (Hkr 317/13)

Subjektlause setningar er forholdsvis vanleg i norrønt, og i (54) ser vi eit interessant tilfelle. Subjektet i leddsetninga kan droppast fordi det har same referanse som eit ledd i predikativet i oversetninga. *Svíá hers* er genitivsutfylling for *mikill hluti*, men også subjekt for *siglði*:

(54) *var þat mikill hluti Svía hers, at siglði um nóttina austr með landi, ok..* (Hkr 345/27)

Setning (55) er interessant fordi ho liknar svært mykje på moderne norske konstruksjonsmåtar, og fordi det kunne vere gode grunnar til å rekne leddsetninga som predikativ:

(55) *en þat var at fara til Bjarmalandz norðr* (Hkr 311/16)

Slik er konteksten denne setninga står i:

Tók þar fé konungs, svá mikit sem hann hafði orð til send, ok skip gott,
þat er honum þótti vel til fallit ferðar þeirar er konungr hafði fyrir ætlat,
en þat var at fara til Bjarmalanz norðr.

Þat kan seiast å fungere som eit pronomen som refererer til *ferðar þeirar er..* rett føre, og leddsetninga kan analyserast som eit predikativ til dette pronomenet.

Andre verb enn vera

Verbet *fylgja* tar i ein del tilfelle determinativ og finitt leddsetning som subjekt:

(56) en *þat* fylgir, *at ek mynda þess til at geta, at..* (Hkr 318/12)

(57) *þat* fylgði ok þessu, *at þá skyldu danskir menn hafa svá mikinn metnað..* (Hkr 411/28)

I (57) tar *fylgja* samtíðig datívobjektet *þessu*.

Elles finst det enkelte dømme med refleksivverb, her *staðfestask*, *finnask*, *sannast* og *berask*:

(58) þá staðfestisk *þat* með þeim *at Norðmenn þeir er þar váru komnir..* (Hkr 419/33)

(59) en *þat* fanzk á um Svía, *at þeim var þá títt heim at fara* (Hkr 345/26)

(60) ok finz *þat* hvarvitna í fornum lögum *at þessa fogle skyldi fóra guði..* (Hom 67/17)

(61) myndi *þat* sannast, ef mér þótti eigi.. *at ek mynda þik aldri kalla várn..* (Hkr 324/11)

(62) *þat* hafði ok at borizk í byggð þeiri er Björn réð fyrir *at þar urðu hvørf stór á nautum ok á svinum* (Hkr 354/13)

I (61) og (62) er det sannsynleg at dei tunge adverbiale ledda *ef mér þótti eigi..* og *í byggð þeiri er..* også er høgreadjungerte til CP, men dette er ikkje synleg på overflata.

Det ser også ut til at det ikkje-refleksive *bera* kan ta *þat* med leddsetning som subjekt, etterfølgt av preposisjonen *til*, med tydinga 'hende, skje' (jf. Heggstad et al. 1997:48, *bera til* (pers. og up.) bere til, hende):

(63) bar *þat* mest til, *at menn høfðu gíslat Knúti konungi sonu sína..* (Hkr 411/39)

(64) bar *þat* ok mjøk til, er hann fór, *at byskup trúði, at þat myndi með..* (Hkr 413/12)

3.2.3 Infinitte leddsetningar med determinativ som subjekt

I døma i dette avsnittet er subjektet ein DP med ei *infinit* leddsetning som komplement:

(65) *at þat* væri vel fallit, *at yrkja áminningarvísur nokkurar um þau tíðendi..* (Hkr 388/36)

(66) *at þat* myndi vera snjallræði *at fara til konungs ok fylgja honum til..* (Hkr 383/11)

(67) hvárt *þat* myndi vera vitrligt ráð *at treysta svá mjøk hamingjuna at fara..* (Hkr 376/31)

(68) var þeim *þat* forvitni mikil *at sjá konungs fylking* (Hkr 383/15)

Igjen står *þat* på ein vanleg subjekts plass, leddsetninga i ekstraposisjon, og ein AP eller DP er predikativ. I (68) har *vera* også eit indirekte objekt *þeim* framfor subjektsleddet *þat* i [spes AgrP]. Slike dativledd reknar eg sagt som venstreadjungerte til AgrP, blant anna basert på akkurat slike døme, der dativleddet kjem føre subjektet. Dette kjem eg tilbake til i 3.2.7.

3.2.4 Spørjesetningar med determinativ som subjekt

Det ser ikkje ut til å vere døme på *þat* pluss spørjesetning som subjekt i det materialet eg har gått gjennom. I *The Syntax of Old Norse* finst det to døme med innleiarorda *hvers* og *hverjar*:

(69) *eigi er þat blint, hvers þú eggjar* (SON 257/29c)

(70) *þat er engum manni blint, hverjar fǫður-bótr hugðar eru Hákonni..* (SON 254/22c)

Þat og leddsetningane ser ut til å fungere på akkurat same måte som i døma med finitte og infinitte leddsetningar.

3.2.5 Passivsetningar


Som vist i 3.1.5 kan leddsetningar fungere som subjekt i passivkonstruksjonar:

(71) *þat er ekki leynt, at þeir munu fullkomliga vilja vera várir óvinir* (Hkr 318/22)

(72) *er þat ólíkliga mælt, at ek mynda vera vilja skaðamðr Þórálfs..* (Hkr 318/23)

(73) *at þat var skylt ok heimilt, at hann veitti þann beina at ørendi konungs* (Hkr 335/32)

Þat står i [spes CP] eller [spes AgrP] på overflata. Derfor får vi her ingen diskusjon om dei interne argumenta i basestrukturen verkeleg kan definerast som subjekt i overflatestrukturen når ein ikkje kan sjå om dei har vore innoom subjekts plassane. Det må vere liten tvil om at *þat* er subjekt, sjølv om vi strengt tatt ikkje kan sjå om det har nominativ eller akkusativ kasus. Og ein må som sagt rekne med at leddsetningsutfyllinga flyttar saman med determinativ-kjernen heile vegen før ho blir ekstraponert. Her er dette vist med projeksjonen for (71):



3.2.6 Koma og andre verb som er inakkusative i moderne norsk

Koma

Koma tar gjerne determinativ og finitt leddsetning som subjekt:

(74) kom þá þat upp, at Þórir hafði þá þar óf lausaffjár (Hkr 328/18)

(75) en þat kom ásamt með öllum, at þeir vildu engan skatt gjalda.. (Hkr 330/19)

Som i 3.1.6 vil eg analysere leddsetningsargumenta som eksterne argument for *koma*, sjølv om dei står til slutt. Her er dei utfylling til determinativet *þat*, som står i ein av dei vanlege subjektsposisjonane på overflata: [spes AgrP] i (74) og [spes CP] i (75). Eg vil seie vi her har eit godt argument for å ikkje rekne *koma* som intransitivt i norrønt; *þat* og leddsetninga ser ut til å oppføre seg på akkurat same måte som eksterne argument elles i dette kapitlet.

Liggja

Med *þat* og *infinitt* leddsetning som subjekt finst det også døme med *liggja*:

(76) en nú skal þat eigi niðri liggja, er honum er þó mest vegsemð í, at segja frá
jartegnagørð hans, þótt þat sé síðarr ritit í þessarri bók (Hkr 416/36)

Her ser det ut til at subjektet også inneheld ei relativsetning (*er honum er þó..*) i tillegg til determinativet og infinitivsleddet. Dette dømet viser også at leddsetningsargument ikkje treng å stå heilt sist når ytringa også inneheld eit *þótt*-ledd som er kommentar til heile oversetninga.

3.2.7 *Þykkja* og andre verb som tar 'opplevar' i dativ

Þykkja

Þykkja tar gjerne determinativ og leddsetning som subjekt, tilsvarande konstruksjonane utan determinativ i 3.1.7. Dette gjeld både finitte leddsetningar (77) og (79), infinitte leddsetningar (78) og spørjesetningar (80):


(77) vel þykki mér þat, Finnur, at vit skilim (Hkr 328/10)

(78) nú þykki mér þat sýnligast at fara aptr í ríki mitt, ok.. (Hkr 345/38)

(79) þykki mér þat ráð, segir konungr, at Haraldr bróðir minn sé eigi í orrostu (Hkr391/14)

(80) þykkir oss þat undarligt, hví þeir draga sik meir undan lyðni við kirkuna.. (DN 2-95)

I alle desse fire døma ser vi at enkle, personlege dativledd (*mér* og *oss*) har flytta forbi *þat*, som er kjernen i subjektet. Desse indirekte objekta er 'opplevarane' i setningane, og er dei ledda som er mest prototype subjekt *semantisk*. Som vi har sett før, forsøker gjerne slike ledd å flytte til ein subjekts plass, oftast til det som ville tilsvare [spes AgrP], altså rett etter verbet i hovudsetningar. Nå står derimot *þat* i [spes AgrP] i desse døma, så det er fullstendig klart at dei flytta dativledda må adjungerast inn. Her er dette vist med projeksjonen for (78):



Dersom ein samanliknar konstruksjonar som dette med og utan determinativ, ser ein altsá at det blir plassproblem nár þat er til stades, og eit dativobjekt med 'opplevar'-rolle, likevel vil flytte til plassen rett etter det finitte verbet. Dette vil eg seie er eit godt argument for á ikkje rekne slike ledd som flytta *inn* i [spes AgrP]. Vi má kunne rekne med at subjektet fyller [spes AgrP] nár det er til stades i den indre delen av setninga.

Subjekt i [spes TP] eller hovudsetningsstruktur i ei leddsetning?

I eit anna dme med þykkja dukkar eit nytt problem opp. Her kunne det sjá ut til at dativleddet flyttar forbi verbet, men hovudsetninga er ei finitt leddsetning med at i C:

(81) at mnnum þykkir þat hér í landi vandi mikill at sitja hér konungslaust.. (Hkr 341/27)

Dersom ein reknar med at dativleddet mnnum er venstreadjungert til AgrP, má þat ha stoppa i [spes TP] og [spes AgrP] blir stáande tom.

Eg har argumentert for at alle subjekt alltid flyttar til [spes AgrP] og brukt dette som argument for andre analysar i oppgåva. Her kunne det altså ha vore eit unntak. Men sannsynlegvis er det heller slik at vi her har eit tilfelle av hovudsetningsstruktur i ei leddsetning. Tek ein det innleiande *at* ut av strukturen, og analyserer resten som ei hovudsetning med dativleddet *mönnum* topikalisert, verbet i C og *þat* i [spes AgrP], fell også dette dømet inn i mønsteret.

Bjóða í hug

Bjóða í hug er ein fast konstruksjon som tar 'den som har noko i hugen' i dativ og 'det som er i hugen' som subjekt i nominativ, jf. Heggstad et al. 1997:52 (*e-m býðr e-t í skap (hug)*). Det ser ut til at dette subjektet også kan bestå av *þat* og ei finitt leddsetning:

(82) *bauð konungi þat helzt í hug at þar myndi vera kominn Óláfr Tryggvason* (Hkr 377/7)

Dette dømet tilsvarar heilt (77)-(80) over. Eit personleg dativledd flyttar til plassen rett etter verbet, men der står *þat* allereie, og *konungi* må heilt klart vere adjungert til AgrP.

Teljask í huginn

Det finst også eit døme med *þat* og infinitt leddsetning som subjekt for konstruksjonen *teljask í huginn* (jf. Heggstad et al. 1997:434: *telst e-m e-t í hug*, det leikar i eins hug, ein har lyst til noko). 'Den som har noko i hugen' står i dativ og 'det som leikar i hugen' er subjekt:

(83) (Konungr hafði þat enn i ráðagörð sinni..) *þat talðisk lengstum í huginn at hugsa ef nökkur fǫng myndi til verða at hann næði ríki sínu í Nóregi* (Hkr 376/25)

I sjølve setninga med *teljask í huginn* er 'opplevar'-leddet stroke, men det kjem fram av konteksten at det er underforstått at dette er *kongen*.

3.2.8 Andre bøyingsformer enn *þat*

Dersom predikativet for *vera* er ein DP som inneheld eit substantiv som er hankjønnt eller hokjønnt, kan inkjekjønnsforma *þat* bytast ut med hankjønnsforma *sá* eller hokjønnsforma *sú*:


(84) *sú er bón mín*, konungr, at þú látir okkr hvárki skiljask lífs né dauða (Hkr 390/20)

(85) *en sú var orðsending konungs*, at hann beiddi þess Íslendinga, at þeir.. (Hkr 320/1)

(86) *at sú var ætlan hans* at fara þá ór landi í brot (Hkr 369/26)

(87) *þvíat sú var skynseme skirnar hans* at af honum helgaðosk vǫtn þau.. (Hom 59/9)

Bón, *orðsending*, *ætlan* og *skynseme* er hokjøn, subjektet blir samsvarsbøygð med desse, og determinativkjernen får bøyingsforma *sú*.⁷ Her er dette vist med projeksjonen for (86):⁸



Men det er ingen direkte automatikk i dette. Det finst fleire døme på at kjernen i subjektet er *þat* sjølv om predikativet inneheld eit substantiv i hankjøn eller hokjøn:

(88) *þat* er *konungs frami* at sigrask á óvinum sínum (Hkr 377/15)

(89) ok er *þat minn vili*, at svá gerim vér allir (Hkr 325/23)

(90) at *þat* var eigi *siðvenja* at skipta herfangi eigi fyrr en heima.. (Hkr 314/35)

(91) var þeim *þat forvitni mikil* at sjá konungs fylking (Hkr 383/15)

Forma *þat* er inkjekjøn, men *frami* i (88) og *minn vili* i (89) er hankjøn, og *siðvenja* i (90) er hokjøn. *Forvitni* i (91) kan vere både inkjekjøn og hokjøn, men adjektivforma *mikil* viser at det er hokjøn her.

Det er naturleg å tenke seg at det er ei språkutvikling på gang. Forma *þat* blir bruka i alle tilfelle der det ikkje er noko predikativ, i alle døme der ein preposisjonsfrase kan seiast å

⁷ Det ser ikkje ut til å finnast døme i mitt materiale på at *sá* aleine har ei leddsetning som utfylling, men det skulle ikkje vere teoretiske årsaker til at bare hokjønnsforma kan brukast, og det finst mange døme på at *sá* pluss eit *substantiv* kan ha leddsetningsutfylling. Det same gjeld fleirtalsformene av *þat*; det ser heller ikkje ut til å finnast døme med t.d. *þau* som kjerne i subjektet dersom predikativet inneheld eit substantiv i fleirtal.

⁸ Eg tar ikkje stilling til plasseringa av *hans* i DP-en, og viser derfor ikkje projeksjonen for heile predikativet.

fungere som predikativ, og i alle setningar der predikativet er eit adjektiv; det er nøytrumsforma av adjektivet som blir bruka når det viser til ei leddsetning. Dette gir eit overveldande fleirtal av konstruksjonar med *þat* som kjerne i subjektet, noko som kan føre til den reanalysen at det *alltid* er *þat* som skal brukast:

- **Stadium 1:** Nøytrum eintal *þat* blir nytta i *dei fleste* tilfelle der ordet *þat* og ei leddsetning er subjekt for *vera*.
- **Stadium 2:** Nøytrum eintal *þat* blir nytta i *alle* tilfelle der ordet *þat* og ei leddsetning er subjekt for *vera*. (Reanalyse)

På det tidspunktet tekstane er skrivne, ser språkutviklinga ut til å ligge mellom stadium 1 og 2. Ulike språkbrukarar brukar den eine eller den andre varianten, eller same språkbrukar kan bruke begge variantar. Det er også muleg at bare varianten frå stadium 1 er i bruk i skrift fordi skriftspråk er konservativt. Men utan tilgang til morsmålsbrukarar frå dette språkstadiet, kan vi ikkje vite meir enn at begge variantane har eksistert.

Uansett er det god grunn til å rekne med at ei språkending er i gang, som går mot at *þat* nyttast i alle konstruksjonar som her, uavhengig av kva kjønn ein DP i [komp VP] har.

3.2.9 Andre determinativ enn *þat*

Også andre determinativ enn *þat* kan ta leddsetningar som utfylling slik at dei saman fungerer som argument. Dette gjeld i hovudsak orda *hitt*, *þetta* og *svá*.

Hitt

Hitt kan fungere determinativt med alle typar leddsetningar som komplement:

- (92) en er *hitt* vænst, Leifr, at sjá *þetta silfr er goldizk hefir í landskuldir*.. (Hkr 336/34)
- (93) *hitt* verðr enn ekki sagt, *hverjum þú unnir mest* (SON 257/29b)
- (94) *hitt* er nú vænst, at *þér sé minni virðingar af unt, þvíat*.. (Hkr 327/5)
- (95) ok væri *hitt* makligra, at *þú bæðir eða byðir fé til* (Hkr 375/1)
- (96) en *hitt* var af ráðit, at *þeim skyldi halda þar til þess er sýslumenn*.. (Hkr 330/21)

I norrøne tekstar er *hitt* oftast 'den frittstående varianten av bestemt artikkel' (jf. td. Spurkland 1998:90ff). Dersom ein vil rekne subjekta i setningane over som semantisk heilt tilsvarende

subjekt med *þat*, må det vere dette ordet som er i bruk her. Men *hitt* kan også bety 'det/den/ dei andre', og det vil ofte vere usikkert om det er den eine eller den andre tydinga som gjeld.

I (92) er det sannsynleg at tydinga som er meint er 'det andre / noko anna er betre'.

I (93) er det også muleg å tenke seg at *hitt* har ekstra semantikk som det. Derimot er (94) og (95) tvilstilfelle der det heller ikkje hjelper stort å sjå på setningane i kontekst, men i (96) blir det i samanhengen nokså klart at *hitt* betyr 'det andre':

en þat kom ásamt með ǫllum, at þeir vildu engan skatt gjalda Nóregs-konungi,
en sendimennina vildu sumir hengja láta, en sumir láta þá hafa til blóts; en
hitt var af ráðit, at þeim skyldi halda þar til þess er sýslumenn Svía-konungs kvæmi

I staden for dei to fyrste forslaga som blir nemnt, *hengja* og *hafa til blóts*, bestemmer dei seg for eit tredje forslag, nemleg å *halda þar til þess..* .

Sjølv om *hitt* skulle bety 'det andre' i alle konstruksjonane over, og ikkje bare 'det', vil eg likevel seie at setningane skal kategoriserast saman med døme med *þat*. Den syntaktiske truktura må vere den same: *Hitt* er kjerne i ein DP med ei leddsetning som utfylling og *hitt* plasserer seg i oversetninga slik andre subjekt gjer. *Hitt* med tydinga 'det andre' er like mykje eit determinativ som *þat*. I NRG blir også dei moderne norske *den, denne* og *hin* skildra i same kapittel – som demonstrative determinativ.

Elles vil eg nemne at ein sannsynleg analyse av (95) også er at leddsetninga *aleine* er subjekt og at *hitt makligra* er predikativ med tydinga 'det beste, det mest verdige'. I så fall skulle dette dømet stått i kapittel 3.1.

Slik *sá/sú* kan brukast i staden for nøytrumsforma *þat* når predikativet er ein DP med hankjøn/hokjøn, kan også *hinn/hin* komme i staden for *hitt*:

(97) *hinn* er *annarr kostr*, at lokit sé sætt allri (Hkr 327/12)

(98) *hinn* er *annarr kostr*, er sýniligri má þýkkja, at taka við vináttu Knúts.. ok Hákonar jarls ok gerask þeira maðr ok selja til þess trú þína ok taka hér mála þinn (Hkr 375/7)

Kostr er hankjøn, og *hinn* blir samsvarsbøygð med dette i [spes DP] i predikativfrasen, slik vi såg *sú* blei i projeksjonen for (86) lenger oppe. Men heller ikkje her er dette gjennomført:

(99) en *hitt* er *alþýðu sǫgn* at Óláfr væri xv. vetr konungr yfir Nóregi áðr.. (Hkr 369/10)

Alþýðu sögn er hokjøn, men *hitt* er likevel brukt i nøytrumsforma. Det er sannsynleg at ein reanalyse har skjedd, eller vil skje, her også, med same argumentasjon som i 3.2.8: *Hitt* er mykje vanlegare enn *hinn* og eventuelle andre bøyingsformer, og i språkinnlæring vil det vere lett å reanalysere dette som at *hitt* alltid er riktig.

Eg vil også påpeike at dersom *hinn* betyr 'den andre' i (97) og (98), blir det same sagt to gonger, sidan *annarr* også betyr 'den andre'. Med moderne norsk som morsmål er det vanskeleg å tenke seg at det kan vere riktig, men i norrønt er det sannsynleg at det nettopp er det som er meint. I (99) vil eg seie at tydinga til *hitt* er eintydig: I konteksten er det ikkje gitt fleire forslag til kor lenge Olav var konge; skrivaren fortel kven han har informasjonen frå, argumenterer for kvifor ein bør tru på den personen, og gir så denne informasjonen. Dermed har *hitt* sannsynlegvis same tyding som *þat* her, ikkje som *annarr*.

Þetta

I det materialet eg har gått igjennom, er det få døme på *þetta* brukt som subjekt med leddsetning som utfylling, men her er eitt med finitt og eitt med infinitt leddsetning:

(100) *at þetta hafði farit at getu hans, at Knútr konungr hafði eigi lengi verit í..* (Hkr 348/12)

(101) *þetta hefir eigi fyrr gørt verit, at berja menn mína* (Hkr 329/23)

Þetta ser ut til å fungere akkurat som *þat* og *hitt*: Determinativet står på ein vanleg subjekts plass, og leddsetninga er ekstraponert.

Det finst også eit døme der ein kunne rekne *þetta* med leddsetningsutfylling som subjekt for eit underforstått *vera*:

(102) (*þat væri nokkur várkunn, at þú heldir frænda þinn eða fóstbróður*), en *þetta* allz engi, *at hafa tekizk á hendr mann íslenzkan, at halda útlaga konungs ok hafa nú þik í veði ok alla frændr þína* (Hkr 324/4)

Analysen som i så fall må ligge til grunn for (102), er at heile predikatet i starten av dømet, *væri nokkur várkunn*, fyrst står til subjektet *þat..at þú heldir frænda þinn..*, og deretter står underforstått til *þetta at hafa.. at halda.. ok hafa..* .

Sidan *þetta* er eit determinativ og også oppfører seg som andre determinativ, ser eg ingen grunn til å anta at dette er ein dårleg konstruksjonstype i norrønt sjølv om det nesten ikkje finst døme. Det er sannsynleg at det å bruke *þetta* i staden for *þat* er grammatisk, men sjeldan.

Hvat

Det kan også sjå ut som det er muleg for spørjeordet *hvat* å ta ei leddsetning som utfylling:

(103)*hvat er mér verra, at trúa á Hvítakrist en á annat goð* (Hkr 386/3)

Hvat er topikalisert og leddsetninga er ekstraponert, men det er truleg at desse er generert saman som subjekt for *vera*.

Svá

Adverbet *svá* kan brukast determinativt med ei leddsetning som utfylling, både som subjekt for *vera* (104), *verða* (105), *koma* (106) og i passivkonstruksjonar (107)/(108):

(104)*svá var ok um Kálf Árnason, at þá fann hann í hverja snöru hann hafði..* (Hkr 417/20)

(105)*varð þá svá, at margir menn ganga til handa þeim konungum ok játuðu..* (Hkr 339/23)

(106)*kom þá svá, at flestir menn höfðu siglt* (Hkr 328/4)


(107)*svá var mælt, at engi skyldi renna frá øðrum..* (Hkr 312/28)

(108)*var svá gørt at þingboð var upp skorit ok stefnt þing fjölment* (Hkr 330/16)

Det ser ut til at *svá* for det meste oppfører seg som andre determinativ i konstruksjonane her. Det flyttar til [spes CP] i (104) og (107), og det er sannsynleg at det står i [spes AgrP] i (108). Men i (105) og (106) ser vi for fyrste gong døme på at determinativet står inntil leddsetninga i synleg syntaks når desse saman er subjekt: Setningane startar med verbet (*varð/kom*), så kjem eit enkelt adverbialledd *þá*, og til slutt heile subjektet med *svá* rett føre *at*. Sidan det er så få ledd i setninga er det vanskeleg å seie kor subjektet er plassert, og om kjernen og utfyllinga i subjektet faktisk står inntil kvarandre i den syntaktiske strukturen. Eg har tidlegare argumentert for at adverbiale ledd i hovudsak blir venstreadjungert til TP eller høgreadjungert til VP, men eg har også vist at det må finnast ein del unntak for dette – spesielt for så enkle frasar som *þá* aleine. Tidlegare har eg venstreadjungert *þá* til både AgrP og VP. Dette gir i hovudsak desse mulege analysane for (105) og (106):

- a) *þá* er venstreadjungert til AgrP, *svá* står i [spes AgrP] og *at*-setninga er ekstraponert
- b) *þá* er venstreadjungert til AgrP og heile subjektet står i [spes AgrP]
- c) *þá* er venstreadjungert til VP (eller TP) og heile subjektet er ekstraponert

Samanlikna med analysane av andre døme tidlegare og seinare i oppgåva, vil iallfall b) vere utelukka. Ingen døme viser klart at leddsetningar kan stå inni ei setning. c) er ein muleg analyse, det finst nokre døme på at *þat*+leddsetning som *objekt* står saman til slutt i ei setning, men eg har ingen døme med subjekt som viser dette klart, og også få døme der det er teoretisk muleg i det heile. Derimot er ein analyse som i a) svært vanleg for alle variantar av leddsetning med determinativ som subjekt. Her er dette vist med projeksjonen for (105):



Sjølv om *svá* og *at* står inntil kvarandre i lyd eller skrift, vil eg altså seie at vi må rekne med at det er mange plassar mellom dei i den syntaktiske strukturen. (Sjå liknande diskusjon i 5.5.4.)

Er svá at-ledda subjekt eller adverbial?

Ei anna sak er om *svá at..* i døma over skal kunne reknast som subjekt i det heile. Sidan *svá* i utgangspunktet er eit adverb i norrønt, og det i døma her er kjernen i ein frase, bør det kunne vere tvil om dei aktuelle ledda er argument eller adverbiale ledd. I 4.2 kjem det opp ein del tvilstilfelle for om *svá at*-ledd er adverbial eller *objekt*, men i døme (104)-(108) over vil eg seie det er nokså sikkert at *svá at..* er subjekt. Eit uttalt subjekt er ikkje obligatorisk i norrønt, så teoretisk er det muleg å diskutere om eit ledd er subjekt eller adverbial. Men i desse døma vil vi i så fall ende opp med setningar utan argument i det heile, og det er heller ingen

predikative ledd der det kunne vore aktuelt. Det finst jo også norrøne verb som ofte blir bruka aleine utan argument, men det er ikkje slike verb vi har med å gjere her.

Er svá at-ledda subjekt eller predikativ?

Med *vera* og *verða* kan det i ein del tilfelle vere vanskeleg å avgjere kva av to ledd som er subjekt og kva som er predikativ. Det er naturleg å tenke at subjekt er meir obligatorisk enn predikativ, vi har sett fleire døme der *vera* bare har subjekt, og det er sannsynleg at det også er tilfelle her. Sidan direkte objekt i aktiv blir subjekt i passiv, er det også sannsynleg at *svá at..* blir generert som internt argument for *mæla/gera* og så blir subjekt for *mælt/gørt* i (107)/(108)

Det finst mange døme på at *koma* står utan argument i norrønt, til dømes i lange tekstpassasjar der dei same personane er tema heile vegen og subjektet dermed er underforstått. Sidan *koma* oftast blir bruka som eit einverdig verb, blir det da gjerne ingen andre ledd i setninga enn til dømes stads- og tidsadverbial. Men for (106) i kontekst vil eg seie at ein slik analyse ikkje er sannsynleg:

þá gengu *menn* til skipa sinna ok bjoggusk til brotloðu; tóku þá *menn* at sigla, þegar er búnir váru; *kom þá svá at flestir menn höfðu siglt*. Sá Finnr þá at þyntisk liðit um hann.

Subjektet som blir gjentatt heile vegen, *menn*, blir også gjentatt i *svá at*-leddet: *flestir menn*. Dermed er einaste fornuftige analyse at *svá at*-leddet faktisk er subjekt, og ikkje at det er eit adverbial som inneheld det same leddet som eit underforstått subjekt ville referert til.

Elles vil eg også nemne at det er spesielt vanleg at *svá* er kjerne for leddsetningssubjekt når verbet i oversetninga er *segja* i passiv:

(109)ok er *svá* sagt at *sú væri fjölkunnig mjök..* (Hkr 315/20)

(110)*svá* var sagt fyrr at *Óláfr konungr var þann vetr austr í Sarpsborg..* (Hkr 315/36)

(111)*svá* er mér sagt, at *þat sé siðra á Íslandi, at..* (Hkr 391/4)

3.2.10 At *segja*-konstruksjonar / objektsløfting


I materialet finst det mange ulike konstruksjonar som liknar på dei tre rett over ((109)-(111)). Naturleg nok, fordi leddsetningar ofte gir att direkte tale, og *segja* er det vanlegaste verbet som skildrar at noko er ytra. Blant anna finst det mange døme med *þat* i subjektsposisjon rett før eller rett etter *er, segja* i infinitiv med infinitivsmärke, og ei finitt leddsetning til slutt:

(112) *þat er at segja frá ferð Óláfs konungs at hann fór fyrst ór Nóregi austr..* (Hkr 370/13)

(113) *þat er at segja frá fõr Finnz, at hann hafði skútu ok á nær xxx. manna* (Hkr 326/16)

Det er fleire mulege analysar her. *þat* og den finitte leddsetninga kan vere subjekt for *vera* og *at segja frá ferð.. / fõr..* predikativ. Det er ein slik analyse som må ligge til grunn dersom desse setningane nå er plassert i riktig delkapittel: leddsetningar som subjekt, med determinativ.

Men det er også muleg at *þat* hører til i den infinitte leddsetninga, at det er objekt for *segja*, basegenerert saman med den finitte leddsetninga bakarst. I så fall består oversetninga bare av to ledd, hovud verbet *er* og resten. Objektet i undersetninga flyttar så ut og inn i [spes CP] oversetninga, der *þat* blir ståande medan leddsetninga blir ekstraponert. Her er (112) vist med ein slik struktur:



¹⁰ Faarlund (2004:138) reknar *at segja*-leddet som komplement for *vera* i eit tilsvarende døme, og seier at dette er ein måte å konstruere *gerundiv* på.

Med dette er (112) og (113) heller døme på infinitt leddsetning som subjekt utan determinativ, med ei finitt leddsetning pluss determinativ som objekt i denne infinitte leddsetninga. Men *þat* flyttar altså opp i oversetninga, og fungerer som subjekt der. I projeksjonen har eg sett *þat* rett inn i [spes CP] oversetninga, men det er også sannsynleg at *þat* flyttar innom både [spes VP], [spes TP] og [spes AgrP] på vegen, og dermed heilt sikkert må ha nominativ kasus. Dette blir gjerne kalla *objektsløfting*, jf. t.d. NRG:1029ff. Meir om dette i moderne norsk i 5.2.4.

Eit argument *mot* slik flytting gjennom subjekts plassane kunne vere dette dømet, der verbet i den infinitte leddsetninga er *leyna*, og determinativet heilt klart ikkje har nominativ kasus:

(114) ekki er *því* at leyna, *hverr minn áhugi er um verk þetta, at ek hygg..* (Hkr 318/8)

Men her kjem ei ny problemstilling inn. *Því* er ikkje topikalisert, og det er heller ingen ledd i oversetninga som kan vise sikkert at *því* faktisk står i ein subjektsposisjon. Det er også muleg her at *því* ikkje er flytta inn i oversetninga i det heile.

Som nemnt kort i 2.2.8 er det i norrønt muleg å topikalisere ledd forbi *at* i ei finitt leddsetning. Tilsvarande forhold skriv Faarlund om blant anna i artikkelen "Parameterization and change in non-finite complementation" (Faarlund 2007:67):

"These structures may be instances of movement to Spec-CP, somewhat parallell to what we find in finite clauses. The structures (...) are rather common in Old Norse."

Vi vil sjå døme seinare der det er eintydig at ledd som er flytta forbi infinitivsmarket ikkje står i oversetninga. I (114) kan vi ikkje vite sikkert kor *því* står, men sidan det har dativ kasus, er det iallfall sikkert at det ikkje står i posisjonen [spes AgrP].

Derimot viser Faarlund eit tilsvarande døme der det framflytta leddet er ein DP, i fleirtal. Og her er *vera* samsvarsbøygd med denne DP-en:

(115) *eru* slíkar mínar at segja frá honum (SON 138/42a)

Dette må dermed heilt klart vere objektsløfting. *Slíkar mínar* er basegenerert som objekt for *at segja*, men flytta inn i oversetninga. Fyrst til [spes VP], så til [spes TP] der det får nominativ kasus, og til [spes AgrP] der det skjer subjekt–verb-kongruens.

Det finst også andre døme der det kan sjå ut til at eit løfta *þat* står i [spes AgrP], men det er også muleg at *þat* har gjennomgått objektframflytting, eller er topikalisert i undersetninga:

(116)nú er *þér þat* at segja, Finnr Árnason, *at ek vil at þú farir sendiferð..* (Hkr 326/12)

(117)ok er *þat* skjótast frá ferð hans *at segja, at hann létti eigi fyrr en..* (Hkr 359/19)

I (116) er både *þat* og det indirekte objektet *þér* flytta frá baseposisjonen i undersetninga, men vi kan ikkje sjå om dei har gått heilt inn i oversetninga eller ikkje. Det er tre mulege analysar:

a) *þér* er venstreadjungert til AgrP i oversetninga, medan *þat* fyrst er løfta inn i [spes VP] og deretter flytta til [spes TP] og til [spes AgrP] som eit subjekt.


b) *þér* er venstre-adjungert til AgrP og *þat* er venstreadjungert til TP ved objektframflytting, eventuelt er både *þér* og *þat* adjungert til TP slik.

c) *þat* er topikalisert til [spes CP] i undersetninga og *þér* er venstreadjungert til CP rett framfor dette. (Eller kanskje burde ein rekne begge ledda som venstreadjungerte til CP.)

Eg vil seie at desse tre analysane er omtrent like sannsynlege.⁹

I (117) er både *þat* og *frá ferð hans* flytta frá baseposisjonen i undersetninga, men eg vil seie det er nokså sikkert at *skjótast* hører til oversetninga. I så fall er det sannsynleg her at *þat* er løfta inn i oversetninga, medan *frá ferð hans* er topikalisert i undersetninga. Her er dette vist med ein projeksjon for (117):

⁹ Objektframflytting og flytting av *to* ledd framfor infinitivsmerket kjem eg også tilbake til i kapittel 4.



Konstruksjonar som (118) og (119) er også frekvente, men her vil eg seie at *at segja*-leddet er komplement til adjektivet *satt*, som er kjernen i eit predikativ i [komp VP]:

(118) *þat er þá satt at segja, at vér höfum komit í mikit vandkvæði ok orðit..* (Hkr 319/4)

(119) *ok er þat satt at segja, at verit hafa þær stundir..* (Hkr 334/34)

Översetningane er også her subjektlause i basestrukturen, men *þat*, kjernen i objektet for *segja*, blir løfta opp for å fylla subjektsfunksjonen der. Her står *þat* på plassen rett føre eller rett etter verbet i översetninga, i begge tilfelle lenger fram enn *satt* i [komp VP], og det er eintydig i begge døma at det har flytta heilt ut av undersetninga.

3.3 Leiddsetningar som utfylling til substantiv

Leiddsetningar kan også vere utfylling til nomenfrasar. Eg vil da framleis rekne subjektet som ein DP, men det er eit *substantiv* som er kjernen for leiddsetninga. Substantivet kan vere subjekt saman med leiddsetninga aleine, men oftast inneheld subjektet også eit determinativ. Determinativa vil naturleg nok vere samsvarsbøygde med substantiva. DP-ane kan også innehalde andre ledd i tillegg, og ulike typar determinativ er i bruk.


Så godt som alle døma her er med finitt leiddsetning, så eg deler ikkje dette kapitlet inn i mange underkapittel, men skisserer nokre få tilfelle med andre leiddsetningstypar til slutt.

Finite leiddsetningar

Eit typisk døme på konstruksjonen som er omtalt her, er med finitt leiddsetning som utfylling til *tíðendi* – her som subjekt til det reflexive *spyrjask*:

(120) *þau tíðendi spurðusk í Nóreg, at Knútr inn ríki dró saman her óvígjan..* (Hkr 358/5)

Determinativ og substantiv er her topikalisert og leiddsetninga ekstraponert. Slik ser projeksjonen for (120) ut:¹⁰



¹⁰ I denne oppgåva vil eg ikkje ta stilling til om reflexivdelen av reflexivverb blir basegenerert saman med verbet eller ikkje.

DP-ar med determinativ, substantiv og leddsetning kan vere subjekt for både kopulaverb (121)/(122), refleksive verb ((123) og (120) over), passivsetningar (124), og *koma* (125):

(121)skjót eru *boð mín*, Finnur, *at ek vil mál alt festa í konungs dóm, þat er..* (Hkr 327/2)

(122)*sá atburður* varð á einum sunnudegi, *at Óláfr konungr sat í háseti sínu..* (Hkr 378/20)

(123)*sú ráðagörð* staðfestisk í skapi mér *at ek ætla í vár at bjóða út leiðangri..* (Hkr 325/5)

(124)en eigi var *sú sök* við hann rétt fundin *at hann væri hnöggr fjár við sína..* (Hkr 371/21)

(125)en þar kómu *þau svör* í mót, *at allir menn tölðusk undan fyrirni* (Hkr 334/17)

Her er determinativa bøyingsformer av demonstrativet *þat* (122)-(125), og possessivet *mín* i (121). Determinativ og substantiv stár saman i alle døma, i [spes AgrP] eller topikalisert.

Er substantivet subjekt eller predikativ?

I fleire tilfelle er det vanskeleg å sjå forskjell på konstruksjonane her og i 3.2, spesielt dersom subjektet har *þat* som kjerne. Er substantivet her ein del av subjektet eller er det predikativ?:

(126)þá var *þat tíðenda* í Austrey í Gøtu at Prándar, *at einn góðan veðrdag..* (Hkr 317/4)

Her løyser problemet seg fordi *tíðendi* er eit fleirtalsord, så dersom *þat* hadde stått direkte til *tíðenda* burde det hatt fleirtalsform, og *vera* burde hatt forma *eru*. Dermed kan vi rekne med at *þat* stár til leddsetninga, men at *tíðenda* er predikativ og at dette dømet skulle stått i 3.2.

Døme (127) minner også om konstruksjonane i 3.2:

(127)en er *orðsending Sveins konungs* kom til Kálfs inn á Eggju, *sú, at hann skyldi róa leiðangr með konungri, þá tók Kálfr tvítøgsessu* er hann átti (Hkr 417/37)

Subjektet her er *sú orðsending Sveins konungs at hann skyldi..*, altså med eit genitivledd i frasen i tillegg. Substantivkjernen og genitivleddet stár i [spes AgrP], og determinativet og leddsetninga ser ut til å stá saman i ekstraposisjon. Sannsynlegvis stár *sú* saman med leddsetninga for å gjenta det leddet som leddsetninga er utfylling til. *Orðsending* stár så langt unna at *sú* må nyttast for å minne om at leddsetninga er utfylling til eit substantiv i hokjønnt eintal. Merk også at utfyllinga til relativpartikkelen *er, þá tók..*, er ekstraponert etter leddsetninga.

Infinitte leddsetningar

Infinitte leddsetningar som subjekt på denne måten er som nemnt sjeldan:

(128) nú var *þat ráð* tekit, *at róa liðinu öllu austr með landi* (Hkr 345/9)

(129) (*þat þykki mér undarligt*, er þú velkir þat fyrir þér, svá þat ef þú ætlask þat fyrir at leggja niðr konungstígn þá er guð hefir gefit þér;) slíkt it sama *sú ætlan at vera hér ok þiggja ríki af útlendum konungum ok þér ókunnum* (Hkr 377/10)

I (128) er *þat ráð at róa liðinu..* subjekt i ein passivkonstruksjon med *taka* som hovudverb. Leddsetninga er ekstraponert, resten av subjektet står saman i [spes AgrP].

I (129) vil eg analysere *sú ætlan at vera hér ok þiggja..* som subjekt til eit underforstått gjentatt *þykki mér undarligt*. Det er vanskeleg å seie om *slíkt it sama rett* føre *sú ætlan* er eit adverbialledd, eller om dette også er ein del av subjektet.

Spørjesetningar

Eg har funne eitt døme der ei spørjesetning er utfylling til substantiv som subjekt:

(130) *sú óhamingja fœður míns* er mér auðsæst, *hversu honum glapnaði sona..* (Hkr 324/9)

Determinativet er *þat* i hokjøn, samvarsbøygð med substantivet *óhamingja*, og subjektet inneheld også genitivsleddet *fœður míns*. Alle ledda utanom leddsetninga står i [spes CP].

3.4 Konklusjon: leddsetningar som subjekt i norrønt

I dette kapitlet har vi sett at alle typar nominale leddsetningar kan fungere som subjekt for mange ulike verb i norrønt, enten aleine eller som utfylling til determinativ eller substantiv. Leddsetningane flyttar innom subjektsplassane i strukturen, men det ser ut til at dei alltid står i ekstraposisjon i synleg syntaks. Determinativet, oftast *þat*, ender i [spes AgrP] eller [spes CP]. Dersom det er eit predikativ i oversetninga, og dette inneheld eit substantiv i nominativ som er hankjøn eller hokjøn, blir gjerne subjektet samsvarsbøygð med dette leddet, slik at det får forma *sá/sú*. Men dette er ikkje gjennomført, det kan sjå ut til at det er ei språkending på gang, som går mot at nøytrumsforma *þat* blir bruka uansett kva som står i [komp VP]. Elles finst det døme der kjernen for leddsetninga er *hitt*, ein sjeldan gong *þetta*, og det er god grunn til å rekne med at også *svá* kan fungere determinativt og vere ein del av eit subjekt.

Det er svært sjeldan at determinativet står inntil leddsetninga i synleg syntaks, men det finst nokre få døme der verbet i oversetninga er finitt. I desse tilfella må vi likevel anta at leddsetninga er ekstraponert, subjekta er døme på dislokerte frasar som ser ut til å stå saman.

Vi har også sett at konstruksjonar med *at segja* ofte er spesielle. Når ei infinitt leddsetning med *segja* har *vera* som hovudverb i oversetninga, enten som predikativ eller i ein gerundivkonstruksjon, flyttar ledd frå den infinitte leddsetninga ofte ut. Dette kan gjelde både argument og adverbialledd, men det er spesielt ofte når *pat* er generert som kjerne i objektet for *segja*. *Pat* kan bli subjekt i oversetninga ved *objektsløfting*, men vi må også rekne med at det kan vere topikalisert til [spes CP] i undersetninga, altså framfor subjunksjonen *at* i C.

Det er svært vanleg i norrønt at indirekte objekt flyttar framover i ei setning. Vi har sett mange døme på at enkle personlege dativledd, som minnar om subjekt semantisk, flyttar til plassen rett føre eller rett etter verbet. I synleg syntaks vil det da sjå ut til at desse ledda står på ein subjekts plass, men eg har argumentert for at dei er adjungerte til AgrP. Eg opererer altså ikkje med omgrepet 'obliske subjekt'. Det kan verke som om dette er spesielt vanleg når subjektet ikkje er representert i den fremre delen av setninga, som når leddsetningar er subjekt aleine, men det kan også skje når *pat* står i ein vanleg subjektsposisjon.

Elles vil eg understreke at eg har jobba med eit nokså lite norrønt materiale, og mange av dei aktuelle konstruksjonane er i utgangspunktet sjeldne. Derfor er det i fleire tilfelle lite eg kan seie sikkert. Spesielt gjeld dette for leddsetningar som subjekt utan determinativ.

Men totalt sett blir det klart at krav til informasjonsstruktur spelar ei svært stor rolle for norrøn syntaks. Lette ledd kjem tidleg i setninga og tunge ledd kjem til slutt, uavhengig av kva syntaktisk funksjon desse ledda eigentleg har.

4. Leddsetningar som objekt i norrønt

Dette kapitlet handlar om leddsetningar som fungerer som objekt i ei oversetning. Objektene er oftast *direkte objekt* til verb som normalt gir ut akkusativ kasus, men dei kan også vere dativ- eller genitivsobjekt. I 4.1 står leddsetningane aleine og er argument i seg sjølv, i 4.2 er dei utfylling til determinativ og i 4.3 er dei utfylling til substantiv. Som sagt i kapittel 2 reknar eg i utgangspunktet alle objekt utanom indirekte objekt som genererte i [komp VP].

4.1 Leddsetningar som objekt – utan determinativ

I dette delkapitlet er leddsetningane sjølv kjerne i objektet, argumenta er verkeleg setningar. Dei fleste hovudverba tar direkte objekt – objektene hadde hatt akkusativbøying om dei hadde vore DP-ar. Men ein god del av verba gir heller dativ eller genitiv kasus. Dette vil bli tydeleg i 4.2, der vi kan sjå kasusmarkering på determinativkjernane, men i dette kapitlet vil eg ikkje kommentere det noko vidare. Her behandlar eg akkusativ-, dativ- og genitivverb saman.

Fyrst vil eg forsøke å vise kva plassering leddsetningsobjektet normalt har i overflatestrukturen (4.1.1). Deretter vil eg gå igjennom konstruksjonar med dei tre typene leddsetningar (4.1.2 til 4.1.4). Eg har også sett av eit eige avsnitt for å kommentere ein konstruksjonstype der det ser ut til at ledd blir topikalisererte i infinitte leddsetningar (4.1.5). Til slutt vil eg kommentere *viljalkunna* og *taka* i eigne kapittel (4.1.6 og 4.1.7). Desse verba kan både ta leddsetningar som objekt og fungere som hjelpeverb, og den utviklinga vil eg kommentere vidare i eigne kapittel for moderne norsk.

4.1.1 Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen

I dei fleste døma i dette kapitlet kan vi ikkje sjå om leddsetningsobjektet står i baseposisjonen [komp VP] eller om det er ekstraponert – spesielt ikkje når hovudverbet er finitt:

(1) en Danir þørði þá eigi at berjask (Hkr 350/1)

(2) en hann sýndi í bønne at ávít hans váro eigi af hatre heldr af ást (Hom 46/5)

Det finst ein god del døme med hovudverbet i V og leddsetninga rett etter, men utan eit høgreadjungert adverbialledd imellom, kan vi ikkje vite noko meir enn når verbet er finitt:

(3) Óláfr konungr hafði þá til sannz *spurt* at skamt myndi vera til þess er.. (Hkr 386/12)

(4) ok mátti þaðan af *marka* at hann mundi fast halda lög ok boðorð.. (Hkr 378/30)

I mange tilfelle (til dømes (5) og (6)) er adverbialledd som sannsynlegvis er høgreadjungerte, plassert rett føre leddsetninga. Men her er hovudverba finitte, så vi kan framleis ikkje vite sikkert. I norrønt kan preposisjonsfrasen *um hlut sinn* i godt vere venstreadjungert til VP:

(5) sá Einarr þá *um hlut sinn* hvert hans ørendi myndi verða (Hkr 380/25)

(6) sátu þá er Þórir var drepinn *fóstrson þinn* hversu mikils konungr virði þik (Hkr 372/34)

Adverbialet i (6), *þá er Þórir var drepinn...*, er ei setning, og det er svært sannsynleg at det er høgreadjungert til VP eller CP. I så fall má leddsetninga der vere ekstraponert.


For å vite heilt klart at ei leddsetning står i ekstraposisjon, treng vi eit døme med både infinitt hovudverb i V, eit høgreadjungert ledd etter dette, og så leddsetninga til slutt. I dette delkapitlet er det bare eitt eller kanskje to døme som fyller desse krava:

(7) at þeir vildu *vita*, áðr þeir *fynnisk*, *hverjar tiltekjur Knútr konungr hefði* (Hkr 316/3)

(8) hann hafði þá *einráðit* fyrir sér, *at fara slikt sem aðr* (Hkr 381/26)

I (7) står *vita* i V, adverbialet *áðr þeir finnisk* er høgreadjungert til VP eller CP, og leddsetningsobjektet er høgreadjungert til CP etter dette.

Problemet med (8) er at stamma *einráð-* bare er oppført som adjektiv i ordboka. Men det finst eit verb *ráða*, med forma *ráðit* i supinum, og det er ikkje umleg å tenke seg eit verb *einráða* basert på dette. Dersom *einráðit* i (8) er ei verbform, er også dette eit klart døme på ekstraponert leddsetningsobjekt. Her er det vist med ein syntaktisk projeksjon for setninga:



I kapitlet om *taka* (4.1.6) vil eg vise nokre få dømme med heilt enkle infinitte leddsetningar som kanskje stár i [komp VP], men eg vil seie vi har relativt god grunn til á rekne med at også leddsetningsobjekt normalt blir ekstraponerte – sjølv om det i dei fleste dømme her ikkje er muleg á vite sikkert.

4.1.2 Finitte leddsetningar som objekt

Typiske verb som tar leddsetningar som objekt, er dei som på ein eller annan måte gir att direkte tale, til dømme *segja*, *mæla*, *spyrja* og *heyra*:

- (9) konungr segir *at svá skyldi vera* (Hkr 364/35)
- (10) ek vil segja yðr *at oss er mykill nauðsýn at vér hverfim til várs dróttens..* (Hom 65/5)
- (11) síðan mælti konungr *at gestir skyldu fara at móti Hrúti ok taka hann af ..* (Hkr 391/1)

- (12) ek hefi spurt, segir hann, *at konungr hefir eiga látit orvarþing eptir..* (Hkr 323/7)
- (13) Óláfr konungr hafði þá til sannz spurt *at skamt myndi vera til þess er..* (Hkr 386/12)
- (14) þeir heyrðu, *at herr Bjarma fór eptir þeim..* (Hkr 313/31)

Leddsetningsobjekt blir altsá genererte på komplementplassen til verbet, og flyttar deretter sannsynlegvis i ekstraposisjon.

Verba *hyggja* og *vita* kan seiast á gi att direkte *meining* eller *tanke*. Dei kan ha DP-ar i akkusativ som komplement, men tar gjerne heller setningar som internt argument:

- (15) hygg ek *at margr mundi þá lauss vera við flokkinn..* (Hkr 387/13)
- (16) hugða ek ok *at þú skyldir kenna spjótit Selshefni* (Hkr 315/4)
- (17) Dagr kvazk hyggja *at Þórir myndi vel skapfarinn ef honum væri þat..* (Hkr 356/6)
- (18) vissi hann ok *at annan veg hafði tekizk Óláfi Tryggvasyni, þá er..* (Hkr 349/37)
- (19) er hann myni vitat hafa *at satt er* (Hkr 318/14)

Det same gjeld *kenna*, *ætla*, *kalla* og *gæta*:

- (20) kenni ek, *at þú ert Ása-Þórr* (SC 69/38a)
- (21) ætlar þú *at betra föri myni gefask við Ólaf?* (SON 249/12b)
- (22) ok kòlluðu ákafliga, *at hinir skyldu inn fara* (Hkr 331/18)
- (23) gæt þú *at honum verði eigi þat sem Atla* (SON 157/101a)

Av verb som ikkje gir att direkte tale, er til dømes *sjá*, *finna*, *sýna* og *marka*:

- (24) hann sá *at liðsmunr mikill myndi vera, ef mótti øllu í senn liði Erlings* (Hkr 362/37)
- (25) ok hann fann *at allir hans menn vildu helzt vera láta* (Hkr 377/24)
- (26) en hann sýndi í bónenne *at ávít hans váro eigi af hatre heldr af ást* (Hom 46/5)
- (27) ok mátti þaðan af marka *at hann mundi fast halda lög ok boðorð..* (Hkr 378/30)

Det finst også døme på at refleksive verb tar finitte leddsetningar som objekt:


- (28) (þá) er þeir minnask *at dróttin gerðe svá* (Hom 52/17)

I dei fleste døma til nå har grunnstrukturen i oversetninga vore ganske enkel, slik at det bare er leddsetninga som gjer ytringa lang og tung. Andre døme er også meir komplekse i den generelle strukturen, til dømes med innskotne ledd, fleire verb, fleire argument og fleire adverbiale ledd. Her er hovudverba *veita* og *trúa* – som kan ta indirekte objekt i tillegg til leddsetningsobjektet:

(29) þá muntu, konungr, vilja veita *mér* at ek ráða hefndinni ef ek skal finna.. (Hkr 356/9)

(30) ok vilðuð þér eigi trúa *mér* at ekki mátti vinna at urð þessarri (Hkr 368/11)

Også her kjem leddsetninga heilt til slutt, etter hovudverbet *veita/trúa* i V_{vre} og det indirekte objektet *mér* i [spes VP_{ndre}]. Som sagt vil eg anta at leddsetninga er ekstraponert sjølv om det ikkje er synleg på overflata:



4.1.3 Infinitte leddsetningar som objekt

Det finst ganske mange ulike verb som kan ta infinitte leddsetningar som objekt.

Ætla og *eggja* tar gjerne CP-ar som argument:

(31) hann ætlaði *at halda liði því øllu..* (Hkr 358/6)

(32) ok ætluðu *at verja þat land fyrir konungum* (Hkr 342/10)

(33) Kálfr Arnason eggjaði mjök *at sókja til Þrándheims ok berjask við Hákon jarl,*
þótt liðsmunr væri mikill (Hkr 366/10)

I (33) tar *eggja* to koordinerte infinitte leddsetningar som objekt, *at sókja* og *ok berjask við...* Her ser vi også at adverbialledd som er setningar kan komme etter eit leddsetningsargument (*þótt liðsmunr..*), men det er sannsynleg at dette leddet også er ekstraponert, slik at denne setninga har to ledd høgreadjungert til CP. Det er også muleg å tenke seg at adverbialleddet hører til leddsetningsobjektet og ikkje til heile oversetninga.

Ætla og *eggja* kan også ta eit anna objekt i tillegg til leddsetninga. For å vise dette har eg tatt med to døme frå *The Syntax of Old Norse*:

(34) þér ætla ek *at fara til Islands* (SON 276/75b)

(35) margir menn eggjuðu *konung.. at nauðga þeim Kjartani til trúarinnar* (SON157/104a)

Þér i (34) er dativ og eit vanleg indirekte objekt. *Konung* i (35), derimot, er akkusativ, men det fungerer på same måte som eit indirekte objekt for *eggja* semantisk, så eg ville likevel analysert det som spesifikator i den nedre VP-en i eit larsonsk skal.

Andre verb som kan ta infinitte leddsetningar som objekt, er *þora*, *þurfa*, *eiga*:

(36) ok þora þeir egi *at sjá man-lekt øðle undir sér..* (Hom 40/27)

(37) en Danir þørði þá egi *at berjask* (Hkr 350/1)

(38) ekki þarf lengi *at sjá á þetta sílfr* (Hkr 337/12)

(39) eigi þurfti hann *at reinsask sjalfr fyr skirnena* (Hom 59/3)

(40) þvíat kenningar hans átto *at fara um fjórar etter heims* (Hom 48/2)

Det kan også *letja*, *ná* og *hlýða*:

- (41) þá lottu allir *at staðfestask þar ok eggjuðu konung at ráða norðr til..* (Hkr 376/22)
- (42) at hann náðe *at hafa hann í hǫndum* (Hom 68/9)
- (43) ef þér skal hlýða *at drepa suma hǫfðingja..* (Hkr 329/5)

Refleksive verb som kan ta infinitt leddsetning som objekt, er til dømes *girnask* og *þykkjask*:

- (44) heilog ást Stephans girnðisk *at hjalpa þeim í bǫnom..* (Hom 45/30)
- (45) þykkjumk ek makligastr *at hafa kostgripi þá, er þar váru teknir..* (Hkr 314/10)

Infinitte leddsetningar kan i ein del dømme tilføre ei ekstra tyding av 'vilje' eller 'intensjon'. Da bør dei heller reknast som adverbiale ledd, og ikkje som argument for verbet i oversetninga, jf. Faarlund 2004:185: "Infinitival clauses may function as adverbial adjuncts to express purpose or intention." Her er to dømme som dette kan gjelde. Hovudverb i oversetninga er *senda* og *ganga*:

- (46) en *sendi* menn sína nokkurra *at krefja útboðsins* (Hkr 326/23)
- (47) Lítlu síðarr *gekk* konungr *at sofa* (Hkr 347/27)

I (46) er det altså ein som sender nokre av mennene sine *for å* krevje 'utbod'. I (47) gjeng kongen ut *for å* sove.

Bjóða tar ofte småsetningar som utfylling, men det kan også ta infinitte leddsetningar:

- (48) nú vil ek *bjóða* þér, konungr, *at fara fǫr þessa* (Hkr 334/25)
- (49) at þeir *buðu* Magnúsi ... *at taka* við honum ok *fylgja* honum til Nóregs ok *veita* honum styrk til þess at hann fái fǫðurleifð sína ok *halda* hann til konungs yfir landi (Hkr419/24)

I det siste dømme over ser vi at *bjóða* tar så mykje som fire infinitte leddsetningar som komplement, koordinerte med *ok*.

4.1.4 Spørjesetningar som objekt

Avhengige spørjesetningar med *ef* og *hvárt*

Verb som tar *ef*-setningar som objekt, er gjerne av typen som gir att direkte tale. Eit ja/nei-spørsmål blir gitt att som ei *ef*-setning når det blir referert til at eit spørsmål blei stilt:

- (50) þá spurði jarl *ef hann vildi leika at skáktafli* (Hkr 347/8)
- (51) spyrr Þórir *ef mǫnnum sé nǫkkurr hugr á at ganga upp á land ok fá sér..* (Hkr 312/18)
- (52) ok spurði *ef konungr vildi þiggja lið at honum* (Hkr 394/5)
- (53) þá spurði hann Þorgils búanda *ef hann vissi nǫkkut til hvar lík konungs..* (Hkr 409/12)

(52) tatt ut av kontekst er subjektlaus, medan (53) har både avsendar (*hann*, nominativ) og mottakar (*Þorgils búanda*, akkusativ) for spørsmålet uttalt. I ein trestrukturanalyse av *spyrja*-setningar med tre argument, vil eg rekne leiddsetningane som genererte i [komp VP], og plassere akkusativobjekta som spesifikatorar til VP_{nedre} i eit larsonsk skal. Mottakarleddet for spørsmålet liknar på indirekte objekt både semantisk og syntaktisk.

Verbet *hugsa* og reflektivforma *spyrjask* kan også referere direkte tanke eller tale med ei avhengig spørjesetning med *ef* som objekt:

- (54) (þat talðisk lengstum í huginn) at *hugsa ef nǫkkur fǫng myndi til verða at..*(Hkr376/25)
- (55) ok er hann fann þat eigi, spurðisk hann fyrir *ef nǫkkurr maðr kynni..* (Hkr 409/10)

Av verba som tar *hvárt*-setningar som objekt, er *spyrja*, *víta* og *róða* av typen som refererer til direkte tale eller tanke:

- (56) Leifr spurði, *hvárt Þrándr væri inni búðinni* (Hkr 336/5)
- (57) ”en eigi veit ek”, segir hann, ”*hvárt þeir ætla því liði at stefna yðr í mót..*” (Hkr 385/1)
- (58) (Þat var einn dag,) at menn róddu sín í milli um veðr, *hvárt væri sunnan eða útsynningr, eða hvárt þat veðr væri segltókt eða eigi fyrir Jaðar* (Hkr 316/20)

Det finst også døme med *reyna* og *leita* som hovudverb for objekt innleide med *hvárt*:

- (59) ok reyndi svá *hvárt þeir hefði holsár* (Hkr 407/4)
- (60) leitaði *hvárt hann myndi mega niðr leggjask* (Hkr 408/16)

Spørjesetningar innleidda med kv-ord

Dei vanlegaste verba som tar avhengige spørjesetningar innleidda med kv-ord som objekt, er *segja*, *spyrja* og *vita*.

Her er til dømes seks ulike setningar med *segja* som hovudverb. Spørjeorda som innleier objekta, er *hvar*, *hverja*, *hvat* og *hvernug*:

- (61) hann segir ok *hvar þat hús stóð* (Hkr 408/34)
- (62) (Sigríðr sendi orð jarlinum) ok lét segja *hvar þá var komit um mál Kálfs* (Hkr 373/1)
- (63) nú skal segja *hvat þeir höfðusk at í Nóregi um þessar hríðir* (Hkr 379/30)
- (64) ”segja mun ek”, segir hann, ”*hvernug gørt myndi ef ek skylda ráða*” (Hkr 387/10)
- (65) ef nokkurr maðr kynni segja honum *hvar líkit væri komit* (Hkr 409/11)
- (66) nú vil ek segja mǫnnum *hverja skipan ek vil hafa á liði váru* (Hkr 386/17)

Som vi ser i (65) og (66) kan *segja* også her ta eit indirekte objekt (*honum*, *mǫnnum*) i tillegg til leddsetningsobjektet.

I desse døma med *spyrja* er innleiarorda *hvat*, *hverr*, *hvat* og *hvert*:

- (67) hann spurði *hvat mǫnnum þeir sé* (Hkr 383/19)
- (68) Grjótgarðr spurði *hverr fyrir liði því réði* (Hkr 357/18)
- (69) konungrinn spurði hann *hvat þat skyldi* (SON 130/19a)
- (70) konungr spurði *hvert nafn hans væri eða kynferð eða hvar hann var..* (Hkr 394/5)

Hovudsetningane her er heilt like. Dei er enkle konstruksjonar med topikalisert subjekt, verbet i C og spørjesetningar til slutt. Kva spørjeord leddsetningsobjekta startar med, ser altså ikkje ut til å spele noka rolle for syntaksen i oversetninga.

I døma med *vita* er spørjesetningane innleidda med *hvat*, *hve*, *hvar*, *hvernug*, *hverjar* og *hvaðan*:

- (71) þvíat þeir vitu eigi *hvat þeir gera* (Hom 47/9)
- (72) at hann vissi *hve mykin skatt hann skyldi heimta ór hverjo heraðe* (Hom 38/10)
- (73) (til þar) er vér vitum *hvar fund várr mun verða ok bóanda* (Hkr 386/36)

- (74) en síðan munuð þér vita *hvernug hann hefir búit við lenda menn..* (Hkr 395/31)
- (75) at þeir vildu vita, áðr þeir fynnisk, *hverjar tiltekjur Knútr konungr hefði* (Hkr 316/3)
- (76) en Þorgils bóndi ok sonr hans Grímr þóttusk vita *hvaðan af þessi atburðr myndi hafizk hafa* (Hkr 408/36)

Verbet *sjá* kan også ta spørjesetningar som objekt. Spørjeorda her er *hvar*, *hvert* og *hversu*:

- (77) þá sá hann, *hvar lá herr konunga búinn til bardaga* (Hkr 344/11)
- (78) eða sér þú eigi *hvar nú er kominn bóndamúgrinn?* (Hkr 393/21)
- (79) sá Einarr þá um hlut sinn *hvert hans ørendi myndi verða* (Hkr 380/25)
- (80) sátu þá er Þórir var drepinn, fósterson þinn, *hversu mikils konungr virði þik þá* (Hkr 372/34)

Det finst også andre verb som kan ta spørjesetningar som objekt, men dei er mykje mindre frekvente. Her er nokre døme med *róða*, *hyggja*, *hugsa* og *hirða* der objekta blir innleidde med *hvat* og *hvert*:

- (81) þá róða þeir sín á milli, *hvat undir mun búa orðsendingunni* (Hkr 316/36)
- (82) hugði þá at fyrir sér *hvat af skyldi ráða* (Hkr 375/11)
- (83) ok hugsaði *hvert ráð hann skyldi upp taka* (Hkr 376/17)
- (84) þvíat hann hirði þá allítt, *hvat yfir hann gekk*, ef hann fóri sjálfráði (Hkr 330/8)


4.1.5 Flytting forbi *at* i infinitte leddsetningar

I døma eg skal omtale her, er det vanskeleg å sjá kor oversetninga sluttar og leddsetninga begynner (så lenge ein, slik eg gjer, reknar med at infinitivsmerket *at* står i C. Sjå 2.3.2.) :

- (85) ok þeir ætluðu *bardaga at halda við konung* (Hkr 389/23)
- (86) at hann kann *drauma at skilja ok at deila dógrafar þótt engi sæi himintungl* (Hkr 355/5)

Hovudverba er *ætla* og *kunna*, og ein må anta at dei infinitte leddsetningane blir genererte i [komp VP] for desse. Det problematiske er at objekta for infinitiven i undersetninga (*bardaga*, *drauma*) ser ut til å ha flytta inn i oversetninga. Liknande konstruksjonar som dette har vi sett i kapittel 3 med *at segja* som hovudverb i infinitivskonstruksjonen. Der såg vi klare døme på

at ledd frá undersetninga faktisk flyttar inn í oversetninga, ein type objektsløfting. Men í dei fleste andre dæmi, som (85) og (86) over (og (87)-(89) under), kan, og í nokre tilfelle *má*, ein rekne með at dei utflytta ledda faktisk er topikaliserde til [spes CP] í leddsetninga – forbi subjunksjonen *at* í C, jf. Faarlund 2007:67. Her er dette vist með projeksjonen for (85):



Ein kan også gi tilsvarende analysar til desse dæmi, der preposisjonsfrásane *með sér* og *til landzins* er basegenererte venstre- eller høgreadjungert til VP, men flytta til [spes CP]:

- (87) (en bauð Gunnsteini) *með sér at vera..* (Hkr 315/31)
- (88) (at hann myndi enn ætla) *til landzins at leita ok aptr til ríkis síns, ef guð..* (Hkr 369/30)

Í (88) ser vi dessutan heilt klart at det utflytta leddet ikkje er flytta heilt ut av undersetninga, fordi det kjem etter *ætla* som står í V í oversetninga.

Det finst også dæmi på at to ledd flyttar forbi infinitiven og *at*:

- (89) (nú ætla ek enn) *þangat menn at senda eptir skattinum* (Hkr 334/14)

Menn er objekt for *senda* og *þangat* er stadsadverbial for *senda*, men begge står framfor *at*. Her má det eine leddet adjungerast inn, slik at *menn* står í [spes CP] og *þangat* venstreadjungert til [spes CP]. (Som sagt er det kanskje slik at begge ledda burde adjungerast inn.)

Det er i utgangspunktet ein absolutt regel at leiddsetningar ikkje kan ha topikaliserde ledd, men konstruksjonstypen eg har vist her, er relativt vanleg i norrønt.

4.1.6 *Vilja og kunna*

Verba *vilja* og *kunna* var opphavleg vanlege leksikalske verb med tydingane 'ønskje' og 'vite'. I norrønt er dei delvis på veg til å bli hjelpeverb. Dei kan framleis ta DP-ar eller CP-ar som objekt i [komp VP], men dei kan også ta VP-ar som komplement – verb i infinitiv utan infinitivsmärke.

Vilja kan ta finitt leiddsetning som objekt. Her betyr det framleis 'å ønskje':

(90) vil ek *at menn skiptisk í sveitir ok heimtisk saman frændr ok kunnmenn* (Hkr 386/26)

(91) vill hann, *at þeir hafi samflot ok hafi at jafnaði þat..* (Hkr 311/24)

(92) þvíat ek vil *at þeir kringi eigi um oss sínu liði* (Hkr 386/32)

(93) at hann vildi *at þeir tóki til konungs yfir Dana-veldi Hǫrðaknútt..* (Hkr 341/21)

Det ser ikkje ut til å finnast døme i det materialet eg har gått igjennom, på at leiddsetning med determinativ er objekt for *vilja*, men det er eitt døme i *The Syntax of Old Norse*:¹¹

(94) *þat* vil ek at, *at mann þenna, er Björn heitir, takir þú til þín* (SON 253/19a)

Eg har ikkje funne døme på at *vilja* kan ta ein CP som er ei *infinitt* leiddsetning som objekt, men det finst eit døme der det har ein DP med determinativ, substantiv og *infinitt* leiddsetning som komplement:

(95) en ef þér vilið heldr *þann kost, at hafa land vart til yfirferðar, þá skal..* (Hkr 346/5)

Kunna tar ofte *infinitt* leiddsetning som objekt:

(96) skyldir þú, Ásmundr, *kunna at ætla þér hóf, þótt..* (Hkr 329/3)

(97) er enn þóttumk fyrr meirr *kunna at halda til fullz, þó at..* (Hkr 329/6)

(98) at hann kann *drauma at skilja ok at deila dógrafar þótt engi sæi himintungl* (Hkr 355/5)

¹¹ Nettopp sidan det finst så få døme *med* determinativ, tar eg dette med her og lagar ikkje noko eige avsnitt for *vilja* og *kunna* i kap. 4.2.

Det finst også døme på infinitt leddsetning med *þat* som objekt:

(99) *en þat kunnu allir at segja, at hann var á Englandi* (Hkr 338/29)

Det er altså slik verba *vilja* og *kunna* opphavleg blei brukt, men det er ei utvikling i gang på dette tidspunktet i språkhistoria. I norrønt begynte det også å bli vanleg for *vilja* og *kunna* å ta VP-ar som komplement, med verb i infinitiv utan infinitivsmerke:

(100) *þá vil ek taka sætt af yðr bróðrum* (Hkr 325/14)

(101) *viljum vér fara heim ok vera hér ekki lengr.* (Hkr 348/22)

(102) *er þú myndir ekki kunna segja frá tíðendum* (Hkr 334/35)

(103) *en hér kann ek engu svara* (SON 159/107a)

Her er *vilja* og *kunna* hjelpeverb for hovudverba *taka*, *fara*, *segja* og *svara*. Hjelpeverba gir ut kasus i T, men argumentstrukturen i setningane hører til hovudverba. CP-ar med til dømes *taka*, *fara* *segja* og *svara* som hovudverb, må på eit punkt ha blitt reanalyserte som VP-ar i ein del tilfelle; subjunksjonen er borte. Dermed har verba skifta argumentstruktur

I (100)-(103) har *vilja* og *kunna* halde på mykje av sine gamle tydingar, og verba blir sannsynlegvis uttalt på same måte som der dei tar setningar som objekt. Det er altså mest dei syntaktiske forholda som er endra, og i mange tilfelle er desse også dei same som før. Med dette må vi seie at verba *vilja* og *kunna* har flytta seg langs ein grammatikaliseringsskala, men ikkje så langt, iallfall ikkje ennå, og ikkje fullstendig, sidan gamle konstruksjonsmåtar er like gode som før. Denne utviklinga vil eg utdjupe meir i kapittel 5 i diskusjonar av endringane i moderne norsk.

4.1.7 *Taka*

Taka var opphavleg eit vanleg leksikalsk verb med tydinga 'gripe, få tak i, nå'. Men i norrønt kan det også ta infinitte leddsetningar som objekt med tydinga 'starte, gå i gang med', jf. Faarlund 2004:159: "The verb *taka* (...) plus the infinitive forms an aspectual construction with ingressive meaning":

(104) *Óláfr konungr tók þá at fylkja liði sínu* (SON 159/108a)

(105)ok *tóku þá at skipa liðinu ok bjoggusk um* (Hkr 345/2)

(106)*tók þá brátt at myrkva af nótt* (Hkr 319/3)


(107)ok *tók at eta mennina, þá er steikðir váru* (Hkr 333/15)

(108)*tóku þá menn at sigla, þegar er búnir váru* (Hkr 328/3)

Her er syntaksen og fonologien som før, men semantikken er klart endra. Ein kan seie at *taka* i desse døma fungerer som eit hjelpeverb semantisk, det har iallfall ikkje den same leksikalske tydinga som før. Det har meir *grammatisk* tyding enn før, sjølv om dei syntaktiske forholda er dei same. Også *taka* har, i denne konstruksjonen, tatt eit lite steg på grammatikaliseringsstien.

Den vidare utviklinga av *taka* vil eg også komme tilbake til i kapittel 5.

Til sist her vil eg påpeike noko anna spesielt ved setningane i (107) og (108) over. I begge desse døma ser det ut til at det kjem adverbiale ledd etter infinitivskonstruksjonane *at eta mennina* og *at sigla*. Det ser ut til at det kan vere døme på adverbialledd høgreadjungerte til VP etter infinitte leddsetningar i [komp VP]. Denne analysen av (108) ville sjå slik ut:



Dei infinitte leddsetningane er veldig enkle, med eitt eller ingen andre ledd enn subjunksjonen og verbet, det er sannsynlegvis derfor denne ordrekkefølga er muleg i det heile. Problemet er at adverbialledda er nokså tunge. Dei består begge av enkle kjernar (*þá* og *þegar*), men dei har relativsetningar med *er* som utfylling. Det er sannsynleg at desse adverbiala er

høgreadjungerte til CP.¹² Dermed kan vi ikkje vere sikre nå heller på at leddsetningsobjekt kan bli verande igjen i [komp VP], det er muleg at dei er høgreadjungerte til CP også her. Det vi derimot kan vere sikre på her (så sant ein er sikker på at adverbialledda hører til oversetninga og ikkje til undersetninga, og det vil eg seie er nokså klart her) er at korte infinitte leddsetningar ikkje alltid må komme til slutt, det kan stå andre ledd etter i overflatestrukturen.

4.2 Leddsetningar som objekt – med determinativ

I dette delkapitlet er leddsetningane utfylling til eit determinativ. Determinativet får kasus etter argumentstrukturen til verbet – etter kva type objekt verbet tar. I dei fleste døma er argumenta direkte objekt med akkusativ kasus (*þat, hitt, svá*), men det finst òg ein god del døme der determinativet står i dativ (*því*) eller genitiv (*þess*). Alle objekta, determinativ pluss leddsetning, ser ut til å kunne reknast som genererte i [komp VP].

Leddsetningane står alltid til slutt. Determinativa kan stå inntil leddsetninga, men dei blir gjerne flytta lenger fram. Dermed blir det også her veldig mange tilfelle av diskontinuerlege frasar der ein kjerne er skilt frå resten av frasen. Eg vil framleis seie at ein kjerne ikkje kan flytte aleine, så dersom determinativet ikkje står i baseposisjonen, må ein rekne med at leddsetninga fyrst har flytta med dit determinativet står, og at ho deretter blir ekstraponert.

Kapitlet er delt inn i fire delar. Fyrst vil eg skissere mulege plasseringar av delane i objektet i oversetninga (4.2.1). Deretter vil eg vise korleis dei ulike typane leddsetningar kan fungere som direkte objekt (4.2.2-4.2.4). 4.2.5 diskuterer døme med dativ- og genitivsobjekt. 4.2.6 viser døme med andre determinativ enn *þat*.

4.2.1 Plassering av ledda i overflatestrukturen

Determinativet og leddsetninga blir genererte saman i [komp VP], men det er ofte vanskeleg å sjå klart kor dei ender på overflata:

(109) fann hann *þat at þeir feðgar váru menn forvitrir* (Hkr 355/4)

(110) gerða ek þá *þat at brenna fyrir þeim* (Hkr 387/32)

¹² Spesielt er dette sannsynleg for dømet med *at sigla*, fordi det kunne vere muleg å tenke seg at *þegar er búinir váru* er utfylling til *þá* i den underliggande strukturen. I så fall må *þegar*.. vere ekstraponert, flytta frå kjernen sin som står att i [spes AgrP].

Her kan vi ikkje sjå om leddsetninga står att i baseposisjonen eller om ho er ekstraponert, akkurat som i dei fleste døma i 4.1. Vi kan heller ikkje sjå om *þat* er flytta frá [komp VP] ved *objektframflytting* eller ikkje. Teoretisk mulege posisjonar for *þat* her er venstreadjungert til TP eller VP, baseposisjonen [komp VP], eller ekstraposisjon.

Ein del av desse problemstillingane er det muleg å finne ut av med andre døme frå mitt materiale, og det vil eg vise i dei neste avsnitta.

Objektframflytting av determinativet

Som nemnt i 2.2.7, har eg som utgangspunkt at framflytta objekt blir venstreadjungerte til TP. Bare i eitt døme i materialet her er det eintydig at det ikkje er adjungert til VP, så eg kunne ofte like gjerne sagt at det er det vanlege, men for lettare å kunne samanlikne med moderne norsk, der objektframflytting adjungerer ledd til TP, har eg dette som utgangspunkt også her.

I hovudsetningar med topikalisert subjekt eller manglande subjekt kunne adjungering til AgrP også vore ei muleg analyse:

(111)konungr hafði *þat* enn í ráðagørð sinni at leggja niðr konungstígn ok.. (Hkr 376/23)

(112)Dagr fann *þat* til íþróttá sér at hann myndi sjá kost ok lóst á manni.. (Hkr 355/8)

(113)heldr berr *hitt* til, konungr, at vér viljum yðr fyrst bjóða vára þjónustu (Hkr 325/7)

(114)skal *þat* eigi seint at segja þér hvat ek vil til leggja (Hkr 381/31)

(114) er den einaste setninga der *þat* tydeleg ikkje er adjungert til VP, for eg reknar *eigi* som venstreadjungert til TP og *þat* står framfor det, men her er det altså også muleg at *þat* står eitt hakk lenger opp. Merk også at *þat* i (114) er flytta fram heilt frá undersetninga *at segja þér..*

I dei fleste tilfelle er det derimot klart at *þat* som objekt ikkje blir adjungert til AgrP. Her er nokre fleire setningar som viser dette:


(115)eigi skaltu *þat* gera at dylja sjálfan þik sannenda (Hkr 377/18)

(116)talði hann *þat* þá í huginn at landit myndi vera auðsótt (Hkr 377/24)

(117)skulum vér því treystask at vér hǫfum réttara at mæla en bóndr (Hkr 392/9)

(118)vil ek þess biðja, at sá hlutr komi upp er guð sér at mér gegnir bezt (Hkr 392/8)

I alle desse døma kjem determinativet rett etter subjektet i [spes AgrP], og det meste talar altså for å analysere dei som venstreadjungerte til TP. Her er dette vist med døme (115):




Samtidig som direkte objekt er framflytta, kan også indirekte objekt vere det. Dette er det vist to døme på i *The Syntax of Old Norse*. Dei indirekte objekta kjem her framfor determinativa. (Nokre forskarar vil meine at dette er restar av ein OV-struktur, sjå Faarlund 2004:163.) :

(119)hann hafði *þeim því* heitit, at fylgja þeim á fund Svía-konungs (SON 87/16b)

(120)bóndr hafa *mér þat* veitt, at auka aura-lag um sakeyri minn (SON 156/99b)

Vi har sett mange døme tidlegare på at dativledd som dette blir venstreadjungerte til [spes AgrP] for å komme til subjektsplassen rett etter verbet i C, men det er hovudsakleg i setningar som er subjektlaus, eller der subjektet ikkje er representert i fremre del av setninga. I døma her, er subjektet derimot til stades, og det er topikalisert. Derfor er det sannsynleg å tenke seg at det her er objektframflytting *både* av dei indirekte objekta *þeim* og *mér*, og for kjernane i dei direkte objekta, determinativa *því* og *þat*. Her er dette vist med projeksjonen for (119):



I andre dømme kjem indirekte objekt *etter* det framflytta determinativet:

(121) at hann beiddi *þess Íslendinga*, at þeir skyldu taka við þeim lögum sem.. (Hkr 320/2)

(122) þá kendu landzmenn aðrir *þat Þróndum*, at þeir hefði mestu um valdit.. (Hkr 417/7)

I norrønt kan også substantiv og større DP-ar bli objektframflytta, men her ser vi at substantiva *Íslendinga* og *Þróndum* blir ståande bak determinativa *þat* og *þess* – dei blir sannsynlegvis ståande igjen i baseposisjonen [spes VP_{nedre}].

Determinativet kan topikaliserast

Det er også klart at ein determinativkjerne for eit leddsetningsobjekt gjerne kan topikaliserast – uavhengig av kva kasus det har, og uavhengig av kva determinativ det er:

(123)*þat* vita þeir *at* ek hefi gørt *þat* at brenna innin fyrir þeim.. (Hkr 387/31)

(124)*þat* hygg ek, *at* hverr sá penningr er illr í Norðeyjum *at* hér myni kominn (Hkr 336/27)

(125)*þess* eggjuðu margir, *at* þeir skyldu taka byr ok sigla til Eyrasundz.. (Hkr 349/33)

(126)*svá* segja menn, *at* Haraldr kvað þá vísu þessa: (Hkr 391/20)

Stilistisk framflytting av determinativet

Eg vil også nemne at det finst dømme på *stilistisk framflytting* av determinativ som er kjerne for leddsetningsobjekt ('stylistic fronting', jf. 2.2.7):

(127)(sendi orð þeim mǫnnum) er *þat* vildu hafa til féfangs sér *at* afla hlutskiptis (Hkr 382/30)

(128)(váru þeir þá margir) er *þat* sǫnnuðu, *at* konungr myndi heilagr vera (Hkr 412/36)

(129)(er nokkurr sá maðr á þingi) er *þat* kunni at segja *hverr valdi er verks þessa?* (Hkr318/5)

I (129) er *þat* kjerne i det direkte objektet for *at segja*, men det har flytta ut derifrå, slik vi har sett mange dømme på tidlegare. Her er det venstreadjungert til [spes AgrP] i oversetninga.

I (127) og (128) står determinativet framleis i den setninga det er generert i, men det er altså topikalisert i ei relativsetning ved stilistisk framflytting. (Analyse av (128) er vist i 2.2.7.)

Determinativet kan stå etter V

Det er altså vanleg å flytte fram trykklette objekt i norrønt, men det er ikkje obligatorisk.

Determinativkjernen for eit leddsetningsobjekt kan også stå etter eit infinitt verb i V, og da veit vi at det ikkje er framflytta:

(130)hefir þú eigi spurt *þat* at ek em læknir? (Hkr 356/31)

(131)at ek hefi gørt *þat* at brenna innin fyrir þeim (Hkr 387/31)

Men vi kan ikkje vite om *þat* står i [komp VP] eller om det er ekstraponert saman med leddsetninga. For å finne ut dette måtte det også vore eit høgreadjungert adverbialledd før eller etter *þat*, og dette er det ingen dømme på i det materialet eg har gått igjennom.

Det er altså tre mulege analysar for (130)/(131): a) Heile objektet står i [komp VP]. b) Heile objektet er ekstraponert. c) *þat* står i [komp VP] og leddsetninga er ekstraponert.

Blir leddsetninga alltid ekstraponert?

Som sagt vil eg seie at i alle døma der *determinativkjernen* klart har flytta, har vi indirekte bevis for at *leddsetninga* flyttar. Men det finst også setningar som klart viser at eit leddsetningsobjekt står lenger mot høgre enn [komp VP]:

(132)er þat vildu hafa til féfangs sér at afla hlutskiptis ok hafa uptekðir þær.. (Hkr 382/30)

(133)en þess mun mik sízt vara af yðr bróðrum, at þér munuð með hér fara.. (Hkr 325/2)

(134)þess munum vér þurfa um ráð þat er vér høfum upp tekit, at gera þat eigi.. (Hkr 397/7)

(135)þat má hann eigi segja, nema hann vili ljúga, at hann mege eigi.. (Hom 46/18)

Etter dei infinite hovudverba *hafa*, *vara*, *þurfa* og *segja* er det adjungert adverbiale ledd til høgre, og dermed er det eintydig at leddsetningsobjekta er flytta i ekstraposisjon. Det er muleg at *um ráð..* og *nema hann vili..* i (134) og (135) også er ekstraponerte, men leddsetningane kjem uansett etterpå.

Det finst også ein god del døme der det er *sannsynleg* at eit adverbialt ledd er høgreadjungert til VP, sjølv om ein ikkje kan vite sikkert fordi hovud verbet er finitt:

(136)konungr hafði þat enn í ráðagørð sinni at leggja niðr konungstígn ok.. (Hkr 376/23)

(137)talði hann þat þá í huginn at landit myndi vera auðsótt (Hkr 377/24)

Det er ei sannsynleg analyse her at *þat* er venstreadjungert til TP, *enn* og *þá* venstreadjungert til TP eller VP, og *í ráðagørð sinni* og *í huginn* høgreadjungert til VP.

Men – det er vanskeleg å bruke adverbiale ledd som dette for å bestemme ordstilling i norrønt, fordi dei har nokså fri plassering:

(138)Óláfr konungr hafði þá til sannz spurt at skamt myndi vera til þess (jf. (13) i 4.1)

(139)en konungar láso í bókum sínum þat at Baláam spámaðr sagðe svá (Hom 62/27)

I (138) er ein PP tilsvarande dei vi har sett over, venstreadjungert til VP. I (139) kunne vi fått eit klart døme på at heile objektet kan ekstraponerast dersom vi kunne vere sikre på at *í bókum sínum* er høgreadjungert, men det kan vi altså ikkje vere.

Uansett – for dei aller fleste døma i avsnitta over vil eg seie at leddsetninga *må* ha flytta frå [komp VP] fordi ho *må* flytte saman med determinativet så langt dét flyttar. Så spørsmålet blir derfor heller: Kan leddsetninga i det heile stå igjen i [komp VP]? Dette har vi sett nokre få og ganske usikre døme på i 4.1, gjentatt her:

(140)ok tók *at eta mennina*, þá er steikðir váru (Hkr 333/15)

(141)tóku þá menn *at sigla*, þegar er búnir váru (Hkr 328/3)

Årsaka til at vi heller ikkje kan vite sikkert med desse døma, er at det ikkje er usannsynleg at sisteledda er ekstraponerte, høgreadjungerte til CP i staden for til VP, fordi dei er setningar. Dermed er det muleg at dei infinitte leddsetningane også er ekstraponerte. Samtidig verkar det heller ikkje så sannsynleg at eit så enkelt ledd som *at sigla* skulle vere ekstraponert i norrønt. Vi kan ikkje heilt utelukke mulegheita for at leddsetningar kan stå i [komp VP] i norrønt.

Oppsummering

Determinativet blir oftast venstreadjungert til TP ved *objektframflytting*, og det kan gjerne topikaliserast til [spes CP]. Det kan i tillegg bli venstreadjungert til [spes AgrP] framfor det finitte verbet i relativsetningar ved *stilistisk framflytting*. Ein må også rekne med at det kan stå att i [komp VP], og eg har heller ikkje bevis for at det ikkje kan ekstraponerast saman med leddsetninga. I svært mange tilfelle kan ein ikkje sjå kor determinativet står, men eg vil rekne *objektframflytting* som det umarkerte, sidan dette kjem klart fram i så mange døme. Den analysen passar dessutan også med dei aller fleste fleirtydige døma.

Eg vil framleis rekne med at leddsetningsobjekt i utgangspunktet alltid blir ekstraponert fordi det er så mange døme som viser dette indirekte. Men det er mindre sikkert her enn for subjekt at det gjeld absolutt.

4.2.2 Finitt leddsetning med determinativ som direkte objekt

Som i 4.1 er det gjerne verb som gir att direkte tale eller tanke, som tar leddsetningar som argument. Spesielt *segja* tar ofte finitt leddsetning med determinativ som direkte objekt:

(142)ok segir þat *at hann skyldi leiðréttá mál Gunnsteins þá er hann mætti..* (Hkr 315/32)

(143)ok seg honum þat *at hann er svá maðr at mér er mest forvitni á at hitta* (Hkr 333/28)

(144)þat má hann eigi segja, nema hann vili ljúga, *at hann mege eigi..* (Hom 46/18)

I (143) ser vi at verbet kan ta eit indirekte objekt (*honum*) samtidig som det tar eit leddsetningsobjekt som direkte objekt.

Ein god del av døma med *segja* som hovudverb er litt vanskelege å analysere, slik vi såg mange døme på i kapittel 3. Her er nokre av desse gjentatt. *Pat* pluss finitt leddsetning blir basegenerert som objekt i [komp VP] for *segja*, som er verbet i ei infinitt leddsetning. Men etter *objektsløfting* til oversetninga fungerer *pat* som subjekt for *vera*, enten topikaliserert eller venstreadjungert til TP:

(145)ok er *pat* satt at *segja*, *at verit hafa þær stundir..* (Hkr 334/34)

(146)*pat* er þá satt at *segja*, *at vér hǫfum komit í mikit vandkvæði ok orðit..* (Hkr 319/4)


(147)*pat* er at *segja* frá for Finnz, *at hann hafði skútu ok á nær xxx. manna* (Hkr 326/16)

Her er også eit nytt døme, der *pat* nok heller fyller ein objektsfunksjon i oversetninga:

(148)kann ek *þér pat* at *segja* *at þú átt ii. kosti fyrir hǫndum* (Hkr 375/4)

Både dativleddet *þér* og akkusativen *pat* blir genererte som objekt for *segja*, men det kan sjå ut til at dei her fungerer som indirekte og direkte objekt i oversetninga. Sidan subjektet i oversetninga er til stades, må ein i så fall rekne med at begge er venstreadjungerte til TP (som i analysane av (119) og (120) lenger oppe).

Men vi har sett tidlegare at eitt eller fleire ledd kan topikaliserast i infinitte leddsetningar. Også i dette tilfellet er det ei muleg analyse: *Pat* og *þér* står framleis i undersetninga, men dei er flytta forbi subjunksjonen i C. I så fall må minst eitt av dei venstreadjungerast til CP, og leddsetningsobjektet må høgreadjungerast til denne CP-en. Her er dette vist med projeksjonen for (148):



Det er også eit muleg alternativ at *þat* stár i [spes CP] i undersetninga som vist her, men at *þér* er flytta inn i oversetninga som vist tidlegare. Sidan den øvste oversetninga ikkje har fleire ledd enn finitt verb i C og subjekt i [spes AgrP], kan vi ikkje vite sikkert kva som er riktig her.

Elles er det også vanleg med *vita* som hovudverb for leddsetningsobjekt med determinativ:

(149) *þat vita þeir at ek hefði gørt þat at brenna innin fyrir þeim..* (Hkr 387/31)

(150) *þat vitum vér at dómendr skulo sitja* (Hom 44/28)

(151) *vita má ek þat at fáir munu nú vera i Nóregi, þeir er einqrð sinni haldi nú* (Hkr 376/7)

Andre verb som ein kan seie gir att direkte tale eller tanke, er også *ætla*, *hyggja*, *sanna*, *telja* (í *huginn*), *kenna*, *ráða*, *lesa* og *spyrja*:

- (152) *þat munda ek ætla, segir hann, at siglanda myndi þykkja þetta veðr..* (Hkr 316/24)
- (153) *þat hygg ek, at hverr sá penningr er illr í Norðeyjum at hér myni kominn* (Hkr 336/27)
- (154) *(váru þeir þá margir) er þat sonnuðu, at konungr myndi heilagr vera..* (Hkr 412/36)
- (155) *talði hann þat þá í huginn at landit myndi vera auðsótt* (Hkr 377/24)
- (156) *þá kendu landzmenn aðrir þat Þróndum, at þeir hefði mestu um valdit..* (Hkr 417/7)
- (157) *ræð ek þat at vér vindim segl vart ok siglim út á haf* (Hkr 319/11)
- (158) *en konungar láso í bókum sínum þat at Baláam spámaðr sagðe svá* (Hom 62/27)
- (159) *hefir þú eigi spurt þat at ek em læknir?* (Hkr 356/31)

Her ser vi døme på alle mulege plasseringar av *þat*: Topikalisering i (152) og (153), stilistisk framflytting i (154), objektframflytting i (155), (156) og (157). I (158) og (159) er det muleg at heile objektet er ekstraponert, men det er også muleg at *þat*, og kanskje også leddsetninga, står i baseposisjonen [komp VP].

Også verb som ikkje gir att direkte tale/tanke, kan ta finitte leddsetningar med determinativ som komplement. *Finna*, *sýna*, *sjá* og *gera* tar alle objekt i akkusativ:

- (160) *Dagr fann þat til íþróttá sér at hann myndi sjá kost ok lǫst á manni..* (Hkr 355/8)
- (161) *fann hann þat at þeir feðgar váru menn forvitrir* (Hkr 355/4)
- (162) *ok þóttusk sendimenn þat á finna, at Qnundr konungr myndi vera mjök..* (Hkr 311/5)
- (163) *þá sýndi hann þat at helgir menn myndu opt verða ábraut reknir..* (Hom 52/14)
- (164) *þat sá þeir ok, ef þeir biði þar þess er Knútr konungr hefði búit allan her þann er hann hafði ok legði síðan at þeim, at liðsmunr var svá mikill at lítil ván var at þeir mundu sigrask* (Hkr 345/4)
- (165) *þá gera þeir þat bert, bæði fyrir sínu liði ok landzfólkinu, at þeir ætla undir sik at leggja Danmørk ok beiða sér viðrtøku af landzmønnum* (Hkr 339/18)


I (164) og (165) er det mellom *þat* og leddsetninga lange adverbiale ledd som ein kan rekne med er høgreadjungerte til CP. Dermed må også leddsetninga høgreadjungerast til CP, og

døma får to ekstraponerte ledd etter kvarandre.

Eg vil også nemne at leddsetninga i (165) over bør analyserast som subjektet/ akkusativen i ei småsetning, saman med adjektivet *bert*. Eit tilsvarande døme der småsetninga er ein VP, er (166) under:

(166)ok lét *þat* fylgja, *at hann hygði, ef Knútr legði Nóreg undir sik, at..* (Hkr 310/24)

Denne oppgåva skal som sagt ikkje omhandle småsetningar, men eg vil likevel kort vise ein analyse her, sidan det er finitte leddsetningar som akkusativobjekt som er temaet. (166) er altså ein akkusativ med infinitiv-konstruksjon der *fylgja* er infinitiven og *þat+at hann hygði..* er komplement for *letja* i oversetninga samtidig som det er subjekt for *fylgja*. Vi må rekne med at *þat+at..* er generert i spesifikatorposisjonen til *fylgja* og får ekstern rolle der, men at *þat* får akkusativ kasus frå *letja*. Leddsetninga må vere ekstraponert i småsetninga, og blir dermed høgreadjungert til VP. Her er dette vist med projeksjonen for (166):



I den tilsvarande analysen for (165) lenger oppe, er småsetninga ein AP med *bert* som kjerne i A, samsvarsbøygde med *þat+at..* som er generert i [spes AP], og leddsetninga blir høgreadjungert til AP. (Som i *Kua trákka graset flatt* i 2.3.5)

4.2.3 Infinitt leddsetning med determinativ som direkte objekt

Det er få døme på infinitte leddsetningar som objekt med determinativ som kjerne, men det finst nokre med *gera* og *hafa* som hovudverb:

(167)gerða ek þá þat at brenna fyrir þeim (Hkr 387/32)

(168)at ek hefi gort þat at brenna innin fyrir þeim (ok veitt þeim aðrar..) (Hkr 387/31)

(169)eigi skaltu þat gera at dylja sjálfan þik sannenda (Hkr 377/18)

(170)konungr hafði þat enn í ráðagörð sinni at leggja niðr konungstígn ok.. (Hkr 376/23)

(171)(ok sendi orð þeim mǫnnum) er þat vildu hafa til féfangs sér at afla hlutskiptis ok hafa uptekðir þær er óvinir konungs sæti fyrir (Hkr 382/30)

I *The Syntax of Old Norse* er det også vist eit døme med *veita* som hovudverb:

(172)bóndr hafa mér þat veitt, at auka aura-lag um sakeyri minn (SON 156/99b)

Det ser ut til at infinitte leddsetningar med determinativ fungerer akkurat som finitte leddsetningar, bortsett frå at dei er mykje sjeldnare.

4.2.4 Spørjesetning med determinativ som direkte objekt

Det finst også få døme der akkusativobjekt er spørjesetningar med determinativ som kjerne.

I materialet eg har gått igjennom, ser det ikkje ut til å finnast døme på objekt som består av *þat* og avhengig spørjesetning innleidd med *ef* eller *hvárt*. I *Syntactic Change* blir det nemnt eitt døme med *hvárt*, og der er hovudverbet i oversetninga *hugsa*:

(173)þat hugsaði hann hvárt þat myndi vera af eðli síálfra þeira, eða myndi.. (SC 114/73a)

I *The Syntax of Old Norse* blir det vist eit døme med *þat* og spørjesetning innleidd med kv-ord, og dette finst det også nokre få døme på i det materialet eg har gått gjennom. Hovudverba her er *vita*, *tjá* og *segja*:

(174)þat veit ek eigi, hverr hann á (SON 87/18a)

(175)at hann tjáði þat fyrir Dag hvé sköruligr maðr Þórir var (Hkr 356/2)

(176)skal *þat* eigi seint at segja þér *hvat ek vil til leggja* (Hkr 381/31)

(177)er nokkurr sá maðr á þingi er *þat* kunni at segja *hverr valdi er verks þessa?* (Hkr318/5)

I (176) og (177) ser vi kjente problemstillingar i *at segja*-konstruksjonar. *Þat+kv*-ledda blir genererte som direkte objekt for *segja*, men *þat* flyttar ut derifrå og inn i oversetninga. I (176) blir *þat* venstreadjungert til TP (objektframflytting). I (177) blir *þat* venstreadjungert til AgrP (stilistisk framflytting).

Det verkar altså som at spørjesetningar oppfører seg på same måte som finitte leddsetningar også når dei er objekt og utfylling til determinativ, men døma er sjeldnare.

4.2.5 Leddsetning med determinativ som dativ- og genitivsobjekt

Også andre bøyingsvariantar av *þat* kan nyttast som kjerne for eit leddsetningsobjekt. Det ser ikkje ut til å finnast døme med *þann* (mask sg akk) eller *þá* (fem sg akk) slik det var døme med dei tilsvarende nominativsformene *sá* og *sú* i subjektskapitlet. Dette er heller ikkje á vente her, sidan *sá* og *sú* bare blei nytta ved samsvarsbøying med predikative substantiv.

Derimot er det relativt vanleg á sjá bøyingsformene *því* og *þess* som kjerne for leddsetningar. I 4.1 såg vi døme på at leddsetningar kan vere objekt for verb som tar argument i dativ og genitiv. Nå kan vi også sjá i synleg syntaks / fonologisk form at objekta får dativ og genitiv kasus, fordi dei er DP-ar: *Þat* blir nå bøygd etter kva kasus verbet deler ut.

Dativobjekt med *því*

Finite leddsetningar kan gjerne vere dativobjekt. Her er dei da utfylling til determinativforma *því*. Døma under har hovudverba *svara*, *hrósa*, *heita*, *lýsa*, *trúa*, *treystask*:

(178)en flestir svöruðu *því*, at fyrir *þá* sök *sátu heima*, at þeir vildu *hvárigjum*.. (Hkr 387/6)

(179)en hann hrósaði *því* at hann líkðisk *þá meirr Óláfi konungi Tryggvasyni* (Hkr 418/30)

(180)hét *því*, at *Einarr skyldi vera mestr ok gøfgastr ótíginna manna i Nóregi*.. (Hkr 360/7)

(181)lýsti konungr *því*, at hann vill menn senda til *Jamtalandz* at heimta skatt (Hkr 330/3)

(182)trúi ek *því*, at *Þórir mun vera oss óvinr* (Hkr 328/27)

(183)skulum vér *því* treystask at vér *höfum réttara* at mæla en *bóndr* (Hkr 392/9)

Ofte er det her vanskeleg å seie sikkert om *því* er ein del av eit argument, eller om det er eit adverbial med tydinga 'fordi'. Leiddsetningane kan også fungere som objekt aleine, så sjølv om hovudverbet i ei setning må ta objekt, kan vi ikkje vite sikkert kor *því* høyrer til. Dette må avgjerast bare på semantisk grunnlag, og utan morsmåls-kompetanse er det vanskeleg, men eg vil seie at det er muleg i alle døma i dette avsnittet å analysere *því* som eit adverbialledd – iallfall slik døma står nå, uavhengig av kontekst. Når eg likevel analyserer *því* som ein del av objektet i trestrukturen over, er det fordi dette er ein minst like sannsynleg analyse. Og på overflata kan ein rekne med at *því* står venstreadjungert til TP uansett.

I det materialet eg har gått igjennom, ser det ikkje ut til å finnast døme på infinitt leiddsetning med determinativ som dativobjekt, men det er vist iallfall eitt i *The Syntax of Old Norse*:

(184)hann hafði þeim *því* heitit, at fylgja þeim á fund Svía-konungs (SON 87/16b)

Eg har komme over eitt døme med *spørjesetning* pluss determinativ som dativobjekt. Hovudverbet er *leyna* og leiddsetninga er innleidd med *hverr*:

(185)ekki er *því* at leyna, *hverr minn áhugi er um verk þetta, at ek hygg..* (Hkr 318/8)

Dette svarar til dei mange døma med *at segja* tidlegare i oppgåva. Determinativet *því* er generert som ein del av objektet for *leyna* i undersetninga, men blir flytta fram og adjungert inn i oversetninga. Som sagt i 3.2.10, er det nyttig å notere seg her at determinativet beheld den kasusen det har fått i undersetninga, sjølv om det flyttar opp til ein subjektsposisjon. Elles er det også ein muleg analyse syntaktisk at *því* er topikalisert framfor *at* i undersetninga. Men semantisk vil eg seie det er nokså klart at *því* fungerer som argument i oversetninga.

Genitivsobjekt med *þess*

Ein god del verb kan ta leiddsetningar som objekt med genitivsforma *þess* som kjerne, til dømes *eggja*, *vænta*, *kenna*, *vara*, *biðja* og *beiða*:

(186)*þess* eggjuðu margir, at þeir skyldu taka byr ok sigla til Eyrasundz.. (Hkr 349/33)

(187)*þess* vænti ek, bóandi, at guð mun leiðretta skaða þinn (Hkr 385/7)

(188)*þess* kenna margir af þér, Hárekr, at þú ert frændstórr ok ofreflismaðr (Hkr 329/9)

(189)en *þess* mun mik sízt vara af yðr bróðrum, at þér munuð með hér fara.. (Hkr 325/2)

(190)*þess* bað Symeon, *at hann næðe at sjá Krist* (Hom 68/8)

(191)vil ek *þess* biðja, *at sá hlutr komi upp er guð sér at mér gegnir bezt* (Hkr 392/8)

(192)at hann beiddi *þess* Íslendinga, *at þeir skyldu taka við þeim lögum sem..* (Hkr 320/2)

Som nemnt i kapittel 2 reknar eg også genitivsobjekt som genererte i [komp VP] i dømme som her. I (191) og (192) er *þess* venstreadjungert til TP (objektframflytting). Men det kan verke som det umarkerte er å topikalisere *þess*, sidan dette gjeld alle dei andre setningane.

Verbet *þurfa* kan ta *infinitt leddsetning* med determinativ som genitivsobjekt:

(193)*þess* munum vér *þurfa* um ráð *þat* er vér høfum upp tekit, *at gera þat eigi..* (Hkr 397/7)

Igjen er *þess* topikaliserert. Dette er også eitt av dei få døma der ein ser klart på overflata at leddsetninga er ekstraponert.

Eg har ikkje komme over døme med *spørjesetningar* som utfylling til *þess*, men ein kan rekne med at dette også er muleg sidan spørjesetningar kan stå til *þat* eller *því*.

Til slutt her vil eg nemne nokre tilfelle der det ser ut til at leddsetningar er subjekt for *vera*, men dei ikkje kan vere det sidan dei hører saman med genitivsforma *þess*:

(194)*þess* er mér ván, *at þú mynir heyrt hafa mik nefndan* (Hkr 334/32)

(195)þá þykki mér *þess* ván, *at ek koma aldri síðan til Nóregs* (Hkr 319/13)

(196)en *þess* varð eigi auðit, *at Óláfr konungr hefndi Þrándi þessa..* (Hkr 337/39)

Ifølgje ordboka er det to faste uttrykk vi har å gjere med her:

er ván e-s, det er håp om, ein kan vente seg noko (Heggstad et al. 1997:481)

auðit varð þess, at --, det var så laga, det gjekk så at (Heggstad et al. 1997:39)

I (194) og (195) ser det dermed ut til at *þess* og leddsetninga saman må vere komplement til substantivet *ván*, men at *þess* er flytta ut frå denne frasen og inn lenger fram i setninga. I (196) er det adjektivet *auðit* som tar determinativ og leddsetning som komplement. Det gir genitiv kasus, og også her flyttar *þess* ut frå frasen og inn lenger oppe. Oversetningane i alle tre døma er i utgangspunktet subjektlaus. Ein kan tenke seg at *þess* blir flytta fram for fylle ein subjektsfunksjon, iallfall i døme (196). Men for (194) og (195) er det meir sannsynleg at det er det personlege dativleddet *mér* som gjer det, sidan det kjem på plassen rett etter verbet.

4.2.6 Andre determinativ enn *þat*

Som vist i kapittel 3, kan også andre determinativ enn *þat* ta leddsetningar som komplement. Dette gjeld naturleg nok også når leddsetningane er objekt av ulike slag. Orda som blir nytta er *hitt*, *svá* og *þetta*.

Hitt

Demonstrativet *hitt* (nøyt sg akk) kan vere objekt med finitt leddsetning som utfylling:

(197)en *hitt* vita menn með sannendum, at *Hákon jarl týndisk í hafí..* (Hkr 374/13)

(198)en nú spyrjum vér *hitt*, at *Nóregs-konungr ætli at herja á hendr oss* (Hkr 341/32)

(199)heldr berr *hitt* til, konungr, at *vér viljum yðr fyrst bjóða vára þjónustu* (Hkr 325/7)

Det ser heller ikkje her ut til å vere noko mønster i når *þat* kan bytast ut med *hitt*. Dei to determinativa oppfører seg likt. I (197) står *hitt* i [spes CP]. I (198)/(199) er dei venstre-adjungerte til TP ved objektframflytting. Leddsetningane må dermed vere ekstraponerte.

I alle tre døma over er det muleg å tenke seg at *hitt* betyr 'det andre'. (Sjå diskusjonen i kap. 3.2.) I det siste dømet er det svært sannsynleg. Uansett spelar ikkje dette noka rolle for syntaksen. *Hitt* tar leddsetningane som komplement uavhengig av semantikken det gir.

I det materialet eg har gått igjennom, har det ikkje vore døme på at andre bøyingsformer enn nøytrum akkusativ eintal *hitt* tar leddsetningsobjekt som utfylling. I *The Syntax of Old Norse* ser det ut til å vere eitt døme med dativ:

(200)en *hinu* skal játa, at *þat er nú, sem lengi hefir verit* ((SON 80/80)

Hinu er inkjekjønndativ eintal, og *játa* tar objekt i dativ (jf. Heggstad et al. 1997:230: (*e-u*), *játa e-m at e-u*.) Som i døma med *því* i førre delkapittel, vil eg seie at *hinu at þat er nú sem..* her er generert i [komp VP]. Deretter blir heile leddet topikalisert, og *hinu* så ståande att i [spes CP] medan leddsetninga blir ekstraponert.

Teoretisk sett skulle det vere like bra å bruke både *hinu* og *hins* i tillegg til *hitt*. Men bruken av *hitt* som kjerne for eit leddsetningsargument er forholdsvis sjeldan. Dessutan tar mange fleire verb akkusativobjekt enn dativ- og genitiv-, iallfall når objektet er basert på ei leddsetning. Totalt blir det nok dermed for få døme til at eg kunne klare å fange opp dette med mitt avgrensa materiale, men det er også muleg at det ikkje finst i det heile.

Det ser heller ikkje ut til å finnast døme i dei tekstane eg har gått gjennom på at infinitte leddsetningar eller spørjesetningar er objekt med *hitt* som kjerne.

Svá

Dei fleste døme med andre determinativ enn *þat*, er med adverbiallet *svá* brukt determinativt.

Verba er igjen av typen som refererer til direkte tale, svært ofte *segja*:

(201)*svá segja menn, at Haraldr kvað þá vísu þessa*: (Hkr 391/20)

(202)Steinn segir *svá, at hann myndi eigi fleirum meybörnum undir skírn*.. (Hkr 322/35)

(203)*svá segir Matheus guðspjallamaðr at engill dróttens vitraðesk Josep*.. (Hom 50/33)

(204)Matheus guðspjallamaðr segir *svá at dróttin vár ok lausnare lét berask*.. (Hom 61/11)

Som vi ser kan *svá* topikaliserast ((201) og (203)) eller stå etter verbet ((202) og (204)), Oversetningane i (203) og (204) er heilt like bortsett frå at *svá* og subjektet byter plass i overflatestrukturen.

Eg vil også påpeike at ein i dei fleste døme med *svá*, ikkje kan utelukke heilt at *svá* aleine er eit adverbialledd med tydinga 'så, deretter'. Men dersom det her er eit determinativ og det verkeleg har argumentstatus, må ein også seie at det har akkusativ kasus.

Vidare finst det døme med *mæla*, *hyggja* og *gera* som hovudverb:

(205)ok mælte *svá* við þá at þeir skyldu fara aðra gøtu aftr ok koma eigi til.. (Hom 62/18)

(206)hygg nú *svá* fyrir hag þínum at þar liggr við líf þitt (SON 156/100)

(207) (Íðraðisk Egill þá mjök,) er hann hafði *svá* gørt, at konungi þótti illa, ok.. (Hkr 349/2)

I (207) er det vanskeleg å seie om *svá*-leddet er internt argument eller om det er eit adverbialledd. Når vi på norsk seier "Du gjorde slik at eg fekk vondt", er det eit definisjonsspørsmål om *slik at*.. er objekt eller adverbial. (Sjå 5.5.5.)

Eit tilsvarande problem ser vi i (208) under, men her er spørsmålet om *svá at*.. er adverbial eller *predikativ*:

(208)(*svá lízk mér*) sem þessi fgr myni vera *svá at þér mynið nú þykkjask hafa*.. (Hkr 325/1)

DP-en *þessi fgr* er subjektet for *vera*. *Svá at*-leddet etter fungerer heilt klart predikativt, men

det er vanskeleg å seie om ein skal kalle frasen ein DP eller ein PA/AdvP. Dette er også på mange måtar eit definisjonsspørsmål. Kva type frasar skal kallast predikativ og ikkje? Det er gode grunnar til å analysere også adverbiale predikative ledd som generert i [komp VP], spesielt i eit døme som her. Den diskusjonen kjem eg altså tilbake til i 5.5.

I ein del tilfelle der det er langt mellom eit hovudverb og eit *þat at*-objekt, blir *svá* lagt til i strukturen – slik til dømes (*og*) *sá* kan fungere som ein diskurspartikkel i moderne norsk. Dermed inneheld objektet to determinativ i tillegg til leddsetninga, både *svá* og *þat*:

(209)(ek hefi *spurt*, segir hann, at konungr hefir eiga látit orvarþing eptir Þorgeir, ok Steinn er útlagr gorr,) *svá þat at* konungr er inn reiðasti (Hkr 323/7)

(210) (en nú var þar komi, er Steinn heimti þessi vilmæli at Ragnhildi ok *segir* hvat hann hefir hent,) ok *svá þat at* hann mun hafa orðit fyrir reiði konungs (Hkr 322/37)

(211) (Finn Árnason fór með liði því til Óláfs konungs, *segir* honum alt frá ferð sinni) ok *svá þat at* hann kvazk hyggja at Þórir væri ór landi farinn.. (Hkr 328/23)

Hovudverba i oversetningane her ser ut til å vere *spyrja* og *segja*, og leddsetningane er finitte.

Det ser ikkje ut til at det finst døme i det materialet eg har gått gjennom, på at ei *infinitt* leddsetning er utfylling til *svá* som objekt. Det finst eitt døme med *spørjesetningsobjekt*, og det objektet inneheld også *þat*. På same måte som over, blir *svá* lagt til som ein slags diskurspartikkel når leddsetningsobjektet står langt unna verbet:

(212)(þá *segja* þeir honum ǫll þau merki, er þeir hǫfðu vísir orðit,) *svá þat* ok, *hvar þeir hǫfðu komit líki konungs* (Hkr 413/25)

Objektet for *segja* er her fyrst *ǫll þau merki, er þeir...*, og deretter *svá þat hvar þeir hǫfðu*.

Þetta

Det ser ikkje ut til å finnast døme i materialet mitt på leddsetning med *þetta* som objekt.

I *The Syntax of Old Norse* blir det vist eitt døme – med *segja* som hovudverb og *spørjesetning* innleidd med kv-ord som utfylling til determinativet:

(213)seg mér *þetta* gersamliga, hvat ek skal síðan gera (SON 257/29a)

Som sagt i subjektskapitlet, er det sannsynleg at det er heilt greitt i norrønt å bruke *þetta* som kjerne for eit leddsetningsargument i staden for *þat*, men det er sjeldan, akkurat som for *dette* i moderne norsk.

Eitt

I det siste dømet her ser det ut til at ei finitt leddsetning er utfylling til kvantoren *eitt*:

(214)ok kunnu allir *eitt* at segja, *at lendir menn hǫfðu saman dregit her..* (Hkr 389/22)

Som i ei fleste andre døme med *at segja*, flyttar kjernen for leddsetningsobjektet ut. Her kan vi ikkje sjå om *eitt* står i [spes CP] rett framfor *at*, eller om det har flytta heilt inn i oversetninga og er venstreadjungert til TP ved objektframflytting.

4.3 Leddsetningar som utfylling til substantiv

Konstruksjonen (determinativ+)-substantiv+leddsetning kan også fungere som objekt – generert saman som ein DP i [komp VP]. Dei fleste døma er med finitt leddsetning.

Før eg tek til med å skildre kva for verb, substantiv og determinativ som kan vere mulege i slike konstruksjonar, vil eg som tidlegare prøve å gjere klart kva som er vanleg rekkefølge i synleg syntaks for dei ulike ledda i objektet:

4.3.1 Plassering av ledda i overflatestrukturen

Også her er det mange døme der ein ikkje kan sjå klart korleis objektet er plassert:

(215)hann spurði *þau tíðendi at Erlingr Skjálgsson var ór landi farinn ok..* (Hkr 338/23)

(216)ok festi *svardögum at hann skyldi vera þeim öllum trygg ok trúr, þótt..* (Hkr 420/1)

Her er det muleg at heile objektet står i [komp VP] eller at heile objektet er ekstraponert. Det er muleg at alle ledda i objektet står saman i strukturen, men det er også muleg at dei er splitta. Vi kan heller ikkje vite om determinativ eller subjekt er flytta lenger fram i setninga enn [komp VP] eller ikkje.

Nokre døme viser klart at heile objektet kan ekstraponerast saman:

(217)þér hafið í sumar vakit við mik þat mál, at þér vilduð búask til Íslandz-.. (Hkr 319/29)

Hovudverbet *vakit* stár i V, preposisjonsfrasen *við mik* er høgreadjungert til VP, og *þat mál at þér..* er høgreadjungert til CP.

Andre døme viser klart at determinativ og substantiv kan bli ståande att i [komp VP] medan leddsetninga blir ekstraponert.

(218)hafði Óláfr konungr látit fara orð um til Jamtalandz at þat var hans vili.. (Hkr 321/11)

(219)at Knútr konungr hafði boðit honum þat ørendi at skilnaði þeira, at hann vildi at þeir tóki til konungs.. (Hkr 341/21)

Orð i (218) stár mellom *fara* i V og ein PP høgreadjungert til VP. Leddsetninga stár etter det igjen. *Þat ørendi* i (219) stár etter eit indirekte objekt i [spes VP_{nedre}], men før *at skilnaði þeira*, som må vere høgreadjungert til VP. Leddsetninga stár til slutt.

I (220) og (221) er det godt muleg at kjerneorda i objektet, *þat orð/hitt yfirbragð*, stár venstreadjungert til TP (objektframflytting) – dersom preposisjonen *á* er venstreadjungert til VP (eller TP):

(220)gerði hann þat orð á, at hann ætlaði at fara suðr til Þrándheims (Hkr 358/31)

(221)en gera hitt yfirbragð á, at sendimenn væri vel haldnir.. (Hkr 330/24)

Men det er også muleg at *á* er høgreadjungert til VP, og i så fall kan vi ikkje vite om determinativet og substantivet stár i [komp VP] eller ikkje.

Men i (222) ser vi klart at kjerneorda er flytta frå [komp VP]:

(222)hann hafði þess heit strengt, at láta eigi skera hár sitt né kempa fyrr en.. (SON 268/57)

Hovudverbet *strengt* stár i V, og eg vil dermed rekne determinativet, nå saman med eit substantiv, som venstreadjungert til TP. Leddsetninga blir med dit før ho blir ekstraponert.

Kjernen for leddsetninga kan også topikaliserast:

(223)*kost* muntu eiga, segir Þorbergr, at fara eigi (Hkr 323/37)

Det ser altså ut til å vere mange måtar å konstruere setningar av denne typen på, og utan fleire døme er det vanskeleg å sjå eit klart mønster over kva som er det vanlegaste. Men det er tydeleg at heile objektet kan ekstraponerast saman. Elles kan substantiv eller substantiv og determinativ stå att i [komp VP] aleine, dei kan topikaliserast eller dei kan ende inni setninga etter objektframflytting. Når kjernen for leddsetninga flyttar, vil eg som før anta at leddsetninga flyttar med og deretter blir ekstraponert. Det finst heller ikkje her døme som viser klart at leddsetninga kan stå igjen i [komp VP], så vi må i utgangspunktet rekne med at leddsetninga alltid står høgreadjungert til CP på overflata.

4.3.2 Finitt leddsetning som utfylling til substantiv

I dette delkapitlet, og dei to neste, vil eg vise ein del døme på at leddsetningar som er komplement til substantiv kan fungere som objekt. Sidan eg har vist så mange gonger tidlegare at leddsetningar kan vere del av både akkusativ-, dativ- og genitivsobjekt, vil eg ikkje skilje ut desse kvar for seg her. I døma der objektet inneheld determinativ i tillegg til substantiv, er determinativa naturleg nok samsvarsbøygde i kjønn, tal og kasus med substantiva dei står til. Dette vil eg heller ikkje kommentere spesielt.

4.3.2 omhandlar finitte leddsetningar, 4.3.3 infinitte leddsetningar og 4.3.4 spørjesetningar. Elles vil eg skilje på om det er *þat*, *hitt*, *þetta* eller anna som er kjerne i objektet, eller om eit substantiv *aleine* er objekt saman med leddsetninga.

Finitt leddsetning med substantiv

Det finst ein god del døme på bare substantiv saman med finitt leddsetning som objekt. Substantiva som er kjerne i objekta her, er *orð*, *stefnulag*, *sætt* og *svardagi*:

(224)hafði Óláfr konungr látit fara *orð* um til Jamtalandz *at þat var hans vili*.. (Hkr 321/11)

(225)gerðu þeir sín í milli *stefnulag*, *at þeir skyldu hittask um vórit við*.. (Hkr 316/2)

(226)síðan segir Finnur upp *sættina*, *at Þórir skyldi gjalda konungi x merkr*.. (Hkr 327/8)

(227)ok festi *svardögum*, *at hann skyldi vera þeim öllum trygggr ok trúr, þótt*.. (Hkr 420/1)

(228) (Fóru þeir feðgar þá báðir um vórit á fund Háreks) ok segja honum *orð ok jartegnir Óláfs konungs*, *at Hárekr skyldi láta af tilkalli um verit* (Hkr 328/38)

I det siste dømet ser vi at DP-en som leddsetninga hører, til kan vere nokså kompleks.

At Hárekr skyldi.. står til *orð ok jartegnir Óláfs konungs*, som inneheld to koordinerte substantiv, med ei genitivutfylling i tillegg.

Finitt leddsetning med substantiv og þat

Substantivet er også her i mange tilfelle *orð*, eller *tíðendi* – med *þau/þat* som kjerne i DP-en. *Mál* er også vanleg, og det finst døme med *þrendi*. Hovudverba i oversetningane er *spyrja*, *gera*, *vekja* og *bjóða*:

(229) hann spurði *þau tíðendi at Erlingr Skjálgsson var ór landi farinn ok..* (Hkr 338/23)

(230) ok spurði þar *þau tíðendi at Hákon jarl hafði lið mikit í Þrándheimi* (Hkr 366/8)

(231) gerði hann *þat orð á, at hann ætlaði at fara suðr til Þrándheims* (Hkr 358/31)

(232) þér hafið í sumar vakit við mik *þat mál, at þér vilduð búask til Íslandz-..* (Hkr 319/29)

(233) at Knútr konungr hafði boðit honum *þat þrendi at skilnaði þeira, at hann vildi at þeir tóki til konungs yfir Dana-veldi Hørðaknútt, son Knúts konungs* (Hkr 341/21)


Det finst også døme med *segja* som hovudverb:

(234) þeir kunnu *þau tíðendi* ór byggdinni at segja, þar sem þeir høfðu farit,

at víða var aleyða at vigjum mǫnnum, ok var þat fólk farit í bóndasamnað (Hkr 387/3)

Nok ein gong ser vi at ledd flyttar fram frá ei undersetning der *at segja* er hovudverbet. Både *þau tíðendi* og *ór byggdinni* er flytta framfor infinitivsmarket, men begge desse to ledda har komplement i ekstraposisjon (*at víða var..* og *þar sem þeir..*). *At segja*-konstruksjonen består her altså av to topikaliserde ledd og to ekstraponerte ledd i tillegg til verbet. Begge ledda blir fyrst genererte i [komp VP] / høgreadjungert til VP for *segja*, deretter blir dei flytta fram, og så flyttar utfyllingane i ekstraposisjon.

Det er muleg at dei framflytta ledda er adjungerte inn ein stad i oversetninga – vi har ingen ledd å samanlikne med etter subjektet *þeir* i [spes CP] og verbet *kunnu* i C. I så fall blir dei lange sisteledda høgreadjungerte til CP i oversetninga. Men det er også muleg at både *þau tíðendi* og *ór byggdinni* framleis står innafor den setninga dei eigentleg hører til, topikaliserde i [spes CP] i den infinitte leddsetninga. I så fall må sisteledda bli ekstraponerte i undersetninga. Her er dette vist med projeksjonen for (234):



Det finst også nokre dømme med *senda* som hovudverb, der determinativet *þau* og substantivet *orð* blir splitta dersom også eit mottakarledd for *senda* er uttrykt i syntaksen:

(235) *þeir Karli senda þau orð at móti, at Þórir skyli hafa xxv. menn* (Hkr 311/26)


(236) *þá sendi hann orð Kálfi þau at hann skyldi koma út til bójar á fund jarls* (Hkr 373/2)

(237) *um várit.. sendi hann orð Dag frænda sínum þau at Dagr skyldi ráðask til ferðar*

með honum með þann styrk allan sem hann hefir til (Hkr 382/16)

I (235) er den mest sannsynlege analysen at *þau orð* stár i [komp VP] og at leddsetninga er

ekstraponert etter *at móti* som er høgreadjungert til VP. Eventuelt kan *at móti* vere venstreadjungert til VP og *þau orð* venstreadjungert til TP (objektframflytting). I (236) og (237) står substantivet (*orð*) for seg sjølv mellom subjektet (*hann*) og det indirekte objektet (*Kálfi / Dag frænda sínum*) – mottakaren for ordsendinga. Det ser ut til at dei indirekte objekta framleis står i baseposisjonen [spes VP_{nedre}], og det naturleg å tenke seg at *orð* er venstreadjungert til TP. *Þau* og leiddsetninga står saman til slutt. Her er dette vist med projeksjonen for (236):



Finitt leiddsetning med substantiv og *hitt*

Det finst få døme i materialet med (*h*)itt, substantiv og leiddsetning, og dette er lange og tunge konstruksjonar. Derfor har eg tatt med eitt frå *The Syntax of Old Norse* fyrst:

(238)en ek hefi *hina skilning at engi sé þeira maki* (SON 56/2c)

(239)en gera *hitt yfirbragð á, at sendimenn væri vel haldnir, at þeir væri fyrir því dvalðir, at þeir skyldi skattsins bíða, ok skyldi skipta þeim á vistir tveim ok tveim* (Hkr 330/24)

(240)þá hóf Þórir *ina sǫmu róðu sem fyrr at hann bað þá á land ganga ok bera fé til skiptis,*
er þeir hǫfðu tekit at herfangi.. (Hkr 314/32)

I (240) inneheld objektet også adjektivet *sǫmu* og relativleddet *sem fyrr* i tillegg til determinativet *ina*, substantivet *róðu* og leddsetninga *at hann bað þá...*

Hitt ser også her ut til å fungere på same måte som *þat*, bare at det er sjeldnare.

Finitt leddsetning med substantiv og þetta

Det finst som tidlegare også få døme med *þetta* som kjerne:

(241)veik konungr *þessu máli* nokkut til ýmissa manna *at til þeirrar farar skyldu ráðask*
(Hkr 334/15)

(242)ok heyrði *þessi stórmerki heilagleiks Óláfs konungs at af himneskum krǫptum máttu*
menn heyra yfir hans helgum dómi hljóð svá sem klukkur hringðisk (Hkr 416/7)

I (242) inneheld objektet eit langt genitivledd (*heilagleiks Óláfs konungs*) i tillegg til determinativet *þessi*, substantivet *stórmerki*, og leddsetninga.

Finitt leddsetning med substantiv og eitt

Her har vi igjen eit døme der det ser ut til at kvantoren *eitt* kan vere argument saman med ei leddsetning. Leddsetninga er komplement til *spurn* som igjen er komplement til *eina*:

(243)ok fekk þá *eina spurn at ófriðsamligt myndi þangat at fara* (Hkr 381/24)

4.3.3 Infinitt leddsetning som utfylling til substantiv

Det finst mange færre døme på *infinitt* leddsetning med denne konstruksjonsmåten, spesielt med substantiv og determinativ.

Infinitt leddsetning med substantiv

Substantivet her er i fleire tilfelle *leyfi* og *orlof*, infinitiven i leddsetninga er *fara* i alle setningane under, og saman gir ein slik konstruksjon tydinga 'fá / be om lov til å fare'. Det finst også døme med *kostr* som kjerne i objektet. Hovudverba er *fá*, *beiða* og *eiga*:

(244)þá er Gellir Þorkelsson fekk *leyfi at fara til Íslandz* (Hkr 329/38)

(245)ok fekk þá *leyfi af honum at fara til Íslandz um sumarit eptir* (Hkr 334/1)

(246)ok vildi beiða sér *orlofs at fara til Nóregs* (Hkr 340/12)

(247)*kost* muntu eiga, segir Þorbergr, *at fara eigi* (Hkr 323/37)

Infinitt leddsetning med substantiv og determinativ

Det ser bare ut til å vere eitt døme på dette i det materialet eg har gått igjennom, så eg tar også med to frå *The Syntax of Old Norse*. Hovudverba er *vilja*, *vinna* og *strengja*. Her ser vi igjen eit døme med *kostr* som kjerne for leddsetninga, og elles er substantiva *sigr* og *heit*:

(248)en ef þér vilið heldr *þann kost, at hafa land vart til yfirferðar*, þá skal.. (Hkr 346/5)

(249)hafa þeir ... *þann sigr unnit at stíga yfir hǫfuð þvílikum hǫfðingja* (SON 80/79a)

(250)hann hafði *þess heit* strengt, *at láta eigi skera hár sitt né kempa fyrr en..* (SON 268/57)

Infinitt leddsetning og substantiv som predikativ

Her vil eg også ta med eit døme der ei infinitt leddsetning med substantiv er *predikativ*.

(251)en Kálfr hafði verit *hǫfuðsmaðr at halda orrostu við Óláf konung..* (Hkr 417/24)

Eg har vist mange døme tidlegare i oppgåva på at det kan vere vanskeleg å avgjere kva som er subjektet og kva som er predikativet i ei setning. For det aller meste har det vist seg at den frasen som inneheld leddsetninga, sannsynlegvis er subjekt. Her er det liten tvil om at *Kálfr* er subjektet, det er det leddet av to DP-ar som har smalast referanse. Dessutan tyder leddstillinga på det same. *Hǫfuðsmaðr at halda orrostu..* må vere generert som *predikativ* i [komp VP]..

4.3.4 Spørjesetning som utfylling til substantiv

Dette finst det også få døme på. I det materialet eg har gått igjennom, ser det ut til å vere to tilfelle med *ef*-setningar, og desse er utfylling til substantiv aleine (*atspurningum, máls*):

(252)hann leiddi *atspurningum, ef menn vissi nǫkkut til ferðar Knúts ins ríka* (Hkr 338/28)

(253)ok spurði hann *máls, ef hann vildi hlýða drápu þeiri er Skapti faðir hans..* (Hkr321/26)

Spørjesetning med *adjektiv* og *determinativ*

Eg har ikkje komme over døme på objekt der ei kv-setning er utfylling til eit substantiv, men det finst eitt døme med *determinativ* og *adjektiv* som kjerne:

(254)ok hann fekk eigi *it sanna* spurt, *hvert hann skyldi stefna til fundar við..* (Hkr 338/32)

Her er spørjesetninga utfylling i ein DP med ein variant av (*h*)itt som ytste kjerne. DP-en inneheld også adjektivet *sannr*, men ein kunne tenke seg at spørjesetninga er utfylling til eit stryke, underforstått substantiv med generelt innhald.

4.4 Konklusjon: leddsetningar som objekt i norrønt

Dei fleste syntaktiske diskusjonane i dette kapitlet har dreidd seg om kor objektet står i synleg syntaks. Det er i dei fleste tilfelle vanskeleg å sjå om leddsetningsobjekt står i [komp VP] eller ekstraposisjon, fordi desse plasseringane gir same uttrykk på overflata. Svært få, kanskje ingen, døme kan derimot vise klart at ei leddsetning står att i [komp VP], så vi har likevel god grunn til å rekne med at også leddsetningsobjekt så godt som alltid blir ekstraponert.

Leddsetning som objekt utan *determinativ* er veldig vanleg, og like vanleg for alle tre typene leddsetningar. Det meir interessante i denne samanhengen, var å sjå at verba *kunna* og *vilja* har to ulike argumentstrukturar i norrønt. Dei kan vere vanlege transitive verb og ta DP-ar eller gjerne CP-ar som objekt, men dei kan også vere hjelpeverb og ta infinitivar, VP-ar, som komplement i staden for. Også *taka* kan i visse konstruksjonar seiast å fungere som hjelpeverb semantisk, men dette kjem ikkje til uttrykk syntaktisk i dei døma eg har vist.

For leddsetningsobjekt som del av ein DP bruka eg mykje plass på å prøve å finne ut kva som må reknast som den umarkerte posisjonen for *determinativet*. Det kan sjå ut til at det vanlegaste er objektframflytting, venstreadjungering til TP, også når kjernen i objektet er substantiv eller tyngre DP-ar. Men det er mange mulegheiter, og i dei fleste tilfelle ikkje muleg å vite akkurat. Spesielt sidan adverbialledd har så fri plassering i norrønt, er det vanskeleg å seie noko sikkert om plasseringa i dei nedre delane av ei setning.

Konstruksjonar med *determinativ* er her mykje sjeldnare enn dei utan. Generelt finst det nesten ikkje døme på DP-objekt med infinit leddsetning eller spørjesetning som utfylling. Det er likevel relativt mange døme med *því* og *þess* som kjernar. Kanskje er dette fordi ein i større grad ønskjer å markerer det når eit verb gir ut anna enn akkusativ kasus til eit objekt.

Vidare viste eg nye døme med *at segja*, der det nå var tvil om objektsledd for *segja* stod i [spes CP] i undersetninga eller fylte ein objektsfunksjon i oversetninga. Andre tilfelle viste derimot heilt klart at vi må rekne med at det er muleg å topikalisere ledd forbi *at* i C i infinitte leddsetningar.

Elles har eg argumentert for at enkle, personlege akkusativ- og genitivledd på mange måtar må kunne analyserast som indirekte objekt i setningar som også har leddsetningsobjekt. I dei aktuelle tilfella har eg analysert leddsetningane som genererte i [komp VP], uavhengig av kva kasus dei skulle hatt, og dei enkle objekta som genererte i den nedste VP-en i eit larsonsk skal, også uavhengig av kasusmarkeringa.

Det har heilt klart komme opp færre teoretiske problemstillingar i dette kapitlet enn det førre. I praksis kan dette vere fordi [komp VP] og ekstraposisjon så ofte gir same uttrykk i synleg syntaks, men det er mest fordi det generelt er fleire vidtrekkande syntaktiske krav til subjekt, enn det er til objekt.

5. Samanlikning med moderne norsk

I dette kapitlet vil eg vise korleis forholda som nettopp er skildra for norrønt, er i moderne norsk, og samanlikne desse funna med kvarandre. Kva er endra og korleis kan desse endringane ha skjedd? Har desse endringane påverka andre sider ved språket?

Der det er interessant og muleg, vil eg omsette norrøne døme frå kapittel 3 og 4 meir eller mindre direkte. Elles vil eg komme med eigne døme som forklaring til emna som er omtalt, hovudsakleg frå nynorsk, men dersom det er annleis i bokmål eller i dialektar eg kjenner til, vil eg nemne dette spesifikt. NRG har fleire avsnitt om setningar som argument. Eg vil referere ein del til dette, spesielt for å få fleire meiningar enn mi eiga om kva som er grammatisk og ikkje i moderne norsk. Mange av konstruksjonstypene som er emne for denne oppgåva, er såpass sjeldne at det er lita støtte å hente i til dømes eit talespråkskorpus. Mykje av stoffet må derfor baserast på kva eg personleg meiner er grammatisk og ikkje. Dette kan sjølvstøtt andre vere ueinig i, og der *eg* er ueinig med NRG, kommenterer eg dette spesielt.

Også dette kapitlet er delt inn etter om leddsetningane er subjekt eller objekt, og etter om dei fungerer som argument aleine eller som utfylling i ein determinativfrase. Det vil også bli eit eige kapittel om konstruksjonar med formelt subjekt (5.3). Eg omtalar for det meste alle typene leddsetningar saman, men tek gjerne utgangspunkt i forholda for finitte leddsetningar, og kommenterer etter kvart om infinitte eller spørjesetningar oppfører seg annleis.

Det vil også her bli ein del vekt på å skildre systemet, vise kva konstruksjonar som er muleg og ikkje i moderne norsk, men hovudpoenget med kapitlet er å finne ut kva som er endra sidan norrøn tid, og å analysere desse endringane.

5.1 Setningar som subjekt – utan determinativ

Dette kapitlet har fire hovuddelar. 5.1.1 skildrar mulege plasseringar av leddsetningssubjekt i norsk. 5.1.2 omhandlar passivsetningar og 5.1.3 inakkusative verb. I 5.1.4 viser eg korleis dativledda i verb som *pykkja* og *lika* har blitt reanalyserte som subjekt i moderne norsk.

5.1.1 Plassering av leddsetninga i overflatestrukturen

I norrønt ser det ut til at leddsetningssubjekt alltid må stå til slutt. Dersom ei setning har ei leddsetning aleine som subjekt, er dermed ingen av subjektplassane i synleg syntaks fylt med subjektet eller delar av subjektet. Dette er ikkje muleg i moderne norsk:

- (1) *eigi er undarligt, at þú sér kallaðr Óláfr digri* (jf. (7) i 3.1)
- (2) *þá varð eigi betra en um haustit at fara í gøgnum Danmørk* (jf. (14) i 3.1)
- (3) *Ikkje er underleg at du kallar deg Olav digre.
- (4) *Då var ikkje lettare enn om hausten å fare gjennom Danmark.

I norsk har det derimot blitt muleg å **topikalisere** leddsetningar:

- (5) *At du kallar deg Olav digre*, er ikkje underleg.
- (6) *Å reise gjennom Danmark* var ikkje lettare då enn om hausten.

Dette er den beste måten å lage ei setning med akkurat desse ledda på, men andre konstruksjonsmåtar er oftast å føretrekke. Leddsetningar er tunge ledd i moderne norsk også, og bør helst komme til slutt i oversetninga, uavhengig av kva syntaktisk funksjon dei har. Det er mykje betre å la eit determinativ representere subjektet framme i setninga og så sette leddsetninga i ekstraposisjon, men dette er tema for 5.2 og 5.3. Her handlar det om leddsetningar som fungerer som subjekt aleine, og i slike tilfelle vil moderne norsk helst ha topikalisert subjekt. Døme (5) og (6) over viste dette for finitte og infinitte leddsetningar, men det same gjeld for konstruksjonar med spørjesetningar som subjekt:

- (7) *Om det blir noko av*, er eit anna spørsmål.
- (8) *Kor vi skal bu*, er framleis uvisst.

Referansegrammatikken seier at leddsetningar som subjekt må innehalde kjent informasjon: "Ei at-setning som er subjekt er presupponert. Det nye som skal formidlast, kjem i oversetninga." (NRG:1015) Dei nemner bare at-setningar i dette avsnittet, men eg reknar med at det same skal gjelde for andre typar nominale leddsetningar, og at poenget er at *subjekt* skal vere presupponert. Dette skriv også til dømes Faarlund i *Syntactic Change*: "The subject, being presumably thematic and thus recoverable from the context (...)" (Faarlund 1990:55). Leddsetningar vil derimot ofte innehalde ny informasjon, sjølv om dei er subjekt. Dette går greitt når dei står sist i oversetninga, den plasseringa stemmer bra både med at tunge ledd bør

komme til slutt og med at ny informasjon bør komme til slutt. Men nettopp sidan det umarkerte er å ha leddsetningar bakarst, kan ein rekne med at det ligg ei spesifikk talehandling i å sette dei fremst: Det er eit poeng å vise at leddsetninga er tema, og måten å gjere det på er å topikalisere.

Det topikaliserede leddet i ei setning er oftast også det semantiske temaet i setninga, og det semantiske temaet i ei setning skal også normalt vere kjent informasjon. Eg vil seie at leddsetningane i (5) og (6) klart ville vore kjent informasjon i ein tenkt, faktisk kontekst, men at dette ikkje er like lett å avgjere for (7) og (8):

”Vi har planlagt den turen så lenge. Snakka om han i årevis. Lest brosjyrar og kart og diskutert kva vi skal gjere, dag for dag. Men *om det blir noko av, er eit anna spørsmål.*” Eller:

”Vi har planlagt den turen så lenge. Snakka om han i årevis. Lest brosjyrar og kart og diskutert kva vi skal gjere, dag for dag. Men *kor vi skal bu, er framleis uvisst.*”

I norrønt er krav om god informasjonsstruktur viktigare for syntaksen enn at ledda i ei setning står på sin vanlege, umarkerte plass. I norsk ser det ut til å vere litt mindre viktig at ledd som kjem fyrst i ei setning, inneheld klart kjent informasjon. I dag kan eit subjekt alltid topikalisereast – også når det er eit nokså tungt ledd. Så lenge eit leddsetningsargument står enten heilt fyrst eller heilt sist, og dermed enkelt kan skiljast ut, er det likevel fullt muleg for ein lyttar/lesar å forstå ytringa.

Leddsetning i [spes AgrP]

Det er også muleg å ha leddsetningssubjekt i [spes AgrP], iallfall dersom leddsetninga er kort. Men dette er på grensa til ugrammatisk, og er nok svært sjeldan i praksis:

(9) [?]Likevel er *at du kallar deg Olav digre* ikkje underleg.

(10) [?]Framleis er *å reise gjennom Danmark* vanskeleg på dette tidspunktet.

Referansegrammatikken kommenterer også at dette er vanskeleg:

”[N]år subjektet har form av ei leddsetning, står normalt bare forfeltet til disposisjon. (...) [E]i leddsetning [kan] vanskeleg stå i midtfeltet. Det same gjeld i hovudsak også for infinitivkonstruksjonar som subjekt, jamvel om vi her kan finne tilfelle av midtfeltplassing: *’Korfor er å røykje farleg?’* (NRG:1015)

På s. 1014 blir setningar tilsvarande (9) og (10) her markert med stjerne * og ikkje spørsmåls-teikn, til dømes *Derfor er *å vere uvitande* inga unnskyldning. Dei skriv ingen ting om

spørjesetningar i midtfeltet, men eg reknar med at dei meiner det er minst like ugrammatisk:

(11) ^{??}Likevel er *om det blir noko* av eit anna spørsmål.

(12) [?]Framleis er *kor vi skal bu* uvisst.

Eg vil seie at alle desse setningstypene er grammatiske, så vidt, men det kjem nok mykje an på kontekst, og på kor kompleks både leddsetninga og oversetninga er. Oversetninga bør ha enkel grunnstruktur, men ofte må ho også vere litt ”baktung” for å kompensere for det tunge subjektet framme. Mange eller lange ledd til slutt gir større vekt av ny informasjon i bakre del av setninga, og det er riktigare informasjonsstruktur i norsk. Derfor er (14) betre enn (13):

(13) *Derfor er *å bli invitert* hyggeleg. (jf. NRG 1014)

(14) [?]Derfor er *å bli invitert* like hyggeleg som alltid.

Det ein må spørje seg, er kva motivasjon ein talar/skrivar skulle ha for å la eit tungt subjekt bli ståande i [spes AgrP]. Det vanlege er uansett å bruke *formelt subjekt* i starten og sette leddsetninga til slutt. Dersom ein vil framheve at leddsetningssubjektet er *tema*, kan ein som nemnt topikalisere det. Men, når oversetninga sjølv er ei leddsetning, kan ikkje subjektet flytte til [spes CP]. Dersom ein da ønskjer å understreke at subjektet er *tema*, må det stå i [spes AgrP]. Det kan gå greitt med infinitte leddsetningar som subjekt:

(15) (Dei seier) at *å balansere på brua* faktisk er tradisjon for studentane i byen.

Dette vil eg seie er litt meir grammatisk enn å ha infinitt leddsetning i [spes AgrP] i ei *hovudsetning*, som i (10). Kanskje fordi det her er einaste mulegheit?

Det er verre med finitte leddsetningar som subjekt, men det er sannsynlegvis fordi ein da får to *at* etter kvarandre:

(16) [?](Ho seier) at *at du vil balansere på brua* ikkje er overraskande i det heile.

Eg vil seie at også om-setningar fungerer litt dårlegare, medan det er greitt med kv-setningar:

(17) [?](Han seier) at *om du blir med* ikkje er viktig for han.

(18) (Så du seier) at *kva eg meiner* ikkje betyr noko for deg?

Ein annan syntaktisk kontekst der det ikkje er muleg å topikaliserer ledd, er i *setningsspørsmål* innleidde med finitt verb. Om ein vil ha subjektet framme i setninga, er her også einaste mulegheit å sette det i [spes AgrP]:

- (19) Er *at han kallar seg Olav digre* så rart, da?
- (20) Er *å reise gjennom Danmark* like vanskeleg som før?
- (21) Er *om det blir noko* av verkeleg eit anna spørsmål?
- (22) Er *kor vi skal bu* framleis uvisst?

Igjen vil eg seie at setningane er litt tunge, men grammatiske, og litt betre enn dei tilsvarande utsegnsetningane med andre ledd enn subjektet topikalisert.

5.1.2 Passivsetningar

I moderne norsk er det obligatorisk med subjekt i setningar med finitt verb, og obligatorisk med topikalisert ledd i utsegnsetningar. I tillegg er det altså enda eit krav: Subjektet må vere representert enten i [spes AgrP] eller i [spes CP].

Ved fyrste augekast kunne det sjå ut til å finnast eit unntak her, med at leddsetningssubjekt kan stå til slutt i passivkonstruksjonar dersom det indirekte objektet er med:

- (23) *honum* var sagt at þar var kominn Óláfr konungr (jf. (23) i 3.1)
- (24) *Han* blei fortalt at kong Olav hadde komme.
- (25) Da blei *han* fortalt at kong Olav hadde komme.

Han må i så fall stå i [spes CP]/[spes VP_{nedre}]. Dette er derimot ikkje muleg i aktiv:

- (26) *At ho kan jobbe så hardt* er meg ei gåte.
- (27) *Derfor er *at ho kan jobbe så hardt* meg ei gåte.
- (28) *Meg er ei gåte *at ho kan jobbe så hardt*.
- (29) *Derfor er meg ei gåte *at ho kan jobbe så hardt*.

Som vi ser, er det her bare topikalisering av subjektet som er muleg (26). Det er ikkje muleg å la subjektet stå i [spes AgrP] (27), og det er ikkje muleg å flytte fram det indirekte objektet ((28) og (29)).


I passivsetningar med indirekte objekt er det derimot nesten ugrammatisk å topikalisere leddsetningssubjektet:

(30) ^{??} *At kong Olav hadde komme, blei han fortalt.*

Det som viser kva som er problemet her, er kva kasus det ”indirekte objektet” har. Byter vi ut *han* i (24) med eit pronomer med klar kasusbøying, ser vi at det er nominativ:

(31) *Vi* blei fortalt *at kong Olav hadde komme.* (jf. X fortalte *oss* at k. Olav hadde komme)

Eit indirekte objekt i norsk skal ha oblik kasus. Eit ledd i nominativ bør vere subjekt. Men viss *vi* er subjektet, kva er leddsetninga da? Til nå i oppgåva har det alltid vore det direkte objektet i aktiv som blir subjekt i passiv. Her må det derimot vere det indirekte objektet som har blitt subjekt, den fyrste analysen av (24)/(25) var feil. *Han/oss* må vere generert i [spes VP_{nedre}], og så flytta til [spes VP_{øvre}] og til [spes TP] der det får nominativ kasus. Deretter nyttast *han/vi* vidare oppover som subjekt. Leddsetninga blir ståande i [komp VP], og er ikkje subjekt, men objekt. Her er dette vist for døme (24)/(31):



Også DP-ar genererte i [komp VP] kan stå att slik i norsk, men ingen ledd kan det i norrønt.

Ser vi igjen på det norrøne dømet denne norske setninga er omsett frå, repetert som (32) under, blir det klart at indirekte objekt i norrønt kan stå i [spes CP] i passivsetningar utan at dei har nominativ kasus og er subjekt. Vi har også sett mange døme tidlegare i oppgåva på at dativobjekt også kan stå på ein plass rett etter det finitte verbet. (33) er eit døme på det:

(32) *honum* var sagt at þar var kominn Óláfr konungr ((23) i kap. 3)

(33) var *konungi* þá sagt at Erlingr Skjálgsson hafði liðsamnað mikinn ((24) i kap. 3)

Det er som sagt vanleg å rekne nominativ kasus som definisjonsgrunnlag for subjektet i norrønt. Så lenge det indirekte objektet i aktiv framleis er dativ i passiv, kan ein rekne med at det ikkje er subjekt. Faarlund seier at indirekte objekt ikkje *kan* bli subjekt i passiv i norrønt:

”The subject of a passive sentence is raised from the complement position of the main verb” (2004:212). ”The only complement which can become the subject in the passive, is one which corresponds to a structural accusative in the active.” (2004:215)

Dermed er det svært sannsynleg at leddsetningane i dei norrøne døma over, faktisk er subjekt.

Det som også er annleis for norrønt, er at leddsetningar alltid kan stå til slutt, sjølv om dei er subjekt, og sjølv om subjektet ikkje er representert framme i setninga. Og kasusmarkering gjer at dativobjekt kan stå på plassar som tilsvarar subjektsposisjonar og likevel vere indirekte objekt. I norsk har det skjedd ein reanalyse i tilsvarande konstruksjonar – for å få den informasjonsstrukturen ein ønskjer, til å passe med strengare syntaktiske krav. Lette indirekte objekt på plassen før eller etter det finitte verbet blir reanalyserte som subjekt.

Leddsetningssubjekt til slutt blir reanalyserte som direkte objekt.

Også eit anna forhold hjelper til i denne reanalysen. Indirekte objekt refererer normalt til personar, og personar er ofte tema i setningar. Det er sjølv sagt også mykje derfor setningar med framflytta indirekte objekt er så frekvente i norrønt. Men etter reanalysen i moderne norsk samsvarar dette også med den grunnleggande, reint syntaktiske strukturen.

Bortfall av kasusmarkering må ha gjort ei slik nytolking lettare, så det som kanskje er det mest spesielle med eit døme som *Vi blei fortalt at kong Olav hadde komme*, er at ordrekkefølga er heilt lik norrønt, medan kasusen er endra.

NRG påpeikar også eit interessant poeng som gjeld døme (30) over. Det er sjeldan muleg å topikalisere leddsetningssubjekt i passiv av verb som *fortelje* eller *seie*.

”Ettersom objektet for slike verb uttrykkjer ny informasjon og ikkje kan vere presupponert, kan ikkje desse objekta utan vidare bli subjekt. (...) [S]ubjektet må vere presupponert, [og kan ikkje] innehalde den nye informasjonen i setninga. (...) Eit potensielt subjekt, derimot, som kjem til slutt i setninga, kan vere berar av ny informasjon” (NRG:1017).

Slike setningar må derfor konstruerast med formelt subjekt:

(34) **At Erling hadde fått samla ein stor hær*, blei sagt. (jf. (24) i kap. 3)

(35) Det blei sagt *at Erling hadde fått samla ein stor hær*.

Leddsetning aleine som subjekt i passiv vil på grunn av dette generelt bli nokså sjeldan, for det er verb som *seie* og *fortelje* som står for svært mange døme med leddsetningar som internt argument. Men, tilsvarende min kommentar lenger opp, seier også NRG at det hjelper på grammatikaliteten at oversetninga er ”baktung”: ”Inneheld derimot setninga eit anna ledd som kan ha ny informasjon, er leddsetning som subjekt meir akseptabelt.” (NRG:1017). Dersom dette kravet blir oppfylt, kan leddsetninga i dømet over topikalisertast likevel:

(36) *At Erling hadde fått samla ein stor hær*, blei sagt høgt til alle med ein gong dei kom.

Her er det altså framleis informasjonsstruktur som spelar ei rolle for om setninga er grammatisk eller ikkje, men det er spørsmålet om kjent/ukjent informasjon som er relevant.

5.1.3 Inakkusative verb

Koma og *liggja* kan også i moderne norsk ta leddsetningar som subjekt:

(37) *At du er ein sleip type* kom klart fram på møtet.

(38) *Kva vi skal gjere nå* ligg vel allereie i korta.

Som nemnt i kapittel 2, er det vanleg å rekne med at til dømes *koma* er eit vanleg intransitivt verb i norrønt, men eit inakkusativt verb i moderne norsk. Faarlund argumenterer for at utviklinga av ergativkonstruksjonen har skjedd på grunn av at subjekta for slike verb ofte stod til slutt fordi dei inneheldt ukjent informasjon (Faarlund 2000). Det kan også ha bidratt til utviklinga at til dømes *koma* i ein god del tilfelle tok leddsetningar som subjekt, og desse subjekta stod også alltid til slutt:

(39) kom mér þá í hug at ek hafða margan dag gladr verit í því landi (jf. (28) i kap. 3)

(40) þar kom niðr róða konungs at hann tjáði þat fyrir Dag, hvé.. (jf. (29) i kap. 3)

Her blir leddsetningssubjekta reanalyserte som interne argument, men ikkje nødvendigvis som objekt. (39) er også nok eit døme på at dativobjekt med subjekteigenskapar er reanalysert som subjekt i norsk, og leddsetningssubjektet er i dag direkte objekt for eininga *komme i hug*:

(41) Eg kom då i hug at eg ofte hadde vore glad i det landet.

I setningar som (40) er derimot leddsetningssubjektet reanalysert som internt argument, men likevel ender det gjerne som (eigentleg) *subjekt*, med *det* sett inn i ein subjektsposisjon:

(42) Det kom fram av samtala med kongen at han la fram for Dag kor..¹³

Her har altså *koma* blitt eit inakkusativt verb. (Sjå trestrukturar for slike setningar i 5.3.5.)

Som vist i starten av dette avsnittet kan leddsetningar som er genererte i [komp VP] for *komme* topikaliserast, men det er mykje vanlegare å nytte konstruksjonen med formelt subjekt *det*. Slike *presenteringssetningar* kjem eg tilbake til i 5.3.

5.1.4 Verb som tok 'opplevar' i dativ i norrønt

Indirekte objekt i norrønt blir altså lett reanalyserte som subjekt fordi dei gjerne er animate og 'opplevande', gjerne er flytta til ein subjekts plass, og også gjerne er lette ledd. Nettopp dette har skjedd for mange norrøne verb som i kapittel 3 tok ledd med 'opplevar'-rolle i dativ og ei leddsetning som subjekt, til dømes *þykkja* og *líka*:

(43) honum þótti bezt til fengit at Leifr sæi fyrir hans hönd (jf. (31) i 3.1)

(44) líkaði mǫrgum vel at ráða til féfanga (jf. (36) i 3.1)

Det er ikkje så lett å omsette dette direkte, men desse norske setningane betyr noko liknande:

(45) Han tykte at Leif burde sjå på det sjølv.

(46) (På den tida) lika mange godt å finne seg tjuvgods.

¹³ Eigentleg skal nok 'koma niðr' i (40) bety 'slutte', altså *Samtala med kongen slutta med at..*, men eg treng å bruke verbet *koma* for å vise poenget.

(43) og (44) har dativledd rett føre eller rett etter verbet. Ei slik ordrekkefølge verkar vere det vanlege for denne typen konstruksjonar i norrønt, og derifrå er reanalysen enkel. Leddet som ser ut til å stå på ein subjekts plass, blir reanalysert som subjekt. Leddet som ser ut til å stå på ein objekts plass, blir reanalysert som objekt. Informasjonsstruktur, semantisk innhald og roller stemmer godt frå før. Det som blir endra er syntaktisk funksjon – kor ledda blir genererte i grunnstrukturen – og eventuelt kasusmarkering. Det skjer ingen endringar i ordstillinga på overflata, men ein 'brest i logikken' blir retta opp, jf. Faarlund 2000:131:

”The resolution of a mismatch is probably a very common type of diachronic change.”

Mange forskarar har omtalt nettopp slike endringar som her, der det mest naturlege og logiske subjektet *semantisk*, også blir subjekt *syntaktisk*. Ei slik språkutvikling er registrert i mange andre europeiske språk. (Sjå til dømes Jespersen 1927:209, McCawley 1976.)

Oppsummering

I norrønt er informasjonsstruktur det viktigaste. Tunge ledd skal komme til slutt, og ny informasjon skal komme til slutt. Dette er viktig i moderne norsk også, og derfor kan til dømes ikkje passivsetningar med *seie* ha topikalisert leddsetningssubjekt. Men denne konstruksjonen er da umuleg, heller enn at ein kan flytte leddsetninga til slutt. Moderne norsk må ha subjektet, eller noko som representerer subjektet, plassert i [spes CP] eller [spes AgrP]. På grunn av desse motstridande forholda blir det i moderne norsk, som i norrønt, sjeldan laga konstruksjonar med leddsetningar som subjekt i det heile. Det er også i norsk svært mykje vanlegare å kombinere leddsetninga med eit determinativ.

5.2 Setningar som subjekt – med determinativ

Vi har sett svært mange døme på at determinativet *þat* fyller ein subjekts plass i norrønt medan hovuddelen av subjektet, leddsetninga, står til slutt. I moderne norsk kan det tilsvarende ordet *det* sjå ut til å fungere på akkurat same måte, men i svært mange tilfelle er statusen til determinativet endra. Her er tre norrøne setningar frå 3.2 omsett (nokså direkte) til norsk:

(47) *þat* er konungs frami *at sigrask at óvinum sínum*. (jf. (88) i 3.2)

(48) *at þat* sé siðra á Íslandi *at bóndr sé skuldir á haustum at gefa..* (jf. (40) i 3.2)

(49) nú er *þat* mitt ráð *at vér látim skírask*. (jf. (41) i 3.2)

(50) *Det* er ei ære for kongen *å seire over uvennene sine*.

(51) *at det* var tradisjon på Island *at bøndene betalte gjelda om hausten*.

(52) Nå er *DET* mitt forslag *at vi lar oss døype*.

Dersom *det* er trykksterkt, slik eg har markert med store bokstavar i (52), må vi rekne med at leddsetninga og *det* hører saman og blir generert som eitt ledd i [spes VP], som i norrønt.

Dersom *det* er trykksvakt, som i (50) og (51), er det også muleg å legge ei tilsvarende tolking til grunn, men oftast hører ikkje lenger leddsetning og determinativ saman på same måten. I dag er *det* også eit ekspletiv, i norsk gjerne kalla *formelt subjekt*. Slike konstruksjonar er tema for 5.3, men ein del overlapping blir det, blant anna fordi den nye varianten er utvikla av den gamle. Verb som tar leddsetningar som subjekt kan fungere med begge konstruksjonstypene eller bare ein av dei. Undervegs vil eg skildre dei ulike verbtypene der det passar best.

Kva predikativ som står i [komp VP] påverkar kva type leddsetning som kan nyttast som subjekt. Klassifisering av ein god del norske adjektiv etter kva leddsetningssubjekt dei kan ta, finst i Faarlund 1976. Denne problemstillinga vil sjeldan bli nemnt seinare i oppgåva.

5.2.1 Plassering av ledda i overflatestrukturen

Den norrøne konstruksjonen med determinativ og leddsetning generert saman som subjekt, eksisterer altså framleis. Men nokre syntaktiske endringar er det, delvis tilsvarende dei vi såg i 5.1 for leddsetningar som subjekt aleine. Leddsetninga, saman med *det*, kan nå topikaliserast:

(53) *Det at du kallar deg Olav digre* er ikkje så underleg lenger.

(54) *Det å reise gjennom Danmark* er like vanskeleg som før.

Dette ser ikkje ut til å vere muleg i norrønt, det er ingen slike døme i materialet eg har sett på.

Determinativ og leddsetning kan også bli ståande i [spes AgrP]:

(55) Likevel er *det at du kallar deg Olav digre* nokså underleg.

(56) Framleis er *det å reise gjennom Danmark* vanskeleg om hausten.

Det er litt betre å ha leddsetningssubjekt i [spes AgrP] når determinativet er med i tillegg (sml. (9)-(10)). NRG seier som nemnt at tilsvarande setningar utan determinativ er ugrammatiske, men dei meiner døme som (55) og (56) er grammatiske, fordi subjekta her er DP-ar:

”Ettersom dei formelt ikkje er leddsetningar eller infinitivkonstruksjonar, men nominale frasar med determinativ, kan dei også stå i posisjonar som andre nominale leddtypar kan stå i, f.eks. i midtfeltet: Derfor er det å vere uvitande inga unnskyldning (jf. *Derfor er å vere uvitande inga unnskyldning).” (NRG:1014)

Eg er altså einig i at det er betre *med* determinativ, men ikkje i at forskjellen er *så* stor.

Tyngde spelar også her ei rolle for om ein kan ha leddsetningar langt framme i oversetninga. Leddsetninga bør ikkje vere for lang, og det bør helst vere ledd i enden av oversetninga som er tunge og/eller ber ny informasjon. Derfor er til dømes (58) betre enn (57):

(57) [?]Derfor er *det å bli invitert i bryllaup* hyggeleg.

(58) Derfor er *det å bli invitert i bryllaup* alltid veldig hyggeleg.

I det norrøne materialet var det svært få døme på *spørjesetningar* med determinativ som subjekt. I norsk er dette greitt med *om*-setningar, men ugrammatisk med *kv*-setningar:

(59) [?]*Det om det blir noko av* er eit anna spørsmål.

(60) [?]Likevel er *det om det blir noko av* eit anna spørsmål

(61) **Det kor vi skal bu* er framleis uvisst.

(62) *Framleis er *det kor vi skal bu* uvisst.

Som sagt mange gonger i denne oppgåva, bør leddsetningar generelt helst stå til slutt. Og *subjekt* som skal komme til slutt, må ekstraponerast. I norsk er det derimot klart at

[spes AgrP] eller [spes CP] *må* vere fylt med eit subjektsledd eller noko som representerer subjektet. Dermed kan ikkje både leddsetninga og determinativet flytte i ekstraposisjon:

(63) *Likevel er ikkje så underleg *det at du kallar deg Olav digre*.

(64) *Framleis er vanskeleg om hausten *det å reise gjennom Danmark*.

Men det er muleg dersom ein set inn eit formelt subjekt *det* på ein av subjekts plassane:

(65) *Det* er ikkje så underleg *det at du kallar deg Olav digre*.

(66) Framleis er *det* vanskeleg om hausten *det å reise gjennom Danmark*.

Dette er ikkje nemnt i NRG, men det finst ein god del døme på det i talespråkskorpuset NoTa:

(67) *det* blir sikkert hyggelig *det å komme seg bort litt* (NoTa/184)

(68) for henne så er *det* terapi *det å vaske* (NoTa/157)

(69) *det* er jo for så vidt veldig greit *det at han e holder språket sitt* (NoTa/102)

Problemet her er å vurdere kva status sisteledda eigentleg har. DP-ar skal ikkje kunne ekstraponerast i norsk, av generelle syntaktiske årsaker. (Sjå 2.2.6). I (67)-(69) står det predikativ i [komp VP] (*hyggelig/terapi/veldig greit*), så det er tydeleg at *det å-* / *det at-*ledda må vere høgreadjungerte saman dersom dei hører til i setninga – men det er vanskeleg å seie om dei eigentleg gjer det. Leddsetninga i til dømes (67) kan iallfall seiast å vere *lausare knytt* til resten av setninga her enn i eit døme som *Det blir sikkert hyggelig å komme seg bort litt*.

Ei tilsvarande flytting kan skje til til *venstre*, men med determinativet i [spes CP] også her:

(70) *Det at du kallar deg Olav digre*, *det* er ikkje så rart.

(71) *det å si at det ikke er så farlig som du tror det vil ikke være å reklamere* (NoTa/192)

Det er også muleg å venstreadjungere leddsetninga *aleine* til CP, men med *det* i [spes CP].

(72) *At du kallar deg Olav digre*, *det* er ikkje så rart.

Også i desse siste døma vil eg seie at dei utflytta leddsetningane har eit *lausare* forhold til oversetninga enn tilsvarande døme med leddsetninga i [spes CP]. Står leddsetninga i [spes CP] er ho topikalisert. Må ho venstreadjungerst til CP over dette, er det vanskeleg å seie om ho eigentleg hører til i den same ytringa.

Spørsmålet eg da vil stille er om det må finnast to ulike måtar å flytte ledd til høgre på også? Eitt der eit leddsetningsargument framleis hører til, som til dømes ved ekstraponering av eigentlege subjekt, og eitt der det flyttar heilt ut, som sisteledda i (65)-(69)?

5.2.2 Ekstraposisjon og dislokasjon

Til nå har eg rekna med at all plassering av subjekt heilt til høgre i oversetninga, er høgre-adjungering til CP, og kalla dette for *ekstraposisjon*. Er det muleg å halde fram med det?

Det som er sikkert, er at ein uansett bør kunne legge same basestruktur til grunn om dei to ledda i subjektet står saman eller ikkje på overflata: Dersom dei *kan* stå saman i same posisjon, bør dei også kunne genererast saman. I (73) og (74) er det klart at determinativ og leddsetning står i same posisjon. (75)-(77) er tilsvarende døme der dei ikkje gjer det:

(73) *Det at du inviterer oss alle saman*, er enda betre.

(74) I så fall er *det at du inviterer oss alle saman* enda betre.

(75) *DET* er enda betre, *at du inviterer oss alle saman*.

(76) *Dette* er enda betre, *at du inviterer oss alle saman*.

(77) *Det(te) forslaget* er enda betre, *at du inviterer oss alle saman*.

Men det er som sagt eit faktum at morsmålskjensla seier at leddsetningssubjekt er lausare knytt til resten av setninga når dei hører til eit trykksterkt *det* (eller *dette* eller eit substantiv), spesielt når leddsetninga er skilt frå resten av frasen. For døma med *det at* til slutt og venstre-dislokering, (65)-(72), vil eg meine at leddsetningane ikkje hører til i oversetninga i det heile.

Derimot gjeld ikkje dette når *det* er formelt subjekt. Her er det heilt klart at leddsetninga verkeleg er ein del av oversetninga, det er det eigentlege subjektet der:

(78) Det er betre *at du inviterer oss alle saman*.

I slike døme er *det* og leddsetninga ikkje generert saman. *Det* blir sett inn for å fylle ein vanleg subjekts plass sidan leddsetninga ikkje gjer det. (Sjå 5.3.2.) Men – det ser ut som at leddsetninga står i akkurat same posisjon her som i dei fem døma over.

I NRG gjeld ikkje termen *ekstraposisjon* utflytta leddsetningar i ytringar med formelt og eigentleg subjekt (NRG:895/904). Dei seier ingenting om kva ein skal kalle plasseringa av eigentleg subjekt, men dei brukar ekstraposisjon både om flytting ytst til høgre og ytst til venstre, altså til posisjonar som på mange måtar kan reknast som utafor sjølve setninga.

I 2.2.6 siterte eg Tor Åfarli via Jens Haugans argumentasjon, på at *ekstraponering* kan definerast som all flytting til lengst mot høgre. Her er dette sitatet referert direkte:

”Vi skal bruke nemninga ekstraponering om alle prosessar som omplasserer eller ekstraponerer eit ledd frå den kanoniske posisjonen det måtte ha inne i setninga, til ein posisjon lengst (eller langt) til høgre i setninga.” (Åfarli 1997:130)

Men ser ein nærmare etter, brukar han seinare også omgrepet *dislokering*:

”Legg merke til at ekstraponering av subjektet er noko anna enn dislokering. Dislokering er eit fenomen der eit pronomen i setninga viser til ein frase som *står utanfor den eigentlege setninga*” (Åfarli 1997:133), (mi utheving).

Dermed blir det uklart kva han eigentleg meiner med *ekstraposisjon*. Kva er ”den kanoniske posisjonen”? Gjeld det fyrste sitatet bare døme med formelt subjekt, altså dei døma NRG ikkje klassifiserer som ekstraponering?

I hovudoppgåva ”Bruken av ekstraposisjon i et talemålsmateriale” brukar Gro Flatén etter ein lengre diskusjon desse termene: *Ekstraposisjon* er plassering lengst til høgre eller venstre av leddsetningar som er subjekt saman med determinativ eller substantiv. *Tungtleddsfelt* er ein posisjon til høgre som er for leddsetningar som er eigentleg subjekt. Men i diskusjonen refererer ho også til det same omgrepsparet som Åfarli har – i ei kort skildring av den aktuelle problemstillinga med utgangspunkt i tidleg generativ teori:

”Transformasjonell generativ grammatikk opererer med et skille mellom transformasjonene ekstraponering (Extraposition) og forflytning eller dislokering (Dislocation). (...) Med ekstraponering menes i tå bare den flytningstransformasjonen som går ut på at vi flytter en infinitiv eller en leddsetning til slutt i setningen og insetter et obligatorisk ”det” (formelt subjekt) der infinitiven/leddsetningen opprinnelig stod.” (Flatén 1978:146-47)

Det er sannsynlegvis dette Åfarli meiner også: *Ekstraponering* gjeld leddsetningar som er eigentlege subjekt. *Dislokering* er der leddsetninga ikkje lenger høyrer til, t.d. (65)-(72).

Slike dislokerte ledd vil eg ikkje diskutere vidare i denne oppgåva. Men vi har framleis problemet med dei semantiske forskjellane på leddsetningar som er utfylling til determinativ, og leddsetningar som er eigentlege subjekt. Vi må rekne med at (75)-(77) har

same basestruktur som (73)-(74); leddsetningane må her høre like mykje til i oversetningane *syntaktisk*. Men det er liten tvil om at leddsetningane i (75)-(77) hører mindre til i oversetninga *semantisk*, enn i døme som (78). Skal dei likevel ha same posisjon i strukturen, høgreadjungert til CP? Bør vi prøve å få vist denne forskjellen i X-bar-skjemaet?

Gro Flaten ender med Diderichsens setningsskjema opp i den same problemstillinga. Som nemnt over løyser ho dette, basert på Erik Hansen (1970:27), ved å legge til eit ekstra felt, *tungtleddsfeltet*, mellom ”sluttfeltet” og ”ekstraposisjon”.

Med X-bar-systemet har eg til nå høgreadjungert leddsetningssubjekt til CP og med det fått dei så langt ut som det er muleg å komme. Eit alternativ kunne kanskje ha vore å også adjungere leddsetningar til høgre for VP, men dette er problematisk teoretisk. (Sjå 2.2.6, dessutan Faarlund 2004:196n.) Det ein vidare må spørje seg, er derimot om det verkeleg er eit viktig poeng å prøve å finne fram til to ulike syntaktiske analysemåtar. At leddsetningar normalt står til slutt, er eigentleg ikkje så interessant reint syntaksteoretisk sett, for det er bare generelle krav til informasjonsstruktur som er årsaka til flyttingane. Hovudpoenget måtte heller vere å få fram det interessante i at *det* i norsk kan ha to ulike funksjonar i nesten heilt like døme. Er *det* trykksterkt, er det kjernen i eit subjekt der utfyllinga har flytta vekk. Er *det* trykksvakt, er det oftast bare eit semantisk tomt ledd som blir sett inn i ein subjeksposisjon for å fylle ein plass når subjektet har flytta. Men dette får ein også vist med at *det* ikkje blir generert saman med leddsetninga, og at ledda heller ikkje flyttar saman oppover i strukturen. Slik ser ein iallfall at konstruksjonane er ulike.

Det ein derimot *ikkje* får vist, med å bare høgreadjungere til CP, er at leddsetningar som er del av ein DP i mange tilfelle har ei anna tilknytning til oversetninga enn det eigentlege subjekt har. Men dette handlar i stor grad om ei morsmålskjensle av *semantikk*, og eg vil til dømes ikkje klare å bedømme norrønt i same grad som norske her. Med å høgreadjungere leddsetningsutfyllingar til CP, signaliserer eg at dei er i periferien av setninga, men at dei framleis hører til. Skal ein fjerne dei meir frå setninga enn dette, må alternativet bli å kalle desse også for eigne ytringar og bygge opp heilt nye CP-ar frå botnen av. Eventuelt kan ein bruke denne termen for å skilje: *Dislokasjon* er å flytte ledd så langt ut til høgre eller venstre at det kan diskuteras om dei er ein del av setninga lenger.

Statusen til det eg også i norrønt har kalla *ekstraposisjon*, er delvis endra i moderne norsk. I mine analysar har han nå sannsynlegvis større spennvidde i begge retningar med tanke på den semantiske tilknytninga eit ekstraponert ledd kan ha til resten av setninga.

5.2.3 Trykk og ambiguitet

Sidan trykk normalt ikkje blir markert i skrift, vil mange setningar med *det* i [spes AgrP] eller [spes CP] og leddsetningssubjekt til slutt vere tvitydige. Vi kan ikkje vite sikkert kva status *det* har i forholdet til leddsetninga. Men konstruksjonen med trykklett formelt subjekt er svært vanleg, og konstruksjonen med *det* som kjerne i subjektet er nokså sjeldan, så vi kan normalt rekne med at *det* er den første varianten som er i bruk. Det same seier også Flaten:

”Det er forholdsvis sjelden at ”det” er trykksterkt i en slik stilling og dermed fungerer som setningens virkelige subjekt med en at-setning eller infinitiv som apposisjonell utfylling. Som oftest er ”det” trykklett og har da ingen (...) henvisningsfunksjon” (Flaten 1978:140)

Alle dei norrøne døma i oppgåva er naturleg nok også baserte på skrift, så her kan vi heller ikkje vite noko om kor trykksterkt *þat* er. Men *þat* i norrønt kan heller ikkje veksle mellom å vere formelt subjekt og kjernen i eit DP-subjekt, så der er denne problemstillinga mindre relevant; ein får same analyse om *þat* har emfatisk trykk eller er trykklett.

5.2.4 Objektløfting

For norrønt viste eg fleire spesielle konstruksjonsmåtar som involverte infinitte leddsetningar med verbet *segja*. I ein del av desse tilfella var *objektløfting* eit tema, til dømes her:

(79) *þat er at segja frá ferð Óláfs konungs at hann fór fyrst ór Nóregi..* (jf. (112) i 3.2)


Ei omsetting av denne setninga til moderne norsk kan vere omtrent slik:

(80) *Det er å fortelje frå kong Olavs ferd, at han fyrst fór frå Noreg..*

I utgangspunktet er oversetninga her subjektlaus, *_ er å fortelje frå kong Olavs ferd at han...*, så før realiseringspunktet må det hentast inn eit ledd som kan fylle subjektsfunksjonen.

Dersom *det* i (80) er trykklett, vil eg seie at *det* er formelt subjekt. Dersom *det* er trykksterkt, derimot, har denne setninga akkurat same analyse som den eg endte opp med for det norrøne dømet: *Det* er kjerne for den finitte leddsetninga som *objekt* for *fortelje* i undersetninga, men blir flytta opp og fyller subjektsfunksjonen i oversetninga. Dette er *objektløfting*.

Her er det vist med projeksjonen for (80):



Det er altså basegenerert som internt argument, men fungerer som subjekt i oversetninga, akkurat som i norrønt.

5.2.5 Andre ord og andre bøyingsformer enn *det*

Dette

Dette kan ta leddsetningssubjekt som utfylling – syntaktisk tilsvarende døme med trykksterkt *det*. Her er eitt av få slike norrøne døme med *þetta* repetert med ei fri omsetning under:

(81) at *þetta* hafði farit at getu hans, at *Knútr konungr hafði eigi lengi verit..* (jf. (100) i 3.2)

(82) at *dette* hadde funne vegen til tankane hans, at *kong Knut ikkje hadde vore lenge i..*

NRG seier det er større krav til at leddsetningar må ha kjent informasjon om dei står til *dette*:

”Leddsetningar som står som apposisjon til *dette*, har gjerne eit kjent innhald (...) Når setninga er knytt til *det*, står ein friare.” (NRG:1014)

Elles er forholda veldig like dei vi har sett tidlegare for leddsetning med *DET*. Kjerne og utfylling kan skilje lag, som vist over, eller stå saman i [spes CP] eller [spes AgrP]:

- (83) *Dette at du kallar deg Olav digre*, er ikkje så rart, eigentleg.
- (84) Likevel er *dette å reise gjennom Danmark* ein veldig dårleg idé.
- (85) (Han seier) at *dette om du skal bli med eller ikkje*, begynner å bli eit problem.

Leddsetningar som er utfylling til *dette*, kan ikkje dislokerast til venstre med *dette* ståande att i [spes CP]:

- (86) **At du tar deg av veslesystema di, dette* er veldig fint.

Dette heng sannsynlegvis saman med at det er større krav til at leddsetninga skal innehalde ny informasjon når ho skal stå til *dette*.

Igjen er det problematisk å sette spørjesetningar innleidde med kv-ord saman med determinativet, men det kan hjelpe å sette inn preposisjonen *med* i tillegg:

- (87) ^{??}*Dette* er framleis usikkert, *kor vi skal bu*.
- (88) **Dette kor vi skal bu*, er framleis usikkert.
- (89) [?]*Dette med kor vi skal bu*, er framleis usikkert.

Leddsetning med *dette* kan også vere subjekt for inakkusative verb og i passivkonstruksjonar:

- (90) *Dette at du skal flytte* kom så brått på meg.
- (91) *Dette at du skal slutte*, blei nemnt fleire gonger på møtet.

Totalt sett er forholda altså i stor grad som ved utfylling til trykksterkt *DET*, men bruksområdet er litt snevrare.

Hitt

Dette ordet har jo endra tyding og ikkje minst omfang i moderne norsk, men det blir framleis rekna som determinativ. Likevel er det i dag ikkje muleg å ha leddsetningar som argument saman med *hitt* eller *hin*:

(92) *hitt* er nú vænst, at þér sé minni virðingar af unt, þvíat.. (jf. (94) i 3.2)

(93) **Hitt* er nå best at de ser mine verdsetjingar.

Det var relativt få døme med *hitt* også i norrønt, og samtidig med at *hitt* nesten har gått ut av bruk som determinativ i det heile, har også denne bruksmåten forsvunne.

Så/sånn/slik

Leddsetningar kan ikkje vere argument saman med *så*, *slik* eller *sånn* i determinativ funksjon, slik *svá* kunne nyttast i norrønt:

(94) *svá* var ok um Kálf Árnason, at þá fann hann í hverja snøru.. (jf. (104) i 3.2)

(95) **Så/slik/sånn* var òg om Kalv Arneson, at då fann hann i kvar snare..

Det er nokså vanleg å sette leddsetningar til *så*, *slik* og *sånn* med adverbial funksjon (sjå 2.3.4), og i liknande døme må ein også kunne seie at ein slik frase kan vere predikativ:

(96) varð þá *svá*, at margir menn ganga til handa þeim konungum.. (jf. (105) i 3.2)

(97) Det vart då *så/slik/sånn* at mange menn gjekk kongen og dei til hende.

Det kan også diskuterast om tilsvarande konstruksjonar kan fungere som objekt. Dette kjem eg tilbake til i 5.5.

Andre bøyingsformer en *det*

I spesialtilfelle kan forma *den* vere kjerne for eit leddsetningssubjekt, dersom ho refererer til eit hankjønns- eller hokjønns substantiv:

(98) ”Blandt dens fornemste *egenskaper* er først og fremst *den*, at *den* forebygger tørrhet i *hals og svelg*.” (Om IFA-pastillen)

5.2.6 Leddsetning som utfylling til substantiv

Dei fleste typar leddsetningar kan fungere som subjekt saman med eit substantiv i norsk, men substantivet må ha bestemt form eller stå saman med eit determinativ:

(99) *Tanken at vi skal gjere dette saman*, er ny for meg.

(100) I dag er *det/dette forslaget å skulle halde barna heime*, heilt utenkeleg.

(101) *Dette spørsmålet om jorda er rund*, blei diskutert i Jeppe på Bjerget.

Det er framleis problematisk med spørjesetningar innleidde med kv-ord:

(102)**Spørsmålet kva vi skal gjere nå*, er vanskeleg å svare på. (→ *Spørsmålet om kva vi..*)

Leddsetninga kan også stå i ekstraposisjon, med resten av DP-en ståande att lenger framme:

(103) *Den ideen* er veldig god, *at du skal ta oppvasken kvar veke*.

Liste over vanlege substantiv som tar leddsetning som utfylling finst i NRG:1011.

5.3 Formelt subjekt

Den største endringa i setningar med leddsetning og determinativ som subjekt, er at norsk med bakgrunn i konstruksjonar som dette gradvis har utvikla ein ny syntaktisk funksjon.

Eg har omtalt mange gonger allereie at subjektet i moderne norsk *må* vere representert i [spes AgrP] eller [spes CP]. Dersom ei leddsetning er subjekt aleine, og blir ekstraponert slik leddsetningsargument gjerne blir, *må* det i dag stå eit formelt subjekt *det* på ein av plassane.

(104) *Det* er fint *at me har det så bra*.

(105) Likevel er *det* lurt *å bruke bilbelte*.

5.3.1 Ekspletivt tema og ekspletivt subjekt

Det var svært vanleg å ha eit determinativ, oftast *pat*, i [spes AgrP] eller [spes CP] i norrønt også, men det var ikkje obligatorisk:

(106) var *þat* ok satt *at vér tölðum þá at því er engi fekk rúm fyrir Sigvati* (jf. (42) i 3.2)

(107) *þat* er konungs frami *at sigrask á óvinum sínum* (jf. (88) i 3.2)

(108) kom mér þá í hug *at ek hafða margan dag glaðr verit í því landi* (jf. (28) i 3.1)

(109) þá er gott *at ganga til búá stórra* (jf. (10) i 3.1)

I (106) stár *þat* i [spes AgrP], i (107) i [spes CP]. I (108) og (109) er subjektet ikkje representert verken i [spes AgrP] eller [spes CP]. Dermed kan vi vite at *þat* ikkje er formelt subjekt i norrønt. Eit formelt subjekt kan også kallast eit *ekspletiv*, og eit ekspletiv blir sett inn for å fylla ein posisjon eller funksjon som *må* vere fylt. I *Syntactic Change* seier Faarlund blant anna dette om kva eit ekspletiv er:

”An expletive element is a nonreferring word whose function it is to fill an empty slot. There are therefore two prerequisites for the occurrence of expletives in a language in general and for its use in individual sentence tokens: 1) there are positions or syntactic functions that have to be obligatorily filled; and 2) the occupants of those positions have to meet certain requirements.” (Faarlund 1990:63)

Om punkt 2) seier han vidare at posisjonar som er fylte med ekspletiv i germanske språk, er posisjonar som elles *må* fyllast med kjent informasjon, kontekstuellt bundne element eller ledd som er ’eksistensielt presupponert’. Punkt 1) varierer derimot etter kva posisjonar/funksjonar det er obligatorisk å fylla.

Det einaste som er obligatorisk for å lage ei fullstendig setning i norrønt, er eit finitt verb. Det er ikkje obligatorisk å fylla [spes CP], og det er ikkje obligatorisk med eit uttalt subjekt. I moderne norsk er det obligatorisk med både finitt verb og subjekt, og vi *må* også ha eit topikalisert ledd i hovudsetningar. Dersom ei setning manglar eksternt argument og subjektskravet ikkje blir oppfylt på anna vis, eller dersom subjektet ikkje kan stå i ein av subjektsposisjonane på overflata, trengst det nå eit ekspletiv i [spes AgrP]. Og dersom ingen andre ledd blir topikalisert, flyttar vi ekspletivet fram til [spes CP].

Det er sannsynleg at utviklinga av formelt subjekt i norsk har blitt sterkt påverka av konstruksjonar av typen skildra i 3.2, med *þat* som einaste representant for subjektet framme i setninga. I døme med leddsetningssubjekt var det absolutt vanlegaste at dei hørte saman med determinativet *þat*, men at *þat* stod igjen på ein av subjekts plassane når leddsetninga blei ekstraponert. Etter kvart som subjektskravet blei gradvis sterkare og til slutt absolutt, blei determinativet i [spes AgrP]/[spes CP] reanalysert som eit ekspletiv.

Sidan det er *to* nye krav som har komme inn i moderne norsk, er det i utgangspunktet to ulike ekspletiv også: Eitt for å fylle den obligatoriske subjeksrolla, *ekspletivt subjekt*, og eitt for å fylle kravet om obligatorisk topikaliseringskrav, *ekspletivt (syntaktisk) tema* ('topic'). Men det fyrste vil i praksis utelukke det andre, fordi eit subjekt i [spes AgrP] alltid kan flyttast til [spes CP] i norsk. Dersom ein har ekspletivt subjekt, vil det alltid finnast minst eitt ledd som kan oppfylle topikaliseringskravet, og behovet for eit ekspletivt tema fell bort.

Islandsk, derimot, har bare ekspletivt tema. Subjektskravet i islandsk er svakare enn i norsk, men det er obligatorisk med eit ledd føre det finitte verbet i utsegnssetningar (jf. t.d. Faarlund 1990:65). Determinativet *það* blir plassert i [spes CP] dersom ei setning er subjektlaus eller subjektet ikkje blir topikalisert. Dette vil alltid skje i 'eksistensielle setningar'¹⁴:

(110) *Það* eru mýs í baðkerinu. (Frå Faarlund 1990)

(111) *Það* hefur kona lesið bókina. (Frå Hrafnbjargarson 2004)

Men dersom eit anna ledd fyller [spes CP], blir ikkje *það* sett inn i setninga, og det *kan* heller ikkje bli sett inn, sjølv om [spes AgrP] er tom:

(112) *Í gær* voru mýs í baðkerinu. / **Í gær* voru *það* mýs í baðkerinu. (Frå Faarlund 1990)

(113) *Konan* hefur lesið bókina. (Frå Hrafnbjargarson 2004)¹⁵

Það er altså ekspletivt tema, men ikkje ekspletivt subjekt.

I ein lang periode i mellomnorsk er forholdet det same (sjå 5.3.3.). Setningar innleide med finitt verb blei på eit tidspunkt reanalyserte som spørje-setningar, så i utsegnssetningar blei det nødvendig å utvikle eit ekspletiv som kunne fylle [spes CP] dersom ingen andre ledd blei topikalisert. Utviklinga mot *det* som ekspletivt subjekt i norsk, har altså gått via ein reanalyse av *þat* som ekspletivt tema. Svært mange ytringar med leddsetningar som subjekt har hatt determinativet *þat* plassert i [spes AgrP] eller [spes CP] på overflata. Men sjølv om *þat* i desse ytringane var ein del av subjektet, var det generelt eit ord med nokså lite semantisk innhald, og eit ekspletiv er nettopp det. Derfor var det naturleg at akkurat dette ordet blei reanalysert i denne nye funksjonen.

Den eine reanalysen skjedde før den andre – fordi topikaliseringskravet kom inn i språket ei god stund før subjektskravet. Og sidan subjektet er det leddet som oftast blir

¹⁴ "By existential sentences we will understand a subset of sentence types whose semantic function it is to introduce new elements in the discourse. (...) The subset I am referring to here are sentence types where the new element is the only argument of the predicate." (Faarlund 1990:189)

¹⁵ Det er i tillegg forskjell på dette dømet og det tilsvarande dømet over, i om det eigentlege subjektet *kona(n)* må ha bestemt eller ubestemt form. (**Kona* hefur lesið bókina. **Það* hefur *konan* lesið bókina.)

topikalisert, er det naturleg at eit ekspletivt tema blir tolka vidare som ekspletivt subjekt når dette blir nødvendig. Ei tilsvarande trinnvis utvikling er ifølgje Faarlund også sett for andre språk: "The use of an expletive topic seems to precede the use of an expletive subject historically" (Faarlund 1990:191).

Tidlegare i oppgåva har eg hovudsakleg bruka termen *formelt subjekt*. Dette er for å understreke at den aktuelle setninga også har eit eigentleg subjekt. *Ekspletiv* er eit generelt omgrep som inkluderer alle ledd som fyller ein plass/funksjon bare fordi han må fyllast. Normalt blir desse to termene brukt med same tyding i norsk. Eg vil ofte omtale *det* som formelt subjekt, men også nytte ordet ekspletiv for å understreke det generelle ved fenomenet: I mange språk finst det ord som ikkje har semantisk innhald, bare syntaktisk funksjon, også andre syntaktiske funksjonar enn å oppfylle eit subjektskrav.

5.3.2 Syntaktisk analyse av formelt subjekt i norsk

I setningar der hovudverbet ikkje gir ut noko eksternt argument, og eit eventuelt internt argument ikkje tar over subjektsrolla, er det vanleg å rekne med at *det* blir sett inn i [spes VP] og deretter flytta oppover i strukturen som andre subjekt. (Sjå 2.2.5.) Dette gjeld i passiv-konstruksjonar og ved inakkusative verb og også i 'eksistensielle setningar' og ved meteorologiske verb o.l. Sjølv om eit verb ikkje deler ut ekstern rolle, må spesifikatorposisjonane (utanom [spes CP]) i ei norsk utsegnsetning vere fylte med minimum eit spor av subjektet. Subjektskravet oppstår fyrste gong i [spes VP], og når *det* fyrst er sett inn der, kan det halde fram med å flytte oppover, få kasus i [spes TP], og stoppe i [spes AgrP] eller [spes CP] avhengig av om det er eit anna topikalisert ledd eller ikkje.¹⁶

Problematikken blir derimot større for setningar som har eit eigentleg subjekt i tillegg til det formelle subjektet *det*, nærmare bestemt for setningar som har eit *eksternt argument* som ikkje står på ein subjekts plass, slik som alle døma med leddsetningssubjekt i ekstraposisjon og *det* i [spes AgrP]/[spes CP]. Spørsmålet er: Når blir *det* sett inn i strukturen når hovudverbet har ei rolle det må gi ut i [spes VP]? Strukturen gir i utgangspunktet ikkje plass til eit formelt subjekt *det* dersom det finst eit eksternt argument i basestrukturen.


¹⁶ Åfarli og Eide brukar mellom anna ein *predikasjonsanalyse* for å argumentere for kvifor *det* blir sett inn i [spes VP] sjølv om det ikkje får og heller ikkje *kan* få ekstern rolle: Eit trekk P må alltid tilordnast ein DP (eller ei nominal leddsetning) i [spes VP] for at ei setning skal bli grammatisk (jf. Åfarli&Eide 2003:197ff.).

I bøker om norsk syntaks blir inakkusativ- og passivsetningar med *det* gjerne diskutert, men ikkje setningar med eigentlege subjekt i ekstraposisjon. Dette blir heller ikkje nemnt i boka *Norsk generativ syntaks* (Åfarli&Eide 2003), men det er nemnt kort i *Syntaks. Setningsbygning i norsk* (Åfarli 1997) og *Grammatikk: Syntaks og morfologi med norsk i sentrum* (Åfarli&Sakshaug 2006). Desse to er bøker på grunnfagsnivå, og dei opererer med ein nokså forenkla versjon av generativ syntaks. Men analysen kan like fullt samanliknast med dei strukturane eg har lagt til grunn.

Åfarli løyser det aktuelle plassproblemet med å seie at leddsetningssubjektet ikkje set spor når det flyttar i ekstraposisjon: (Den same analysen finst i Åfarli&Sakshaug 2006:138ff.)

”Legg merke til at vi har analysert ekstraponering som ein prosess som ikkje etterlèt spor, men berre ein tom posisjon. (...) På same måte som i t.d. passiv får vi derfor innsetting av det formelle subjektet *det* når subjektet blir fjerna frå subjektplassen. Og dette er også grunnen til at vi må rekne med at ekstraponering ikkje etterlèt spor, men berre ein tom posisjon. *Det*-innsetting kan aldri skje i ein posisjon der det er eit spor.” (Åfarli 1997:132)

Det påfallande med denne forklaringsmåten, er at argumentasjonen går motsett veg av slik ein normalt ville argumentere for ekspletiv: Han seier at *det* er sett inn i konstruksjonen, og *derfor* kan det ikkje ha vore noko spor i [spes VP]. Like fullt er dette ein analyse som må vurderast, fordi han gir *det* mulegheit til å fungere slik formelle subjekt gjer i setningar utan basegenererte eksterne argument: *Det* kan settast inn i [spes VP] og flytte vidare derifrå:



Det er eit svært grunnleggande prinsipp at eit ledd i den syntaktiske strukturen ikkje kan settast inn på ein plass der det er eit spor. Dette blir her altså løyst ved å anta at det eigentlege subjektet ikkje set spor etter at det har flytta.¹⁷ Men det bryt med eit anna grunnleggande prinsipp: Eit ledd som er generert i strukturen kan ikkje flytte utan å sette spor. Dersom ein skal gjennomføre ein analyse som over, meiner eg ein er nøydd til å rekne med at leddsetninga blir sett *rett inn* i ekstraposisjon. I kapittel 2.2.6 seier eg at dette ikkje er muleg i det heile – alle ekstraponerte ledd må komme frå ein annan plass i strukturen. Spesielt er dette teoretisk problematisk når leddet er eit argument. Skal eit ledd kunne kallast subjekt må det vere generert i grunnstrukturen til setninga, i [spes VP] eller i bestemte tilfelle i [komp VP]. Dersom ein vil rekne med at ei leddsetning som i dømet over blir sett rett inn i ekstraposisjon, vil eg seie at ein teoretisk sett ikkje lenger kan kalle det eit subjekt.


Eit argument for analysen over, var at *det* ville følgje same bane som i andre ytringar med formelt subjekt. Tilsvarande kan vi starte ein analyse med eit ønskje om at *leddsetninga* skal følgje same bane som i andre ytringar med leddsetningssubjekt, både dei som er subjekt aleine og dei som er subjekt saman med eit substantiv, *dette* eller eit trykksterkt *det*. I dei analysane har eg rekna med at leddsetninga (eventuelt med *DET/dette/substantiv*) flyttar frå [spes VP] og til [spes TP] og [spes AgrP]. Deretter blir ho oftast topikaliserert eller ekstraponert, men eg har likevel rekna med at ho alltid flyttar innom [spes AgrP].

I døme med formelt subjekt *det* i [spes CP], kunne ein tenkt seg at *det* blei sett direkte inn der, sidan det fungerer som eit ekspletivt tema. Men det er heller ikkje vanleg å rekne med at ledd kan settast direkte inn i [spes CP], og det er som nemnt også vanleg å rekne med at ekspletivt subjekt gjer ekspletivt tema unødvendig. Eg vil halde fram med å analysere *det* i norsk som eit ekspletivt *subjekt* som må kunne stå i [spes AgrP], som i (114) under, men som eventuelt kan topikaliserast vidare derifrå.

(114) Samtidig er *det* fint at *me* har *det* så bra.

Dersom ein skal oppfylle begge desse ønskja, at både eigentlege subjekt og formelle subjekt alltid må innom [spes AgrP], må ein vike frå prinsippet om at ingen ledd kan settast oppå eit spor. I tilfelle som her er det likevel ein analyse som må vurderast, fordi det på eitt nivå ville føre til ein meir konsistent analyse. Slik ville i så fall projeksjonen for (104) kunne sjå ut:


¹⁷ Leddsetninga må også ha fått rolle før ho flyttar, fordi formelle subjekt kan ikkje få rolle.



Dersom ein skal gjennomføre ein slik analyse, måtte det vere med ein argumentasjon for at det kan finnast ekspletiv som ikkje er syntaktiske element, slik at *det* kan seiast å vere *bare eit fonologisk element*. Det har verken semantisk eller syntaktisk innhald, men blir uttrykt fordi ein av subjekts plassane må vere fylt på overflata, og her da bare i fonologisk form, ikkje i logisk form. I denne analysen får leddsetninga ekstern rolle i [spes VP] og kasus i [spes TP] før det flyttar til [spes AgrP] og i ekstraposisjon.

Dette er veldig problematisk på prinsipielt, teoretisk grunnlag, men det gir også ein konsistent analyse på eitt nivå. Dessutan løyser det problemet med at setninga faktisk allereie har eit subjekt som faktisk burde vere den beste kandidaten til å flytte oppover i strukturen når det fyrst blir generert i [spes VP].

Dersom ein vil rekne med at leddsetninga er basegenerert i [spes VP], og i tillegg stå fast ved at formelt subjekt *det* ikkje kan settast oppå eit spor, vil eg seie det er éi muleg analyse igjen: Leddsetninga blir generert som argument i [spes VP] og får ekstern rolle der. Derifrå flyttar det direkte i ekstraposisjon. *Det* blir sett inn i [spes TP] og flyttar så til [spes AgrP] og eventuelt vidare til [spes CP]. Her er dette igjen vist for (104) *Det er fint at me har det så bra*:



Leddsetningar treng ikkje kasus, og treng derfor ikkje flytte innom [spes TP], men dei kan flytte direkte i ekstraposisjon. *Det* treng kasus, og det får det i [spes TP] før det flyttar vidare. Dermed får vi plass til både det eigentlege subjektet og det formelle subjektet i strukturen. Ein kunne tenke seg at leddsetninga flyttar til [spes TP] før ho blir ekstraponert, og at *det* ikkje blir sett inn før i [spes AgrP]. Men skal *det* vere eit syntaktisk element må det ha kasus, og det kan det i moderne norsk bare få i [spes TP]. Ein CP kan få kasus, men treng det ikkje, og det er derfor leddsetninga kan bli ekstraponert direkte. Det er også slik at T-projeksjonen *må* gi ut kasus, og derfor må det formelle subjektet settast inn allereie i [spes TP], det kan ikkje komme direkte inn i [spes AgrP].

I ytringar der leddsetningar er basegenerert som subjekt aleine og desse skal ekstraponerast, er det altså slik at det oppstår eit subjektskrav i [spes TP]. Dette må løysast ved å sette inn eit ekspletiv der, og dette ekspletivet kan så brukast vidare til å oppfylle subjektskravet i [spes AgrP]. I mange tilfelle vil det også nyttast til å oppfylle kravet om eit ledd i [spes CP].

5.3.3 Diakront perspektiv

Det er viktig å understreke at den analysen eg nå har vist, gjeld for det underliggende syntaktiske forholdet i moderne norsk, og bare det. I norrønt var det éin syntaktisk struktur som låg til grunn, i dag er det to forskjellige, men setningar frå da og nå ser i mange tilfelle svært like ut på overflata. Reanalyse skjer alltid på bakgrunn av overflatestruktur, det er den underliggende strukturen som blir endra. Overflatestrukturen er lik også etter reanalysen, men det kan komme andre endringar som følgje av den nye underliggende strukturen. Slik kan ei skisse av utviklinga av formelt subjekt i norsk språkhistorie settast opp punktvis:

Stadium 1 (norrønt): Leddsetningssubjekt dukkar svært ofte opp saman med determinativet *þat*. Dei blir genererte saman som ein DP der leddsetninga er utfylling, og flyttar saman til [spes AgrP] eller [spes CP]. Der blir *þat* igjen medan leddsetninga flyttar i ekstraposisjon. På eit enda tidlegare stadium har det truleg også vore slik at *þat* alltid var samsvarsbøygd med predikativet, slik at det til dømes fekk forma *sá* når predikativet inneheldt eit nominativledd i hankjønn og *sú* når det inneheldt eit nominativledd i hokjønn. Ei grammatikalisering av ordet *þat* er altså i gang allereie i norrøn tid, *þat* har fått litt mindre semantisk og litt meir grammatisk innhald. På dette stadiet i språkhistoria er det heller ikkje noko absolutt subjektskrav, og ikkje obligatorisk med eit topikalisert ledd.

Reanalyse 1 (tidleg mellomnorsk): Fordi setningar innleidd med finitt verb blir reanalyserte som spørjesetningar, blir kravet om eit topikalisert ledd i utsegnsetningar absolutt. *þat* blir reanalysert som ekspletivt tema fordi det er semantisk nokså tomt, og det ofte står i [spes CP]. *Syntactic Change* har blant anna desse mellomnorske døma som viser at *þat/det* ikkje blir sett inn i [spes AgrP] sjølv om det ikkje er noko subjekt i fremre del av setninga (115), men det blir sett inn i [spes CP] dersom ikkje andre ledd blir topikalisererte (116):

(115) Ellers kand gives en viktig Aarsag, hvi ... (SC 67/31a)

(116) *Det* vil alle hava den beste (SC 67/32b)

Reanalyse 2 (sein mellomnorsk): Fordi subjektskravet blir absolutt, og *þat/det* så ofte står aleine på ein av dei to subjekts plassane, og fordi det allereie fungerer som ekspletivt tema, blir *þat/det* reanalysert som ekspletivt subjekt.

Stadium 2 (moderne norsk): *Det* kan framleis fungere som i norrønt og vere kjerne for ei leddsetning, men det absolutt vanlegaste når ei leddsetning er subjekt, er at *det* fungerer som ekspletivt (formelt) subjekt. Dersom verbet ikkje gir ut ekstern rolle, og eit eventuelt internt

argument heller ikkje flyttar for å bli subjekt, blir *det* sett inn i [spes VP], flytta til [spes TP] for å få kasus, og så vidare til [spes AgrP] for å fylle subjektskravet der. Om det trengst, kan det også flytte til [spes CP] for å oppfylle topikaliseringskravet. For setningar der verbet gir ut ekstern rolle, viste eg fleire ulike analysar, men argumenterte mest for ein der leddsetningar som er eigentlege subjekt, blir flytta direkte frå [spes VP] til ekstraposisjon, og det formelle subjektet fyrst blir sett inn i [spes TP].

Bruksområdet til ekspletivet *det* er i dag vidstrakt. I moderne norske setningar kan dette i dei aller fleste tilfelle settast inn for å fylle subjektskravet. Det er vanskeleg å seie om utviklinga har skjedd for alle konstruksjonstypene på ein gong, eller om det har begynt ein stad og spreidd seg vidare derifrå. I 3.2 har eg vist døme på at plasseringa av subjektsdelane stort sett var den same i setningar med *þat* og leddsetning som subjekt, uavhengig av kva som var hovudverbet. Utan å studere ulike mellomnorske stadium inngåande, kan ein ikkje vite korleis endringa har gått føre seg i praksis, men Faarlund seier blant anna dette i *Syntactic Change*:

”The use of ‘it’ in existential sentences **might have been reinforced** by its use in extraposition constructions, where it was originally an anticipating pronoun referring to the sentential argument. In Old Norse such a pronoun was already very common in extraposition constructions.” (Faarlund 1990:72)

Det som er sikkert, er at ordet *þat* i den bruksmåten som er skildra her, er grammatikalisert. Det har gått frå vere determinativ og kjerne i eit DP-argument, til å i svært mange tilfelle bare bli sett inn fordi ein syntaktisk funksjon obligatorisk må fyllast. Det har blitt eit ekspletiv – ei klar forflytting på grammatikaliseringsskalaen. I tillegg har ordet blitt redusert fonologisk frå tre til to fonem, /þat/ til /de/, og i vanleg daglegtale gjerne også bare til /dø/ eller eit klitisk /d/.

Det som også er sikkert, er at *posisjonane* [spes AgrP] og [spes CP] er reanalyserte, iallfall kravet til innhald i dei. Subjektskravet viser seg i praksis ved at [spes AgrP] alltid må innehalde subjektet, eventuelt eit spor av subjektet dersom det flyttar til [spes CP]. Topikaliseringskravet viser seg ved at enten subjektet eller eit anna ledd må flytte til [spes CP]. I norrønt inneheldt ofte [spes AgrP] minimum eit spor av subjektet, men ikkje alltid, og [spes CP] stod ofte tom. Vi må kunne seie at kravet til desse posisjonane er grammatikalisert.

5.3.4 Passivsetningar

Passivsetningar kunne altså vere subjektlause i norrønt. Det var bare DP-ar med strukturell akkusativ i aktiv som kunne bli subjekt i passiv. Dersom ein laga passivkonstruksjonar med verb som ikkje gav ut strukturell akkusativ, blei setningane subjektlause. I moderne norsk ville ein i tilsvarende tilfelle sette inn ekspletivet *det*, og det kan ein nå også gjere dersom verbet har eit internt argument, men ein vel å ikkje flytte dette fram.

(117) *Det* blei dansa heile natta.

(118) *Store raude figurar* blei måla på veggane.

(119) *Det* blei måla *store raude figurar på veggane*.

I (117) gir ikkje verbet ut internt argument i basestrukturen, så i passiv må eit ekspletiv nyttast for at setninga skal bli grammatisk. *Det* blir sett inn i [spes VP] og flytta vidare derifrå. Verbet *måle* gir intern rolle til *store raude figurar* i [komp VP]. Deretter kan dette leddet flytte til [spes VP] og vidare oppover (118), eller det kan bli verande i baseposisjonen (119). Dersom leddet blir verande, blir *det* sett inn i [spes VP] og flytta oppover akkurat som i (117).

Når det interne argumentet blir verande i [komp VP], får det aldri subjektsstatus. Det einaste subjektet i (119) er ekspletivet *det*. Dette ser vi tydeleg i dialektar som også har ekspletivet *der*. Dei kan ikkje nytte *der* som formelt subjekt dersom det også er eit eksternt argument i setninga, men i døme som (119) er det *der* som blir sett inn, ikkje *det*:

(120) *Der* vart måla store raude figurar på veggane.

Dermed er det klart at *store raude figurar* ikkje er subjekt i konstruksjonar som dette.

Vi såg mange døme i 3.2 på at leddsetning og *þat* generert saman i [komp VP] kunne flyttast til [spes VP] og vidare til ein subjektsposisjon før leddsetninga blei ekstraponert. Ein slik analyse kan vi også rekne med i moderne norsk dersom leddsetninga er utfylling til eit substantiv, *dette*, eller trykksterkt *DET*:

(121) *Dette* blei gjentatt mange gonger, *at vi var absolutt nøydt til å komme før tolv*.

Men dersom ein *CP* generert i [komp VP] skal bli subjekt i passiv, er igjen det vanlege å ty til eit ekspletiv for å fylle ein subjekts plass, og ekstraponere leddsetninga:

(122) *Det blei gjentatt at vi måtte komme før tolv.*

Det problematiske blir å avgjere om slike leddsetningar skal reknast som subjekt: Flyttar dei innom subjekts plassar i strukturen, og kor blir i så fall *det* sett inn? Det er iallfall klart at leddsetningane *kan* vere subjekt, for dei kan topikaliserast aleine:

(123) *At vi måtte komme før tolv*, blei gjentatt mange gonger.

Det er også klart at leddsetningane kan ekstraponerast, for dei kan komme etter adverbialledd som er høgreadjungerte til VP (124). Det er problematisk å la dei stå att i [komp VP] (125):

(124) *Det blei gjentatt mange gonger at vi måtte komme før tolv.*

(125)* *Det blei gjentatt at vi måtte komme før tolv* mange gonger.

Eg vil derfor seie at vi, som for norrønt, bør anta at leddsetningar alltid blir ekstraponerte, også der det ikkje er muleg å sjå om dei har flytta frå [komp VP] eller ikkje.

Men sidan ein reknar med at det interne argumentet ikkje flyttar frå [komp VP] i døme med DP-argument (som (119)) kan det også vere nærliggande å tenke at tilsvarande leddsetningsargument flyttar rett i ekstraposisjon frå [komp VP]. I så fall må *det* settast inn i [spes VP].


Med ein slik analyse kan ein ikkje seie at leddsetninga er subjekt, ho har aldri vore innom nokon av subjekts plassane i strukturen. Det einaste subjektet i setninga er ekspletivet *det*. Med dette skulle ein også vente at ein i *der*-dialektar brukar *der* i tilsvarande døme, men det viser seg at språkbrukarane i slike dialektar faktisk brukar *der*:¹⁸

(126)* *Der blei gjentatt at vi måtte komme før tolv.*

(127) *Det blei gjentatt at vi måtte komme før tolv.*

Eit slikt *der* kan ikkje brukast dersom ei setning allereie har eit subjekt (jf. NRG:1015). I døme med eigentleg subjekt er det *det* som nyttast som formelt subjekt. Når ei setning som (127) er grammatisk i *der*-dialektar, veit vi dermed at leddsetninga må vere eigentleg subjekt. Og skal ho reknast som eigentleg subjekt, bør ho ha vore innom minst ein subjekts plass. Med det kjem vi tilbake til diskusjonen om kor langt leddsetninga flyttar når ho er eigentleg subjekt. Ein analyse tilsvarande den eg argumenterte for å velje i 5.3.3, ser slik ut:

¹⁸ Her og seinare er utsegnene om *der* mellom anna basert på ei kort utspørjing av informantar frå Karmøy og Haugesund-området.



Her flyttar altså leddsetninga frå [komp VP] til [spes VP] og [spes VPaux], og deretter i ekstraposisjon. *Det* blir sett inn i [spes TP], og deretter flytta vidare. For passivsetningar har vi altså fått ein reanalyse heilt tilsvarende den vi har sett for døme med *vera* som hovudverb:

(128)er *þat* ólíkliga mælt *at ek mynda vera vilja skaðamaðr Þórálfs* (jf. (72) i 3.2)

Sidan det var vanleg at *þat* stod aleine på ein av subjekts plassane, som i (128), blei det reanalysert som formelt subjekt etter kvart som topikaliseringskravet og subjektskravet blei absolutt. Leddsetninga er reanalysert som kjerne i subjektet, som eigentleg subjekt.

5.3.5 Inakkusativ: presenteringssetningar


Når inakkusative verb skal byggast ut til ei setning i norsk, må som sagt enten det interne argumentet eller ekspletivet *det* fungere som subjekt:

- (129) a) *Ein ny lærar* har komme til skulen. b) *Det* har komme *ein ny lærar* til skulen.

Som sagt er det vanleg å rekne med at *ein ny lærar* i blir generert i [komp VP] og deretter flytta til [spes VP] og vidare oppover som subjekt – eller at *det* blir sett inn i [spes VP] og vidare fyller subjektfunksjonen. Dette er sannsynlegvis ei nyutvikling i moderne norsk. For tilsvarende norrøne døme, har eg rekna med argumentstrukturar som gir ut ekstern rolle. I eit døme som (130) blir dermed DP-en *Óláfr konungr* generert som subjekt i [spes VP]:

- (130)(honum var sagt) at þar var kominn *Óláfr konungr* (jf. (23) i 3.1)


Eg reknar også med at leddet *Óláfr konungr* flyttar til [spes TP] og [spes AgrP] før det blir ekstraponert. Her er dette vist i projeksjonen for døme (130):



Faarlund argumenterer for at det nettopp er setningar som dette som kan vere bakgrunnen for utviklinga av inakkusative verb i norsk. (bl.a. Faarlund 2000). At kong Olav har komme, er ny informasjon, og ny informasjon skal helst komme seint i ei setning. I norrønt kunne alle typar

ledd ekstraponerast, og det er det ein har utnytta her: I staden for å la eit eksternt argument med nominativ kasus stå i [spes AgrP] på overflata slik ein skulle vente, blir dette leddet høgreadjungert til CP slik at det kan komme sist.

Etter kvart som dei syntaktiske krava til subjektet blir sterkare, slik at det blant anna ikkje er muleg å ekstraponere DP-ar, blir *Olav konge* reanalysert som internt argument, og *koma* reanalysert som eit inakkusativt verb. Dermed stemmer den syntaktiske hovudstrukturen også med ønskt informasjonsstruktur. Slik vil projeksjonen for (130) sjå ut etter reanalysen:



Det har altså skjedd ein reanalyse av ei flytting: Plasseringa av ein DP etter flytting har blitt omtolka som den underliggande strukturen.

I norsk kan ikkje DP-ar ekstraponerast, men CP-ar kan. Spørsmålet blir om vi kan seie at leddsetningsargument for inakkusative verb er subjekt eller ikkje når dei står til slutt. I norrøne setningar som (131) under har eg analysert *þat* og leddsetninga som basegenerert som subjekt i [spes VP] og flytta saman oppover til [spes CP] før leddsetninga blir ekstraponert:

(131) *þat kom ásamt með ǫllum, at þeir vildu engan skatt gjalda* (jf. i 3.2)

Ei moderne norsk setning med tilsvarende syntaktisk struktur, kan til dømes vere denne:

(132) *Det* kom overraskande på alle *at dei ikkje ville vere med*.¹⁹

I dag er determinativet her eit ekspletiv, det er ikkje lenger kjerne for argumentet.

Leddsetninga blir generert i [komp VP], i (132) ser vi at ho kan ekstraponerast, og det er sannsynleg at ho alltid blir ekstraponert, også der ein ikkje kan sjå det på overflata. Kor *det* blir sett inn fyrste gong, er avhengig av om leddsetninga flyttar innom ein eller fleire av spesifikatorposisjonane eller ikkje.

Som i passivkonstruksjonar *kan* leddsetninga topikaliserast, og da må ein også rekne med at ho har vore innom [spes VP], [spes TP] og [spes AgrP] på vegen:

(133) *At dei ikkje ville vere med*, kom overraskande på alle.

Her må vi kunne seie at leddsetninga fungerer som subjekt, sjølv om ho blir generert som internt argument, men kan dette overførast til døme der leddsetninga er ekstraponert?

Igjen kan vi gå til *der*-dialektane for å sjå om vi kjem nærmare eit svar. I slike dialektar vil dei bruke *der* i eit døme som (129)b lenger opp, men *det* i døme som (132), gjentatt her som (134) og (135):


(134) *Der* har kome ein ny lærar til skulen.

(135) *Det* kom overraskande på alle *at dei ikkje ville vere med* / **Der* kom overraskande på..

Dette gir iallfall éin grunn til å rekne med at leddsetninga i (135) faktisk er subjekt, og i så fall får vi same analysen som ved kopulaverb og passivsetningar: Leddsetninga flyttar innom [spes VP] før ho blir ekstraponert, og *det* blir sett inn i [spes TP].

Det er nokså sikkert at leddet *ein ny lærar* ikkje flyttar frå [komp VP] i *Det har komme ein ny lærar til skulen* og dermed på mange måtar framleis er eit objekt. Eit av Faarlunds hovudpoeng i den nemnte artikkelen er nettopp at argumentet for eit inakkusativt verb i norsk kan klassifiserast både som subjekt og objekt: "[I]t seems that the reanalysed postverbal NPs are partly subjects and partly objects" (Faarlund 2000:130). Mange sider av saka tilseier at leddsetninga faktisk er subjekt i *Det kom overraskande på alle at dei ikkje ville vere med*, sjølv om ho står i ekstra-posisjon og vi ikkje kan sjå at ho har vore innom ein subjekts plass. Analysen av (132)/(135) blir i så fall ikkje som døme med DP-ar på plassen etter eit inakkusativt verb i V (129)b/(134), men som for dei tilsvarande passivkonstruksjonane i 5.3.4:

¹⁹ Denne norrøne setninga betyr eigentleg noko slikt som *Alle blei einige om at dei ikkje skulle betale skatt*.



5.4 Setningar som objekt – utan determinativ

Det er veldig vanleg, både i norrønt og i moderne norsk, at verb tar leddsetningar som objekt, spesielt når ein skal gje att direkte tale:

(136)konungr segir *at svá skyldi vera* (jf. (9) i 4.1)

(137)Kongen seier *at slik skulle det vere*.

(138)þá spurði hann Þorgils *ef hann vissi nǫkkut til hvar lik konungs var* (jf. (53) i 4.1)

(139)Då spurte han Torgils *om han visste noko om kor liket av kongen var*.

Som tidlegare vil eg her fyrst skissere forholda i overflatesyntaksen og legge fram døme som klart viser korleis leddsetningsobjekt plasserer seg i oversetninga (5.4.1). Så vil eg skildre kort korleis dei ulike typane leddsetningar fungerer som objekt (5.4.2). Deretter vil eg ta opp igjen dei diakrone analysane av *viljalkunna* og *taka* frå kapittel 4 (5.4.3 og 5.4.4).

5.4.1 Plassering av ledd i overflatestrukturen

Ekstraponering av leddsetningsobjekt

Både for norrønt og moderne norsk kan ein rekne med at leddsetningane blir genererte i [komp VP], og deretter flytta i ekstraposisjon. Det kan vi ikkje sjå av setningane over, og det er få setningar i det norrøne materialet i 4.1 som viser det heilt klart, men for moderne norsk er det eintydig i døme som dette:

(140) Han har visst i fleire år *at vi blir nøyd til å kjøpe ein ny*.

(141) Ho har lova på tru og ære *å halde kjeft om dette*.

Dei infinitte hovudverba *visst/lova* står i V og preposisjonsfrasane *i fleire år / på tru og ære* er høgreadjungerte til VP. Dermed kan vi sjå at leddsetningane er flytta frå baseposisjonen [komp VP] til ekstraposisjon.

Topikalisering av leddsetningsobjekt

I moderne norsk kan leddsetningsobjekt også topikaliserast. Basert på det materialet eg har gått igjennom, ser ikkje det ut til vere muleg i norrønt, og det er sannsynleg at det der er nokså absolutt sidan informasjonsstruktur spelar ei større rolle for overflatesyntaksen i norrønt. Leddsetningar inneheld ofte ny informasjon og objekt inneheld ofte ny informasjon, det vil sjeldan vere naturleg å topikalisere eit leddsetningsobjekt. Men i norsk er det altså muleg:

(142) *At vi blir nøyd til å kjøpe ein ny*, har han visst i fleire år.

(143) *Kva eg skal gi til pappa*, har eg ikkje bestemt ennå.

Eg vil seie det er enda større krav om at leddsetningsobjekt må innehalde kjent informasjon om dei skal topikaliserast, enn for leddsetningssubjekt. Det å topikalisere subjektet er oftast umarkert i norsk. Å topikalisere objektet er oftast markert.

Når objektet inneheld kjent informasjon og er topikalisert, bør det vere andre ledd i setninga som kan bere ny informasjon. Derfor er (145) betre enn (144):

(144) ^{??} *At det skal vere slik*, seier kongen.

(145) *At det skal vere slik*, seier kongen *klart og tydeleg til alle*.

Leddsetningar i [komp VP]

Gjennom heile oppgåva har eg vist og argumentert for at ein kan anta at leddsetningar alltid blir ekstraponerte. I kapittel 4 viste eg nokre få døme på at dette kanskje ikkje er absolutt i norrønt – dersom objektet er ei *infinitt* leddsetning og denne har svært få ledd:

(146)ok tók *at eta mennina*, þá er steikðir váru (jf. (107) i 4.1.7)

Éin muleg analyse her, er at *þá*-leddet til slutt er høgreadjungert til VP og at den infinitte leddsetninga *at eta mennina* framleis står i baseposisjonen [komp VP]. Ein annan muleg analyse er at begge dei siste ledda er ekstraponerte, og det bør nemnast igjen her at *taka* på mange måtar har status som eit hjelpeverb i konstruksjonar som dette. Men det er likevel slik at vi ikkje heilt kan utelukke denne mulegheita i norrønt.

Eg vil seie vi må rekne med at det kan vere muleg å ha korte leddsetningar i [komp VP] i moderne norsk også, både finitte og infinitte leddsetningar og spørjesetningar:

(147)[?]Han har sagt *at han skal dø* mange gonger.


(148)[?]Han har lova meg å *klippe plenen* i vekevis.

(149)[?]Han har spurt meg *om det er sant* fleire gonger.

(150)[?]Han har visst *kva vi skal gjere* i lang tid.

Det problematiske er å avgjere om vi kan vere heilt sikre på at adverbialledda verkeleg hører til oversetninga.²⁰ Det intuitive for lyttaren vil vere å analysere dei som ein del av leddsetninga, nettopp fordi vi er så vande med at leddsetningar alltid kjem til sist, men spesielt for (147) vil dette normalt ikkje stemme semantisk. Ved å tenke seg om, vil ein lyttar likevel skjønne *kva* som er meint, men kan ein dermed seie at setningane er grammatiske? Eg skal ikkje gå inn i ein diskusjon på definisjonen av grammatikalitet her, men eg vil seie at vi iallfall ikkje kan utelukke heilt at leddsetningar kan stå i [komp VP] med eit adverbialledd høgreadjungert til VP rett etter. Her er ein slik analyse vist for døme (149):

²⁰ Dessutan kan ikkje adverbiala vere for tunge, dei bør til dømes ikkje vere setningar, for vi må vere sikre på at dei er høgreadjungerte til VP og ikkje ekstraponerte.



Med dette må vi seie at leddsetningsobjekt i norsk har tre mulege posisjonar på overflata: høgreadjungert til CP, [spes CP] og [komp VP]. Men topikalisering er sjeldan, og plassering i [komp VP] med adverbialledd etter er problematisk, så eg meiner vi kan seie at den umarkerte overflateplasseringa av leddsetningsobjekt i moderne norsk er i ekstraposisjon. (147)-(150) over er alle betre dersom leddsetningane blir flytta forbi adverbialledda – da er dei eintydige:

- (151) Han har sagt mange gonger *at han skal dø*.
- (152) Han har lova meg i vekevis *å klippe plenen*.
- (153) Han har spurt meg fleire gonger *om det er sant*.
- (154) Han har visst i lang tid *kva vi skal gjere*.

Dei indirekte objekta (*meg*) står i [spes VP_{nedre}] og viser dermed også klart at adverbialledda ikkje kan vere venstreadjungerte.

Konklusjon

I kapittel 4 viste eg at ein må kunne anta at det vanlege i norrønt er at leddsetningsobjekt blir ekstraponerte, sjølv om det i mange tilfelle ikkje er muleg å sjå om dei flyttar frå [komp VP] eller ikkje. Det same gjeld for moderne norsk også, så her er ikkje endringane store. Noko anna er heller ikkje å vente, sidan strukturen i norrønt fungerer godt både med tanke på basegenerert syntaks óg informasjonsstruktur. I alle setningar som ikkje har høgreadjungerte adverbialledd, vil ekstraponering ikkje vere synleg på overflata; leddsetningsobjektet vil uansett komme til slutt. Den basegenererte posisjonen og den tilflytta posisjonen som har bakgrunn i krav til informasjonsstruktur, gir ofte same uttrykk på overflata.

Det som sannsynlegvis er nytt i moderne norsk, derimot, er at leddsetningsobjekt *kan* topikaliserast. I dag er kravet om at tunge ledd alltid må komme heilt til slutt, litt mindre enn før, iallfall så sant det er snakk om å tematisere eit ledd og flytte det ytst i andre enden av setninga. Det viktigaste for lyttaren/lesaren er å kunne skilje leddsetninga frå resten av oversetninga, og det er også relativt enkelt når leddsetninga er topikalisert. Når leddsetningar likevel står heilt til slutt i dei aller fleste tilfelle, er det i dag i større grad fordi dei normalt inneheld ny informasjon, ikkje fordi dei er tunge – og fordi denne plasseringa ofte gir same syntaktiske uttrykk som den vanlege objektsposisjonen, [komp VP].

5.4.2 Leddsetningar som objekt

Alle typar nominale leddsetningar kan fungere som objekt aleine i moderne norsk, og alle typane ser ut til å oppføre seg på same måte:

(155) Han hugsar ikkje *at ho hadde bursdag*. *At ho hadde bursdag*, hugsar han ikkje

(156) Han hugsar ikkje *å låse døra før han gjekk*. *Å låse døra før han gjekk*, hugsar han ikkje

(157) Han hugsar ikkje *om ho skulle komme*. *Om ho skulle komme*, hugsar han ikkje

(158) Han hugsar ikkje *kva ho hadde sagt til han*. *Kva ho hadde sagt til han*, hugsar han ikkje

Nokre verb, som *hugse*, *gløyme*, *vite* og *forstå*, kan ha alle dei forskjellige variantane som objekt. Andre verb kan ta bare to variantar, andre bare ein. Lister av dei vanlegaste verba i desse kategoriane, finst i Referansegrammatikken (NRG:1020ff).

I denne oppgåva har eg ikkje tatt stilling til om det er syntaksteoretiske forskjellar på verb som kan ta både CP-ar og DP-ar som argument og dei som bare kan ta CP-ar. Dette er blant anna eit tema i Lødrups artikkel "Clausal Complementation in Norwegian" (2004).

Som vist lenger oppe, kan ein del verb ta indirekte objekt i tillegg til leddsetningsobjektet.

Dette gjeld for alle typar leddsetningar:

- (159) Han fortalte *meg* at det blir fest på fredag.
- (160) Dei lova *meg* å vere stille i gangen.
- (161) Då spurte han *Torgils* om han visste noko om kor liket var.
- (162) Ho viste *oss* kor festen skal vere.

Elles vil eg nemne her at det ikkje er muleg å topikalisere ledd til [spes CP] framfor infinitivsmærket i moderne norsk, slik vi såg for norrønt i 4.1.5:

- (163) at hann myndi enn ætla *til landzins at leita* (jf. (88) i 4.1.5)
- (164) *at han framleis kunne tenke seg *til heimlandet å reise*

Av ord som er i dagleg, munnleg bruk, er det ikkje så veldig mange verb som kan ta leddsetning som objekt, men mange av dei er veldig frekvente. Leddsetningar aleine som objekt er sannsynlegvis den vanlegaste konstruksjonstypen av alle eg omtalar. Spesielt gjeld dette for spørjesetningar: Skal spørjesetningar brukast som argument, vil det nesten alltid vere som objekt utan determinativ, både i norrønt og norsk.

5.4.3 *Ville og kunne*

Ei grammatikalisering av *vilja* og *kunna* var i gang allereie i norrøn tid, som vi såg i 4.1.6. Dei hadde begynt å få status som hjelpeverb i tillegg til dei eldre, meir leksikalske variantane med tydinga 'ønskje' og 'vite'. I dag har denne utviklinga gått enda litt lenger:

- (165) *vil ek at menn skiptisk i sveitir* (jf. (90) i 4.1)
- (166) *ek vil engan hlut at eiga* (SON 158/106b)
- (167) *kunnu allir at segja* at hann var á Englandi (jf. (99) i 4.1)
- (168) *Eg vil at mennene skal gå saman i flokkar.*
- (169) **Eg vil ikkje å eige nokon ting.* → *Eg vil ikkje eige nokon ting.*
- (170) **Alle kunne å seie* at han var i England. → *Alle kunne seie* at han var i England.

Endringa er altså slik at *vilja* i norrønt kunne vere hjelpeverb og ta eit infinitt hovudverb som komplement, og det kunne ta både finitte og infinitte leddsetningar som objekt. I dag kan det ikkje lenger ta infinitte leddsetningar som objekt. *Kunna* kunne før vere hjelpeverb og det kunne ta infinitte leddsetningar som objekt. I dag kan *kunna* i dei fleste norske dialektar bare vere hjelpeverb, og altså bare ta infinitivsfrasar utan infinitivsmerke som komplement. Men i nokre dialektar er det framleis som i norrønt:

(171) Eg *kan å skriva* namnet mitt.

(172) Så du *kan å køyra* bil?

Legg ein til eit determinativ framfor leddsetninga, er dette muleg også i andre dialektar:²¹

(173) Han *kan verkeleg det å kjøre* bil.

Det er altså bare éi mulegheit som er heilt ute av språket i dag, infinitt leddsetning som objekt for *vilja*, og det såg ikkje ut til å vere særleg vanleg i norrønt heller.

Her er heile systemet før og nå vist skjematisk:²²

	<i>vilja</i> m/fin.ls	<i>vilja</i> m/inf.ls	<i>vilja</i> hj.v.	<i>kunna</i> m/inf.ls	<i>kunna</i> hj.v.
Norrønt:	+	+	+	+	+
Mod. norsk:	+	-	+	-/+	+

Dei reint syntaktiske endringane er altså ikkje store.

Dei **semantiske** endringane er heller ikkje særleg store. Verba kan framleis ha dei eldste tydingane fullstendig bevart, 'ønskje' for *vill* og 'vite, ha kunnskap om' for *kunne*:

(174) Eg *vil* så gjerne *at du skal komme*.

(175) Eg *kan* gangetabellen. (Og i visse dialektar: Eg *kan å telje* til ti.)

Også når *vill* og *kunne* er hjelpeverb og tar VP-ar som komplement, ikkje CP-ar eller DP-ar, kan mykje av den gamle tydinga vere bevart. Dette gjeld spesielt dersom *vill/kunne* er trykksterkt:

²¹ Sjå neste delkapittel (5.5) for fleire setningar med *det å*.

²² Forklaring: fin.ls = finitt leddsetning, inf.ls = infinitt leddsetning, hj.v. = hjelpeverb (= tar infinitt verbform som komplement, i desse tilfella ein infinitiv utan infinitivsmerke)

(176)Ja men eg *VIL vere* prinsesse.

(177)Ho *KAN verkeleg måle*.

Derimot har *ville* og *kunne* klar grammatisk tyding når dei verkeleg er *modale hjelpeverb*, til dømes som grammatiske markørar av framtid eller mulegheit:

(178)Klokkene *vil ringe* i morgon klokka tolv.

(179)Vulkanen *kan eksplodere* når som helst.

(178) er ikkje ytring av eit ønskje, bare informasjon om at noko kjem til å skje. (179) skildrar ikkje ein kunnskap subjektet har, men ei mulegheit som er til stades for at noko skal hende.

Men – *vilja* og *kunna* blei nytta på denne måten også i norrøn tid, som vist i 4.1.6.

Dei **fonologiske** endringane er små utover det at norske verb generelt har annleis og mykje mindre bøyingsmorfologi enn norrøne. Her er dette vist skjematisk med variantar frå Nynorsk- og Bokmålsordboka og nokre utvalde, tilsvarande norrøne former:

	<i>Infinitiv</i>	<i>Presens</i>	<i>Preteritum</i>	<i>Supinum</i>
Norrønt:	<i>vilja</i>	<i>vil</i>	<i>vild-</i>	<i>viljat</i>
Mod. norsk:	<i>vilja, vilje, ville</i>	<i>vil</i>	<i>ville</i>	<i>vilja, villa, villet, ville</i>
Norrønt:	<i>kunna</i>	<i>kann</i>	<i>kunn-</i>	<i>kunnat</i>
Mod. norsk:	<i>kunna, kunne</i>	<i>kan</i>	<i>kunne</i>	<i>kunna, kunnet, kunne</i>

J-en er borte i *vilja* i bokmål og mange norske dialektar, og i preteritumsstamma *vild-* er *d*-en borte, men elles er det lite endring anna enn det som gjeld bortfall av bøyning i person og tal.

Ser ein på alle sidene ved ein grammatikaliseringssprosess, er det totalt sett nokså lite som har skjedd sidan norrøn tid. Det er litt syntaktisk endring, litt semantisk endring og litt fonologisk endring, altså bare eit lite flytt på grammatikaliseringsskalaen. Verba er litt meir prototypiske hjelpeverb nå enn dei var før. Det kunne vore meir interessant å gå djupare i eit eldre norrønt materiale for å lokalisere når, og ikkje minst korleis, *vilja* og *kunna* begynte å fungere som hjelpeverb fyrste gong.

5.4.4 *Ta*

I 4.1.7 såg vi at også *taka* i norrønt kan ha ein funksjon som delvis klassifiserer som hjelpeverb. Det kunne ta infinitte leddsetningar som komplement med tydinga 'begynne, ta til å':²³

(180) Óláfr konungr tók þá at fylkja liði sínu (jf. (104) i 4.1)

(181) tók þá brátt at myrkva af nótt (jf. (106) i 4.1)

(182)*Olav tok då å fylke flokken sin. (→ Kong Olav tok då til å fylke flokken sin.)

(183)*Det tok då brátt å mørkne (av natt). (→ Det tok då brátt til å mørkne (av natt).)

Ta(ka) kan ikkje ta infinitt leddsetning som objekt i moderne norsk. Men vi har fått ein ny konstruksjon som liknar, der hovudverbet i setninga har same tid som *ta*, og i skrift blir dei bundne saman med konjunksjonen *og*:

(184) Kongen tok og samla flokken sin.

(185) Jeg tar og går meg en tur.

Slik ser det ut til at *ta* og det neste verbet er sidestilte, men semantisk må vi seie at *ta* er eit hjelpeverb som tilfører hovudverbet ei momentan eller intensjonal tyding. Dette skriv Kjell Ivar Vannebo om i artikkelen "Ta og ro deg ned noen hakk. Pseudokoordinering med *ta* i et grammatikaliseringsperspektiv", der "pseudokoordinering" peikar på at konstruksjonsmåten gir inntrykk av at verba er likestilte, fordi dei er bøygde i same tid og har /o/ i mellom.

"Grammatikalisering" peikar på at *ta* halvvegs har blitt eit hjelpeverb, og også at det har fått mindre innhald fonologisk, *taka* har blitt til *ta*. Vannebo argumenterer vidare for at denne nye konstruksjonsmåten ikkje er utvikla frå den norrøne vist i (180) og (181) over, blant anna med at *ta(ka)* ikkje tilfører same tyding i dei to konstruksjonane, og at begge konstruksjonstypane fanst samtidig i norrønt.

Ta kan ikkje lenger ha leddsetningar som komplement. Sidan Vannebo seier så klart at den nye konstruksjonen vi har i dag, ikkje er utvikla frå den gamle, skal eg ikkje gå særleg mykje meir inn på dette temaet her. Men ein interessant tanke å ta med, er det faktum at *og* og *å* svært ofte har same uttale i moderne norsk. Slik sett er det sannsynleg at den gamle og den nye konstruksjonen iallfall kan ha påverka kvarandre; i uttale ville dei vore veldig like:

²³ I visse norrøne døme mangla også infinitivsmarket, slik at *taka* var hjelpeverb også syntaktisk, t.d. *er hausta tók*, men det vil eg ikkje gå inn på her.

(186)*Jeg tar /å/ gå meg en tur.

(187)Jeg tar /å/ går meg en tur.

Å går meg en tur kunne kallast ei finitt leddsetning innleidd med subjunksjonen å. Slik sett ville ei samanblanding av dei to konstruksjonstypene vore å vente.

Dersom vi ser på korleis uttalen var før og nå, av den sideordnande konjunksjonen og dei grammatiske småorda som innleier finitte og infinitte leddsetningar, får vi dette skjemaet:

	konj.	finitt	infinit
Norrønt:	åk	at	at
Mod. norsk:	å	at	å

Både i norrønt og i moderne norsk er det altså to veldig vanlege grammatiske småord som har same uttale, men det er ikkje dei same.

Poenget med dette delkapitlet har vore å vise at *ta(ka)* har fått nye, meir grammatiske bruksområde både i norrønt og moderne norsk. Uavhengig av kor stor samanheng det er mellom den varianten eg har skildra for norrønt i kapittel 4.1.7 og den nye som er skildra her, "[vitner] begge konstruksjonene om at *taka* er blitt desemantisert og nærmest har fått funksjon som hjelpeverb allerede i de eldste bevarte tekstene på nordisk språk." (Vannebo 2003:270)

5.5 Setningar som objekt – med determinativ

For leddsetningsobjekt som er utfylling til determinativ, er forholda på mange måtar dei same som ved subjekt. Hovudforskjellen er naturleg nok kor argumenta blir genererte, og også kor determinativet står på overflata. Leddsetninga vil eg som elles rekne som ekstraponert og determinativet *kan* topikaliserast, men det kan også gjerne stå i baseposisjonen [komp VP], den vanlege objektposisjonen i norsk. Som dette var det også i norrønt: (Omsettinga er gjort nokså direkte og uavhengig av semantikk for å vise at forholda er dei same *syntaktisk*.)

(188)*þat vitum vér at dómendr skulo sitja* (jf. (150) i 4.2)

(189)*Dagr fann þat til íþróttu sér at hann myndi sjá kost ok lǫst á manni..* (jf. (160) i 4.2)

(190)*at ek hefi gǫrt þat at brenna innin fyrir þeim* (jf. (168) i 4.2)

(191) *Det* veit vi, *at dommaren skulle sitte*.

(192) Dag fann *det* til si ferdigheit *at han kunne sjå gode og dårlege sider ved folk*.

(193) at eg har gjort (sørge for) *det å brenne dei inne*

Det er topikalisert i (191), og som eit utgangspunkt kan ein seie at *det* står i [komp VP] i (192) og (193). Men som vist for norrønt i 4.2, er *det* i mange tilfelle vanskeleg å vite kor determinativet eigentleg er plassert. Som vi skal sjå lenger ned, kan *det* i norsk også flytte inn i midten av setninga (objektframflytting), når hovudverbet er finitt. Men nettopp når verbet er finitt, som til dømes i (192), kan vi ofte ikkje sjå om *det* står i [komp VP] eller om *det* er flytta lenger fram. Normalt skal ikkje DP-ar kunne ekstraponerast i norsk, men vi kan ikkje sjå på overflata om *det* er ekstraponert saman med leddsetninga eller ikkje i døme som (193). Eg kjem tilbake til alle desse problemstillingane utover i kapitlet.

Verb som kan ta leddsetning aleine som objekt, kan oftast også ta leddsetning med determinativ som objekt:

(194) Han har sagt *det at viss eg har lyst, så er det greitt*.

(195) Dei har lova meg *det at eg skal få ny sykkel*.

(196) Eg likar *det å pynte meg*.

Det ser dessutan ut til at nokre fleire verb kan ta leddsetning som objekt når dei er ein del av ein DP, til dømes *kunne* (i fleire dialektar) og *gjere*:

(197) Me kan *det å ha det fint*.

(198) Nei han gjorde *det å klatre til topps*. (Google, 18.10.07)

Så langt er det klart at finitte og infinitte leddsetningar kan fungere som objekt på denne måten, sjølv om setningane oftast blir litt tunge. Men som i norrønt, og som for norske *subjekt*, er det litt vanskelegare å sette *spørjesetningar* som utfylling til determinativ:

(199)[?] Ho bestemmer *det om det blir møte*.

(200)[?] *Det* bestemmer ho, *om det blir møte*.

(201)*Eg visste *det kva vi skulle gjere*.

(202)^{??} *Det* visste eg, *kva vi skulle gjere*.

I dette kapitlet vil dei fleste tema krinse rundt ein diskusjon av korleis ledda er plasserte i strukturen. Eg vil starte med å skissere ein del av dette i 5.5.1, men diskusjonen vil halde fram også i kapitlet om objektframflytting (5.5.2), formelt objekt (5.5.3) og i eit avsnitt om usynleg dislokerte frasar (5.5.4). Kapittel 5.5.5 og 5.5.6 skildrar kort korleis leddsetningsobjekt kan vere utfylling til andre determinativ, og til substantiv, samanlikna med norrønt.

5.5.1 Plassering av ledd i overflatestrukturen

Topikalisering av objekt

Som nemnt kan *det* topikaliseras:

(203) *Det* har dei lova meg, *at eg skal få ny sykkel*.

(204) *Det* har eg alltid lika, *å pynte meg til fest*.

Ein kan rekne med at determinativet og leddsetninga blir genererte saman, og deretter topikaliserte saman, før leddsetninga blir ekstraponert. Men eg vil seie at leddsetninga høyrer mindre til i oversetninga semantisk når ho er skilt frå determinativet som her, iallfall mindre enn når dei står inntil kvarandre på overflata. Eg vil legge same basestruktur til grunn for (195) og (203), og det er sannsynleg at leddsetninga står på same stad i dei to overflatestrukturane, men semantisk sett kunne det vere riktigare å omtale leddsetningane som *dislokerte* i (203) og (204), og i (200) og (202). (Sjå diskusjonen i 5.2.2.)

Heile objektet kan også topikaliseras saman, enten med determinativet fyrst (205), eller med leddsetninga venstredislokert og determinativet i [spes CP] (206):

(205) *Det å pynte meg til fest* har eg alltid lika.

(206) *At eg skal få ny sykkel, det* har dei lova meg.

Leddsetninga kan ikkje topikaliseras aleine med *det* ståande igjen:

(207)**Å pynte meg til fest* har eg alltid lika *det*.

I det norrøne materialet eg har gått gjennom, ser det ikkje ut til å finnast døme på topikalisering av leddsetningar i det heile, men topikalisering av determinativet er relativt vanleg også når det er objekt.

Leddsetning i [komp VP]

Som vist i førre delkapittel er det svært vanskeleg, kanskje umuleg, å finne døme som viser sikkert at leddsetningar kan stå igjen i [komp VP]:

(208) Han har sagt *det at han skal dø* mange gonger.

(209) Ho har kunna *det å måle akvarell* i eitt år.

Problemet er som sagt at ein lyttar/lesar gjerne fyrst vil tolke det adverbiale leddet som ein del av leddsetninga, sjølv om det blir nokså usannsynleg semantikk av det. Dette er nettopp fordi vi er så vant til at leddsetningar alltid står til slutt. Eg vil likevel seie det er litt lettare å tolke riktig når leddsetningane er utfylling til determinativ, enn når dei står aleine.

Her er det dessutan ikkje betre å flytte objektet forbi adverbialledda, heller verre:

(210)?? Han har sagt mange gonger *det at han skal dø*.

(211)?? Ho har kunna i eitt år *det å måle akvarell*.

Slik sett har vi klarare døme enn nokon gong på at leddsetningar kan stå i [komp VP], iallfall på at det i nokre tilfelle kan vere betre enn å ekstraponere dei. Dessutan viser dette også at det er problematisk å ekstraponere determinativog leddsetning saman, og dét stemmer med den generelle regelen om at DP-ar ikkje skal kunne ekstraponerast i moderne norsk.

5.5.2 Objektframflytting

Vi har sett tidlegare at objektframflytting ('object shift') er vanleg i norrønt:

(212) konungr hafði *þat* enn i ráðagørð sinni at leggja niðr konungstígn.. (jf. (111) i 4.2)

(213) skulum vér *því* treystask at vér høfum réttara at mæla enn bóndr (jf. (117) i 4.2)

I norrønt kunne alle enkle DP-objekt flytte fram slik, i alle typar setningar (jf. 2.2.7 og 4.2).

I norsk gjeld dette bare trykkelette pronomen, bare i setningar med hovudsetningsstruktur, og bare når hovudverbet i setninga er finitt (jf. 2.2.7):

(214) Dei lova *det* ikkje. Dei lova *meg det* ikkje. *Dei lova *det meg* ikkje.

(215) *om dei lova *det* ikkje.

(216) *Dei hadde *det* ikkje lova.


Objektframflytting kan altså ikkje skje over eit verb, det skjer bare når hovudverbet står i C. Det kan heller ikkje skje over eit anna nominal: Indirekte objekt kjem føre direkte objekt, slik dei også gjer i basestrukturen, sjølv om begge er trykklette og flyttar fram. Under desse føresetnadane kan trykklette *det* som hører til leddsetningsobjekt flytte fram også i norsk:

(217) Han fortalte *det* ikkje på jobben *at han skulle flytte*.

(218) Ho overlét *det* ikkje til mannen sin *å kjøpe julegåver*.

(219) Dei undersøkte *det* med ein gong *om boka var å få tak i*.

Som vist i 2.2.7 reknar eg objektframflytting som venstreadjungering til TP – dei trykklette ledda står framfor setningsadverbialet. *Det* blir altså generert i [komp VP], men flytta fram og venstreadjungert til TP, ovanfor *ikkje* som også er venstreadjungert til TP. Vi må rekne med at leddsetningane flyttar med opp før dei blir ekstraponerte. I døma over kan vi også sjå klart at leddsetningane har flytta, fordi dei står etter preposisjonsfrasar som i moderne norsk må vere høgreadjungerte til VP. Her er alle flyttingane vist med projeksjonen for (218):



For at det skal vere muleg å flytte fram determinativet på denne måten, må det altså vere trykklett. Dersom det ikkje er andre ledd i setninga enn subjekt, verbal og leddsetningsobjekt med determinativ (pluss eventuelt eit SA), verkar det som om determinativet vanskeleg kan vere trykklett, og dermed ikkje kan flytte fram:

(220)*Han fortalte *det* ikkje at han skulle flytte.

(221)Ho likar *det* å kjøpe julegåver.

For å få ordrekkefølga i (220) må *det* vere trykklett, men eg vil seie at *det* ikkje kan vere trykklett i ei slik setning, og dermed blir setninga ugrammatisk. I (221) kan vi ikkje sjå om *det* har flytta frå [komp VP] eller ikkje. Setninga er ikkje grammatisk dersom *det* er trykklett (og dermed flytta fram og venstreadjungert til TP). Derimot er det ei god setning dersom *det* er trykksterkt og står igjen i baseposisjonen.

Det blir ikkje betre om det også er eit framflytta indirekte objekt i setninga:

(222)*Han fortalte *meg det* ikkje at han skulle flytte.

(223)Han fortalte *meg* ikkje *det* at han skulle flytte.

Det ser altså ut til at det i praksis *må* vere eit adverbialledd høgreadjungert til VP i oversetninga for at determinativkjernen for ei leddsetning skal kunne bli objektframflytta. Det må vere eit trykk tungt ledd, helst med ny informasjon, mellom dei to delane av objektet dersom *det* skal kunne venstreadjungerast til TP. Det ser ikkje ut til å vere eit slikt krav for i norrønt.

Utover dette siste ser det ikkje ut til å ha skjedd andre endringar for objektframflytting av determinativkjernar enn dei større restriksjonane for objektframflytting generelt. Men det såg ut til at framflytta norrøne objekt i nokre tilfelle var venstreadjungerte til VP og stod etter setningsadverbialet. I norsk er dei alltid adjungerte til TP, framfor eventuelle SA.

5.5.3 Formelt objekt

Referansegrammatikken opererer med eit trykklett formelt *objekt* tilsvarande formelt subjekt (NRG:708ff, NRG:1020ff).²⁴ Dei skisserer i hovudsak fire variantar av dette:

1) Faste uttrykk som *Ha det bra, Ta det med ro*. Denne typen blir også nemnt i andre grammatikkar, til dømes Enger&Kristoffersen (2000:243)

2) Setningar der *det* høyrer til i ei småsetning: *Han hørte det banke i veggen. Han kjente det gå kaldt nedover ryggen på han.*

3) Omskriving av setningar med formelt subjekt: *Vi har det fint her* (jf. *Det er fint her*) eller *Jeg fant det merkelig at de fortsatt holdt på* (jf. *Det er merkelig at de fortsatt holder på.*)

4) Konstruksjonar der *det* står i ein vanleg objektsposisjon, medan ei leddsetning som er objekt er flytta til slutt i setninga. I slike tilfelle reknar dei *det* som formelt objekt, og leddsetninga som *eigentleg objekt*.²⁵ Dette viser dei blant anna desse døma på:

(224) Du må fortelje *det* til kollegene dine *at du skal reise bort*. (NRG 708)

(225) Jon overlét *det* til Kari å vaske opp. (NRG 1025)

(226) Eg skal undersøkje *det* med ein gong *om boka framleis er å få* (NRG 1025)

I type 1) må *det* kunne kallast eit formelt objekt. *Det* er her obligatorisk, det er det einaste objektet i setninga, og det har ingen semantikk. Det blir generert i [komp VP] og får kasus der. Sannsynlegvis må ein også rekne med at det får rolle der, for både *ta* og *ha* har interne roller dei må gi ut. Dette er i så fall ikkje eit prototypisk ekspletiv, men sidan det er obligatorisk og manglar semantikk, kunne ein likevel kalle det formelt objekt.

For type 2) kan ein seie at *det* er objekt for *høre* og *kjenne*, men det er også formelt subjekt i småsetningane. Det står i [spes VP] for *banke* og *gå*. (Sjå analyse i 2.3.5.) Trykklett *det* er altså generert som formelt subjekt, og det er samtidig på mange måtar eit objekt, men det er ikkje formelt objekt.

Det same gjeld for konstruksjonar av type 3). Her er også ledda etter det finitte verbet i oversetninga småsetningar, men desse er AP-ar, ikkje VP-ar. *Det* er eit formelt subjekt som står i [spes AP] for kjernane *fint* og *merkeleg*, samtidig som det er objekt for *ha* og *finne*. Igjen er det trykklette *det* altså formelt subjekt, og det fungerer også som objekt, men det er ikkje eit formelt objekt.

²⁴ Det same gjer Svein Lie i *Innføring i norsk syntaks* (Lie 1998:89).

²⁵ Men dei brukar termen *potensielt objekt* (tilsvarande potensielt subjekt).

Setningar av type 4), (224)-(226), burde kunne fått ein analyse nokså tilsvarende den eg i 5.3 gav til setningar med *det* og leddsetning som formelt og eigentleg subjekt. Men dersom *det* ikkje skal genererast saman med leddsetninga, blir det nå ikkje plass til *det* i strukturen.

Som nemnt i 5.3 løyser Åfarli dette ved å seie at leddsetninga ikkje legg igjen spor der ho blir generert (1997:132). Dette meiner eg som sagt ikkje held mål. Det er eit svært grunnleggande prinsipp at flytta ledd legg igjen spor der dei flyttar frå. Skal ein sette *det* inn i [komp VP] aleine, er einaste mulegheit at leddsetninga blir generert i ekstraposisjon, og i så fall blir det vanskeleg å kalle ho eit objekt. Argumentasjonen til Åfarli gjeng dessutan i ring:

”[D]ette er også grunnen til at vi må rekne med at ekstraposering ikkje etterlèt spor, men berre ein tom posisjon. *Det*-innsetting kan aldri skje i ein posisjon der det er eit spor.”
(Åfarli 1997:132-133)

Leddsetninga skal altså ikkje ha lagt att spor **fordi** *det* er sett inn. Det forklarar iallfall ikkje **kvifor** *det* er sett inn. Dette ”formelle objektet” har heller ingen grunn til å bli sett inn. (224)-(226) er grammatiske også utan *det*, dei er til og med betre utan:

(227) Du må fortelje til kollegene dine *at du skal reise bort*.


(228) Jon har overlata til Kari *å vaske opp*.

(229) Eg skal undersøkje med ein gong *om boka framleis er å få*.

Dersom *det* ikkje er obligatorisk, er det ikkje eit ekspletiv.

Desse setningane har dessutan allereie eit objekt, leddsetningane. Slik var det også for mange av døma eg viste med formelt subjekt. Setningane hadde eit subjekt, så *det* trong ikkje å bli sett inn i [spes VP]. Men leddsetningane blei også der ekstraposerte, og kravet i norsk om at [spes AgrP] eller [spes CP] må vere fylt på overflata med eit uttalt ledd, gjorde at eit ekspletiv, eit formelt subjekt, måtte nyttast. Derimot er det ikkje noko krav i norsk om at [komp VP] må vere fylt. Det har vi sett døme på i 5.4, og det ser vi også i (227)-(229).

Derfor vil eg seie at det ikkje finst noko generelt formelt objekt i norsk, det eksisterer bare i nokre ganske få faste uttrykk av type 1) vist lenger oppe. Setningane med *det* og leddsetning, type 4), har same analyse som setningar vist tidlegare i dette kapitlet, den same som i norrønt. Determinativ og leddsetning blir basegenerert saman, det kan eventuelt også skje ei objektframflytting, dersom *det* er trykklett, og deretter blir leddsetninga ekstraposert. Er hovud verbet infinitiv, står som sagt *det* att i [komp VP]. Her dette vist for døme (224):



Sannsynlegvis blir determinativ i konstruksjonar som dette brukt mest som diskurspartiklar i talespråk. I skriftspråk er dei kanskje ein analogi til tilsvarende setningar med formelt subjekt.

5.5.4 Dislokerte frasar som står saman i synleg syntaks

På dei aller fleste nivå i denne oppgåva har eg rekna med at det vanlege både i norrønt og norsk er å ekstraponere leddsetningsargument. Som sagt er det vanskeleg å finne døme som viser eintydig at ei leddsetning kan stå i [komp VP], men det er mange døme som viser klart at determinativet flyttar. Sidan ein må rekne med at kjernen i ein frase ikkje kan flytte frå utfyllinga aleine, er det klart at leddsetninga flyttar ut frå [komp VP] i mange tilfelle, og totalt sett kan ein eigentleg ikkje anna enn å rekne med at leddsetninga alltid er ekstraponert så lenge ikkje det motsette er bevist. Men – semantisk sett verkar det merkeleg å rekne med dislokerte frasar når det ser ut som om ledda står saman:

(230) Han merkar *det at ho er snillare enn før*.

(231) Eg likar *det å pynte meg til fest*.

Det burde vore muleg å seie at heile objektet her står saman i [komp VP]. Ser ein på døme som dette heilt isolert, er det ingen grunn til å rekne med flytting av noko slag. Problemet er at det er umuleg å bevise. Med ein gong vi legg til andre ledd i ein slik struktur, vil *det* og leddsetninga svært ofte skilje lag, fordi *det* er lett og leddsetninga tung.

Dette viser at usynleg flytting er problematisk, spesielt når to ledd som hører til same frase skal reknast som separerte sjølv om dei framleis står inntil kvarandre i synleg syntaks. Men viss det nå er slik at leddsetningar så godt som alltid blir ekstraponerte, og eventuelle determinativkjernar for desse så godt som aldri blir det, finst det iallfall ei veldig klar mulegheit for reanalyse her: I svært mange døme med leddsetning og determinativ som objekt vil det både semantisk og syntaktisk verke som om dei står saman.

Eg vil seie at det ikkje er muleg å seie sikkert korleis tilstanden eigentleg er for dei to delane av objektet i (230) og (231), utan at ein går djupare inn i både generell språkpsykologi og meir internteoretisk vurdering av fenomenet eller omgrepet usynleg flytting.

5.5.5 Andre ord og andre bøyingsformer enn *det*

Ingen determinativ blir kasusbøygde i moderne norsk, så eit eige avsnitt om kasus er naturleg nok ikkje aktuelt her. Som vist i 5.2 om subjekt, kan heller ikkje *hitt/hin* eller *så* vere argument saman med leddsetningar i moderne norsk. Det ser heller ikkje ut til at *den*, *denne* eller *desseldisse* kan ta ei leddsetning som komplement utan at leddsetninga allereie er utfylling til eit substantiv. Døme med substantiv kjem i 5.5.6.

Derimot kan leddsetningar i norsk gjerne vere argument saman med *dette*, og eg vil også meine at ein kan sjå på ledd innleidde med *slik at* og *sånn at* som objekt i visse tilfelle.

Dette

I praksis er nok *dette* mykje sjeldnare brukt enn *det*, men det fungerer like fint:

(232) Eg likar ikkje *dette at du har begynt å komme for seint*.

(233) Ho har alltid kunna *dette å måle akvarell*.

(234) Han undersøkte *dette om vi kan få pengane tilbake*.

(235)*Dei fortalte enda ein gong *dette kva som hadde gått gale*.

Forskjellen er at leddsetningar i større grad må innehalde kjent informasjon når dei står til *dette* (jf. NRG:1014). Igjen ser vi det er problematisk med determinativ inntil ei spørjesetning.

Dette kan også topikaliserast, aleine eller saman med leddsetninga:

(236) *Dette* likar eg ikkje, *at du har begynt å komme for seint*.

(237) *Dette å måle akvarell* har ho alltid kunna.

Dette som kjerne for leddsetningsargument verkar på same måte som eit trykksterkt *det*. At *dette* ikkje er trykklett, fører mellom anna til at det ikkje kan gjennomgå objektframflytting:

(238)*Ho overlét *dette* ikkje til mannen sin å *kjøpe julegåver*.

(239)*Eg likar *dette* ikkje noko betre *at du har begynt å komme for seint*.

Slik/sånn

Slik og *sånn* kan heilt klart ta finitte leddsetningar som utfylling og fungere *adverbialt*:

(240) Dei gjorde jobben *slik at huset skal kunne tåle vår og vind*.

(241) Eg skriv mykje kvar dag *sånn at eg skal bli ferdig til fristen*.

Tilsvarende ledd kan også fungere som predikativ:

(242) Livet er ganske enkelt *slik at det går opp og ned*.

(243) Denne filmen er *sånn at eg bare begynner å grine*.

Det bør også vurderast om ein kan rekne dei som interne argument i setningar som dette:

(244) Han gjorde *slik at eg fekk vondt*. (tilsv. Han gjorde *slik*.)

(245) Du gjorde *sånn at det blei bra igjen*. (tilsv. Du gjorde *sånn*.)

Dersom ein reknar med eit underforstått objekt for *gjorde*, over sjølve handlinga som må ha blitt utført for at det skal bli vondt eller bra igjen, er *slik at-/sånn at*-setningane *adverbial*.

Men dersom ein vil seie at verbet *gjere* må ha eit uttalt direkte objekt, og samtidig meiner at (244) og (245) er grammatiske, må ein rekne sisteledda her som interne argument genererte i [komp VP]. I så fall er det muleg for *slik* og *sånn*, som på mange måtar kan tilsvare det norrøne *svá*, å vere kjerne i eit objekt med leddsetningsutfylling.

5.5.6 Leddsetning som utfylling til substantiv

Som sagt tidlegare, vil ikkje utfylling til substantiv ha hovudfokus i denne oppgåva. Her vil eg bare kort skildre korleis det generelle syntaktiske mønsteret er.

Substantiva må ha bestemt form eller stå saman med eit determinativ:

(246) Nostradamus forkynte *spådommen at jorda skal gå under*.

(247) Han kan *kunsten å tenke negativt*.

(248) Vi må løyse *det/dette problemet at pengane bare forsvinn*.

(249) Det er viktig å ha *den/denne evna å kunne lytte til andre*.

(250) Han hadde alltid *desse tankane at vi er aleine i universet*.

Som vi ser kan her også formene *den, denne og desse* nyttast.²⁶

Igjen er det spesielt vanskeleg å sette kv-setningar som komplement i ein determinativfrase. Og i ytringar med *om* må *om* oftast analyserast som preposisjon:

(251)*Han stiller *spørsmålet kvifor vi må gå*.

(252)[?]Dei mislikar *spørsmåla om det ikkje allereie er for seint*.

(253) Trur du på *desse påstandane om at systemet er korrump?*

(254) Han stiller *spørsmålet om kvifor vi må gå*.

I NRG finst lister over vanlege substantiv som kan ta leddsetningar som utfylling (s. 1011).

Plassering av ledda

Heile objektet kan topikaliserast saman, eller determinativ og substantiv utan leddsetninga:

(255) *Kunsten å tenke negativt* kan han verkeleg.

(256) *Dette problemet* må vi løyse, *at pengane bare forsvinn*.

Substantivet kan ikkje topikaliserast aleine:

(257)**Kunsten* kan han verkeleg, *å tenke negativt*.

(258)**Problemet* må vi løyse, *det at pengane bare forsvinn*.

²⁶ DP-ane kan gjerne fyllast med andre ledd i tillegg, til dømes adjektiv: *dette frykteleg store problemet at, denne fine evna å*.

Det er også tvilsamt om determinativet kan topikaliserast med leddsetning og substantiv ståande igjen: (Og dersom det er grammatisk, er det sannsynlegvis dislokering.)

(259)^{??}*Det må vi løyse, problemet at pengane bare forsvinn.*

Når det gjeld den eksakte plasseringa av ledda i trestrukturen elles, viser eg til diskusjonane tidlegare i kapitlet. Men determinativ som er kjerne for substantiv med leddsetningsutfylling, kan ikkje flyttast ved objektframflytting:

(260)*Vi løyste *det* ikkje *problemet at pengane bare forsvinn.*

(261) jf. Vi likte *det* ikkje verken før eller nå *at pengane bare forsvinn.*

Det er ugrammatisk å ekstraponere heile DP-en:

(262)*Vi burde løyst i fjor *dette problemet at pengane bare forsvinn.*

Totalt sett er det her nokså stor endring frå norrønt. Substantivet kunne da også vere ubestemt. Dessutan var det mykje friare plassering av substantiv, determinativ og også eventuelle adjektiv som hørte til. Dette er sannsynlegvis mykje fordi det generelt var friare plassering av ledd innanfor same DP i norrønt. Det som er nytt, er at det i dag er muleg å topikalisere leddsetninga – i norrønt kom ho alltid til slutt.

5.5.7 Oppsummering

Det er ikkje lett å uttale seg om detaljert semantikk i norrønt, men det kan verke som det er nokså semantisk nøytralt med determinativ i denne bruken der. I norsk vil eg seie det er lett forsterkande eller framhevande, men iallfall i skrift er det nokså tungt. Konstruksjonen er sannsynlegvis nokså sjeldan i praksis. I dei fleste tilfelle er det betre å la leddsetningane stå som objekt aleine. Spesielt gjeld dette spørjesetningar innleidde med kv-ord. Det var sjeldan i norrønt også, men det finst nokre få døme på at slike leddsetningar står saman med determinativ, så det er sannsynleg at det var grammatisk. Det er vanskeleg å seie kor mykje vanlegare konstruksjonen generelt er i norrønt, men som nemnt i kapittel 4 er det muleg at eit determinativ der gjerne blir tatt med fordi ein ønskjer å kunne kasusbøye objektet.

I norsk er dette dei mulege plasseringane for determinativ og leddsetning som objekt:

Determinativ: [spes CP] / venstreadjungert til TP / [komp VP]

Leddsetning: [spes CP] / i nokre få døme kanskje [komp VP] / høgreadjungert til CP

I norrønt ser det ikkje ut til at leddsetningar kan topikaliserast, men der kan determinativ ekstraponerast. Når DP-en inneheld eit substantiv i tillegg, er det litt større forskjellar på norrønt og norsk, i samsvar med at ledd har friare plassering også innanfor ein DP i norrønt, men utover dette er det ikkje så mange endringar i det store biletet. Den største endringa er dei strengare restriksjonane for objektframflytting.

Den vanlege ordrekkefølga i moderne norsk er også den vanlegaste i norrønt: Determinativet i [komp VP] eller venstreadjungert til TP, og leddsetninga i ekstraposisjon.

5.6 Konklusjon: Kva er endra i moderne norsk?

I kapittel 5 har vi sett at det på nokon punkt er nokså store syntaktiske endringar frå norrønt til i dag, medan forholda på andre område er svært like.

I avsnitta om leddsetningar som subjekt aleine, såg vi klart at det er muleg å topikalisere CP-ar i moderne norsk. Det er marginalt også muleg å sette dei i [spes AgrP], spesielt dersom [spes CP] ikkje kan fyllast. At det går heilt fint å topikalisere leddsetningar, er sannsynlegvis fordi det er relativt enkelt for ein lyttar/lesar å skilje ut eit tungt ledd så sant det bare står ytst i den eine eller andre enden av setninga. Når leddsetningar fungerer som subjekt aleine i norsk, *må* dei også topikaliserast, eventuelt settast i [spes AgrP], så sant ein ikkje skal nytte formelt subjekt. I moderne norsk har det komme eit nytt syntaktisk krav: [Spes AgrP] eller [spes CP] må vere fylt med eit uttalt ledd. Slik var det ikkje i norrønt.

Det ser ikkje ut til at det er muleg å topikalisere leddsetningar i norrønt. I alle døma i mitt materiale står dei til slutt. Det er vanskeleg å vite om det var absolutt, dette er ikkje så veldig frekvent i moderne norsk heller, men det er sikkert at det var større krav til informasjonsstrukturen i norrønt. Ny informasjon, men kanskje spesielt lange ledd, måtte i mykje større grad alltid komme til slutt da.

I dei aller fleste tilfelle var leddsetningssubjekt generert som del av ein DP i norrønt. Denne konstruksjonsmåten finst framleis; norske leddsetningar kan bli generert saman med determinativ og fungere som subjekt. Det vanlegaste er at determinativet er eit trykksterkt *det*, tilsvarande det norrøne *þat*. Men i moderne norsk har vi også fått ein ny syntaktisk funksjon.

Når *det* er trykklett, kan det i dag også vere formelt subjekt. Dette heng nettopp saman med kravet om at [spes AgrP] eller [spes CP] må vere fylt med eit uttalt ledd. *Pat* blei fyrst reanalysert som ekspletivt tema – når det kom inn eit topikaliseringskrav i norsk. Deretter blei determinativet reanalysert som ekspletivt subjekt etter kvart som subjektskravet blei absolutt.

I kapitlet om formelt subjekt viste eg at det i utgangspunktet blir plassproblem i X-bar-strukturen når formelt subjekt skal settast inn i setningar som allereie har eksternt argument. Men sidan leddsetningar ikkje treng kasus, kan desse flytte direkte frå [spes VP] til ekstra-posisjon. Dermed kan *det* settast inn i [spes TP], få kasus der, og deretter flytte vidare som subjekt. Dette er den umarkerte måten å lage ytringar med leddsetningar som subjekt på i dag.

Vi har også sett at ein del verb har blitt reanalyserte som inakkusative, til dømes *tar koma* i dag bare internt argument. I setningar med slike verb, og også i passivkonstruksjonar, er det gjerne formelt subjekt som blir sett inn for å fylle subjeksposisjonane. Eg meiner likevel at leddsetningsargument her vil flytte frå [komp VP], sjølv om ein ikkje kan sjå det på overflata. Hovudargumenta i den diskusjonen var at *der*-dialektar nyttar *det* og ikkje *der* i slike døme, og dei brukar elles bare *det* som formelt subjekt når det også er eit eigentleg subjekt i setninga.

Men leddsetningar kan også bli ståande att i [komp VP] i passivkonstruksjonar – dersom det heller er eit indirekte objekt i aktiv som blir subjekt i passiv. Dette er ikkje muleg i norrønt. Både her og i døme med verb som gir ut 'opplevar'-rolle, har enkle, personlege dativledd blitt reanalyserte som subjekt.

I kapitlet om leddsetningar som objekt aleine, viste eg at *ville* og *kunne* har blitt litt meir grammatikalisert enn dei var i norrønt. Endringa er nokså lita, men verba fungerer i litt større grad som hjelpeverb i dag. Også *ta(ka)* kan seiast å ha blitt grammatikalisert i ein bestemt konstruksjon, men det er mest semantisk.

Elles såg vi at det er vanskeleg å seie sikkert om enkle leddsetningar kan stå i [komp VP] i synleg syntaks med eit adverbialledd etter. Døma som kunne vist dette klart, var grammatiske syntaktisk, men ikkje semantisk: Vi tolkar automatisk adverbialleddet som ein del av leddsetninga, nettopp fordi vi er så vant til at leddsetningar står til slutt.

Leddsetningsobjekt kan også topikaliserast. Det ser ikkje ut til å vere muleg i norrønt, og det er normalt nokså markert i norsk også. Generelt sett bør det vere tunge ledd eller frasar med ny informasjon i slutten av ei setning dersom leddsetningar skal topikaliserast.

Leddsetning som objekt *med* determinativ var ikkje veldig vanleg i norrønt. I norsk vil eg seie er det er markert, og sannsynlegvis enda meir sjeldan. Hovuddiskusjonen i det kapitlet gjekk hovudsakleg på plasseringa av *det*. Objektframflytting av trykklette pronomen og determinativ skal skje i alle norske setningar med hovudverbet i C. Men det ser ut til å måtte vere eit adverbialledd mellom *det* og leddsetninga dersom det her skal kunne flytte fram slik.

Elles argumenterte eg for at vi ikkje har noko formelt objekt i norsk, utanom i nokre få faste uttrykk. Trykklett *det* kan vere formelt subjekt og samtidig vere akkusativleddet i ei småsetning, men i døme som blant anna NRG meiner inneheld ei leddsetning som eigentleg objekt og *det* som formelt objekt, er *det* aldri obligatorisk. Oversetningane er heller betre utan. Dermed kan ikkje *det* vere eit ekspletiv. Her er det altså framleis bare den gamle norrøne konstruksjonsmåten som er i bruk.

For leddsetningsobjekt er altså dei syntaktiske forholda lite endra. For leddsetningssubjekt har det skjedd store endringar i døme der leddsetningane blir basegenererte aleine. Dette er som følge av at vi i moderne norsk har både eit topikaliseringskrav og eit subjektskrav. [Spes AgrP] eller [spes CP] må i dag vere fylt med eit uttalt ledd i synleg syntaks.

6. Avslutning

Denne oppgåva har vist korleis nominale leddsetningar kan fungere som argument. I både norrønt og norsk er det vanlegast at leddsetningane på ein eller annan måte fungerer saman med eit determinativ når dei skal nyttast som subjekt. Men det ser ut til å vere betre utan determinativ når dei skal nyttast som objekt. Det er vanskeleg å seie heilt klart kvifor, men det er sannsynleg at det er nettopp fordi vi treng eit enkelt ledd som kan representere subjektet framme i setninga, sidan leddsetningar helst vil bli ekstraponert. For objekt er derimot ikkje dette nødvendig; objekt kjem veldig ofte sist i ei setning uansett.

Det er skrive lite om ekstraposisjon i litteraturen, og for norsk er det også lite å finne om leddsetningar som argument reint generelt. Formelt subjekt er det mange som har vore interesserte i, men det er få som har gjort analysar av formelt subjekt i setningar med ekstraponerte eigentlege subjekt. På desse områda håpar eg å ha ført forskinga litt vidare.

Undervegs har det vist seg at det ofte er vanskeleg å seie noko sikkert med ein X-bar-struktur for eit språk med nokså fri ordstilling. Spesielt gjeld dette den nedre delen av eit syntaktisk tre. Adverbialledd kan plasserast på mange ulike måtar i norrønt, og i mange tilfelle har eg ikkje komme fram til klare svar, nettopp på grunn av dette. Ei anna teoretisk problemstilling eg har prøva å trekke fram, er omgrepet usynleg flytting i samband med diskontinuerlege frasar. Når ei setning har mange ledd, er det gjerne lett å sjå kva plassering alle ledda har i den strukturen som ligg til grunn for synleg syntaks. Desse plasseringane må vi så bruke som argumentasjon for å skildre korleis tilsvarande ledd står i setningar med få ledd. Dette blir problematisk når vi må seie at ein frase er splitta i to eller tre delar, og det likevel verkar som om frasen er heil på overflata. Det er vanskeleg å argumentere for diskontinuerlege frasar når semantikken talar i mot. Dette problemet har eg langt ifrå løyst.

Det vi har sett klarast i denne oppgåva, er at krav til informasjonsstruktur i svært stor grad kan påverke den generelle syntaksen i eit språk. Norrønt og moderne norsk høyrer til to ulike språkkategoriar, men dei har oppført seg svært likt på mange område her. Dette er nettopp fordi dei har nokså like krav til informasjonsstruktur: Kjent informasjon og enkle ledd skal komme tidleg. Ukjent informasjon og tunge ledd skal komme til slutt. Vi har sett at desse krava er sterkare i norrønt, som har nokså fri ordstilling, men det er også klart at umarkert syntaktisk struktur og god informasjonsstruktur svært ofte stemmer overens også i norsk. Dette er nettopp fordi desse to sidene av syntaksen, og også det basegenererte nivået, alltid vil arbeide saman eller påverke kvarandre i den konstante utviklinga av eit språk.

Referanseliste

- Andersson, Lars-Gunnar. 1975. *Form and function of subordinate clauses*. Univ. i Gøteborg.
- Diplomatarium Norvegicum: www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html
- Enger, Hans Olav og Kristian E. Kristoffersen. 2000. *Innføring i norsk grammatikk: morfologi og syntaks*. Landslaget for norskundervisning.
- Faarlund, Jan Terje. 1976. "Sentential Subject and Adjectival Predicate in Norwegian" i *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap (Norwegian Journal of Linguistics)* 1976:1, s. 13-24
- Faarlund, Jan Terje. 1990. *Syntactic change. Toward a Theory of Historical Syntax*. Mouton de Gruyter (Trends in Linguistics).
- Faarlund, Jan Terje. 1992. *Norsk syntaks i funksjonelt perspektiv*. Universitetsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje. 2000. "Reanalysis in word order stability and change" i *Stability, variation and change of word-order patterns over time*. Ed.: Rosanna Sornicola, Erich Poppe and Ariel Shisha-Halevy. John Benjamins.
- Faarlund, Jan Terje. 2001a. "The grammaticalization of movement. Word order change in Nordic" i *Historical Linguistics 2001*. Ed.: Barry J. Blake & Kate Burridge.
- Faarlund, Jan Terje. 2001b. "Grammatikalisering av ordstilling" i Moen et al. 2001: *MONS 9: utvalgte artikler fra det niende møtet om norsk språk i Oslo 2001*. Novus
- Faarlund, Jan Terje (ed.). 2003. *Språk i endring*. Novus forlag.
- Faarlund, Jan Terje. 2004. *The Syntax of Old Norse*. Oxford.
- Faarlund, Jan Terje. 2005. *Revolusjon i lingvistikken. Noam Chomskys språkteori*. Samlaget.
- Faarlund, Jan Terje. 2007. "Parametrization and change in non-finite complementation" i *Diachronica* 24:1 (2007), s. 57-80
- Flaten, Gro. 1978. *Bruken av ekstraposisjon i et talemålsmateriale*. Hovudoppgåve UiO.
- Hansen, Erik. 1970. *Sprogiagttagelse*. København.
- Haugan, Jens. 2000. *Old Norse Word Order and Information Structure*. Dr. art.-avhandling NTNU.
- Haugen, Odd Einar. 1995. *Grunnbok i norrønt språk*. Gyldendal akademisk.
- Heggstad, L., F. Hødnebo og E. Simensen. 1997. *Norrøn ordbok*. Samlaget.

- Holmberg, Anders og Christer Platzack. 1995. *The Role of Inflection in Scandinavian Syntax*. Oxford.
- Hopper, Paul J. & Elizabeth Traugott. 2003. *Grammaticalization*. Cambridge.
- Hrafnbjargarson, Gunnar Hrafn. 2004. *Oblique subjects and stylistic fronting*. Doktoravhandling Aarhus universitet.
- Jespersen, Otto. 1927. *A modern English grammar on historical principles*, vol. 3. London: Allen & Unwin.
- Indrebø, Gustav. 1966. *Gamal norsk homilieboek*. Universitetsforlaget.
- Jónsson, Finnur. 1979. *Óláfs saga ins helga*. Universitetsforlaget.
- Lie, Svein. 1998. *Innføring i norsk syntaks*. Universitetsforlaget.
- Lødrup, Helge. 2004. "Clausal complementation in Norwegian" i *Nordic Journal of Linguistics* 27.1 (2004), s. 61-95
- McCawley, N. A. 1976. "From OE/ME 'impersonal' to 'personal constructions: What is a subjectless S?" i S. B. Steever, C. A. Walker og S. S. Mufwene (red.) *Papers from the Parasession on Diachronic Syntax*. The Chicago Linguistic Society.
- NoTa: Norsk talespråkskorpus - Oslodelen, Tekstlaboratoriet, ILN, Universitetet i Oslo. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html>.
- NRG: Jan Terje Faarlund, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk Referansegrammatikk*. Universitetsforlaget.
- Nygaard, Marius. *Norrøn syntaks*. 1905. Aschehoug.
- Platzack, Christer. 1998. *Svenskans inre grammatik - det minimalistiska programmet : en introduktion till modern generativ grammatik*. Lund: Studentlitteratur.
- Spurkland, Terje. 1998. *Innføring i norrønt språk*. Universitetsforlaget.
- Vannebo, Kjell Ivar. 2003. "Ta og ro deg ned noen hakk. Pseudokoordinering med ta i et grammatikaliseringsspektiv" i Faarlund 2003.
- Åfarli, Tor A. 1997. *Syntaks. Setningsbygning i norsk*. Samlaget.
- Åfarli, Tor A. og Kristin M. Eide. 2003. *Norsk generativ syntaks*. Novus.
- Åfarli, Tor A. og Laila Sakshaug. 2006. *Grammatikk. Syntaks og morfologi med norsk i sentrum*. Samlaget.